



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Meld. St. 26

(2013–2014)

Melding til Stortinget

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med
andre land for 2014 og fisket etter avtalane
i 2012 og 2013





DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Meld. St. 26

(2013–2014)

Melding til Stortinget

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med
andre land for 2014 og fisket etter avtalane
i 2012 og 2013

Innhald

1	Samandrag	7	Del III	Bestandsvurdering, rådgjeving, tilstandsrapportar og langsiktige forvaltningsplanar	47
1.1	Innleiing	7			
1.2	Samandrag av kvoteavtalane for 2014, deltaking i fleirsidig fiskerisamarbeid og i regionale forvaltningsorganisasjonar	7	4	Bestandsvurdering, rådgjeving, tilstandsrapportar og langsiktige forvaltningsplanar .	49
Del I	Bakgrunn	11	4.1	Bestandsvurdering og rådgjeving	49
2	Overordna hovudlinjer i fiskerisamarbeidet med omverda	13	4.1.1	Bestandsvurdering	49
2.1	Noreg som havnasjon	13	4.1.2	Metodar for utrekning av bestandsstorleik	50
2.2	Det havrettslege rammeverket	13	4.1.3	Forvaltningsmålsettingar og rådgjeving	50
2.3	Internasjonale havmiljøprosessar	14	4.1.4	Rådgjeving frå Det internasjonale råd for havforskning (ICES)	53
2.4	Internasjonalt arbeid for rett til mat og matsikkerheit	16	4.2	Tilstandsrapportar og rådgjeving for dei viktigaste fiskebestandane i norske farvatn	54
2.5	Arbeid mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske og fiskerikriminalitet	16	4.2.1	Nordaut-arktisk torsk	54
2.5.1	Ulovleg, urapportert og uregulert fiske	17	4.2.2	Nordaut-arktisk hyse	56
2.5.2	Fiskerikriminalitet	19	4.2.3	Nordaut-arktisk sei	57
2.6	Regulering av utanlandsk fiske i norske jurisdiksjonsområde	20	4.2.4	Nordaut-arktisk blåkveite	58
2.7	Kontroll av fiske i norske jurisdiksjonsområde	21	4.2.5	Snabeluer i ICES-område I og II ...	62
2.8	Kontrollsamarbeid	22	4.2.6	Lodde i Barentshavet	64
Del II	Dei ulike fiskeriavtalane for 2014	25	4.2.7	Norsk vårgytande sild	65
3	Dei ulike fiskeriavtalane for 2014	27	4.2.8	Nordsjøsilde	67
3.1	Bakgrunn	27	4.2.9	Makrell	69
3.2	Det vitskaplege arbeidet som ligg til grunn for å fastsetje kvotar	27	4.2.10	Sei i Nordsjøen og vest av Skottland	72
3.3	Kvotavtalane for 2014	28	4.2.11	Torsk, hyse, kviting og raudspette i Nordsjøen	74
			4.2.12	Kolmule	79
			Del IV	Fisket etter avtalane i 2012 og 2013	83
			5	Fisket etter avtalane i 2012 og 2013	85
			5.1	Den felles forvaltninga	85
			5.2	Norsk utnytting av kvotar	85
			5.3	Utanlandsk utnytting av kvotar i norske havområde i 2012 og 2013	93

Forklaringar på forkortingar

ACOM	Advisory Committee on Fisheries Management/ICES sin rådgjevande komité for fiskeriforvaltning.
CCAMLR	Commision for the Conservation of Antarctic Marine Living Resources/ Kommissjonen for bevaring av levande marine ressursar i Antarktis. Konvensjonen vart vedteken i 1980 og gjort gjeldande frå 1982. CCAMLR vart oppretta i 1981 med Noreg som ein av grunnleggjarane.
COFI	The Committee on Fisheries/Fiskerikomiteen. FAO sin fiskerikomité etablert i 1965. Mellomstatleg forum der fiskeri og havbruk vert diskuterte.
FAO	Food and Agricultural Organization/FN sin matvareorganisasjon. FAO vart etablert i 1945 og Noreg vart medlem same år. Organisasjonen arbeider blant anna med å utvikle internasjonale retningslinjer innan alle delar av fiskerinæringa.
ICCAT	International Convention for the Conservation of Atlantic Tunas/ Den internasjonale konvensjonen for bevaring av atlantisk tunfisk. ICCAT vart oppretta i 1966 og gjort gjeldande frå 1969. Noreg har vore medlem sidan 2004.
ICES	International Council for the Exploration of the Sea/Det internasjonale råd for havforskning. ICES er ein uavhengig, vitskapleg organisasjon som gjev råd om forvaltninga av det marine miljøet og dei marine ressursane. Oppretta i Danmark i 1902. Noreg vart medlem same år.
IUCN	International Union for the Conservation of Nature/Verdas naturvernunion. Organisasjonen vart grunnlagd i 1948 og har til formål å bevare naturen og fremme ei berekraftig utnytting og bevaring av naturressursane. Noreg har vore medlem sidan 1970.
IMO	Den internasjonale sjøfartsorganisasjon vart oppretta i 1948. IMO er FN sitt spesialiserte kontor som er ansvarleg for å betre maritim sikkerheit og hindre forureining frå skip.
IWC	International Whaling Commission/Den internasjonale kvalfangstkommissjonen. IWC skal ta vare på oppgåvene til Konvensjonen for regulering av kvalfangst, ICRW. Oppretta i Washington DC i 1946. Noreg vart medlem i 1948.
MSY	Maximum Sustainable Yield/Maksimalt berekraftig utbytte.
NAMMCO	North Atlantic Marine Mammal Commission/Den nordatlantiske sjøpattedyrkommissjonen. Avtalen om samarbeid om forskning, bevaring og forvaltning av sjøpattedyr i Nord-Atlanteren vart inngått av Færøyane, Grønland, Island og Noreg i 1992.
NAFO	Northwest Atlantic Fisheries Organization/Den nordvestatlantiske fiskeriorganisasjonen. Oppretta i 1979, signert av Noreg same år.
NEAFC	North East Atlantic Fisheries Commission/Den nordaustatlantiske fiskerikommissjonen. NEAFC er ein regional fiskeriforvaltningsorganisasjon som arbeider for ei langsiktig og optimal utnytting av fiskeressursane i konvensjonsområdet. NEAFC vart oppretta i si noverande form i 1982.
OSPAR	The Convention for the Protection of the Marine Environment of the North-East Atlantic/ Konvensjonen om vern av havmiljøet i det nordaustlege atlantehavsområdet. Konvensjonen vart opna for signatur den 22. september 1992. OSPAR-konvensjonen vart gjeldande frå 25. mars 1998. Noreg underskreiv avtalen i 1992.
RFMO	Regional Fisheries Management Organisation / Ein regional fiskeriforvaltningsorganisasjon.
SEAFO	South East Atlantic Fisheries Organization/Den søraustatlantiske fiskeriorganisasjon. Etablert 20. april 2001, Noreg vart medlem i 2004. SEAFO er ein regional fiskeriorganisasjon som arbeider for langsiktig utnytting av ressursane.

SSB	Spawning Stock Biomass/Biomasse av gytebestanden.
TAC	Total Allowable Catch/totalkvote.
UUU	Ulovleg, urapportert og uregulert fiske.
WTO	World Trade Organisation/Verdas handelsorganisasjon. Arbeider for eit ope og ikkje-diskriminerande handelssystem samtidig som ein tek omsyn til miljøet. Noreg har vore medlem sidan opprettinga i 1995.



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Meld. St. 26

(2013–2014)

Melding til Stortinget

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2014 og fisket etter avtalane i 2012 og 2013

*Tilråding frå Nærings- og fiskeridepartementet 13. juni 2014,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Samandrag

1.1 Innleiing

Nærings- og fiskeridepartementet legg med dette fram ei melding til Stortinget om dei fiskeriavtalane Noreg har med andre land. Ei slik melding skal leggjast fram årleg. Meldinga vart første gong lagt fram i 1995. Vi viser i den samanheng til St.meld. nr. 49 (1994-95) om dei årlege fiskeriavtalane Noreg inngår med andre land. I denne meldinga la Fiskeridepartementet vekt på å gje ei omtale av det rammeverket som vart inngått i tilknytning til utvidinga av den norske økonomiske sona på 1970-talet, og som ligg til grunn for dei årlege kvoteforhandlingane. Desse avtalane er ikkje særskilt omtalte i denne meldinga.

Denne meldinga omtalar kvoteavtalane for 2014, og norsk deltaking i fleirsidig fiskerisamarbeid og i regionale forvaltningsorganisasjonar. Vi gjer vidare greie for bestandsutrekning, rådgjeving, tilstandsrapportar og langsiktige forvaltningsplanar for dei viktigaste bestandane som Noreg deler med andre land. Meldinga omtalar òg dei kontrolltiltaka som er sette i verk for å kontrol-

lere norsk og utanlandsk fiske på avtalte kvotar, i tillegg til kontrollsamarbeidet med andre land og tiltak mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske. Til sist gjev meldinga ei oversikt over i kva grad norske og utanlandske fiskarar utnytta kvotane sine i 2012 og 2013, og kva slags fartøygrupper som fiskar på dei kvotane Noreg har i sonene til andre land.

Kvoteavtalane for 2014 finst på Nærings- og fiskeridepartementet sine heimesider: <http://www.regjeringa.no/nfd>

1.2 Samandrag av kvoteavtalane for 2014, deltaking i fleirsidig fiskerisamarbeid og i regionale forvaltningsorganisasjonar

I fiskeriforhandlingane med Russland om ein kvoteavtale for 2014 har partane bestemt ein totalkvote for nordaust-arktisk torsk på 993 000 tonn, som er ein nedgang frå 2013. I tillegg vart det fastsett ein kvote på kysttorsk på 21 000 tonn. Partane

justerte i 2009 den etablerte forvaltningsstrategien ved at det er lagt inn ein mekanisme som skal sikre at kvotefastsetjinga òg tek høgd for periodar med sterk vekst og oppskrivning av bestanden. Det er sett av ein torskekvote til tredjeland på 138 530 tonn. Med overføring av ein del av den russiske kvoten til Noreg, er den samla norske kvoten av torsk nord for 62°N på 415 735 tonn. Som følgje av tilbakeføring av unytta tredjelandskvote på 15 000 tonn er den samla norske kvoten av torsk nord for 62°N 451 735 tonn, inklusive kysttorsk. Forskingskvoten på 7000 tonn er ikkje medrekna. I tillegg står det att 7 704 tonn torsk frå tredjelandskvoten som ikkje er fordelt.

Totalkvoten for hyse er fastsett til 178 500 for 2014. Dette er 21 500 tonn lågare enn i fjor. Den norske kvoten vert med dette på 84 115. I tillegg kjem hyse til forskings- og forvaltningsformål som i 2014 er på 4 000 tonn.

Det har vore ei hovudsak i samarbeidet mellom Noreg og Russland om forvaltning og kontroll i Barentshavet i 2013, som i 2012, å styrke kontrollen med uttak og omlasting av fisk i Barentshavet. I samband med forhandlingane om ein kvoteavtale for 2014 vart partane einige om å vidareføre arbeidet med å kjempe mot det ulovlege fisket i Barentshavet og Norskehavet, og vidareføre og implementere ei rekkje av dei tiltaka partane tidlegare har vore einige om. I 2009 avtalte partane felles maskevidde, og i 2010 kom partane fram til felles minstemål og prosedyrar og kriterium for stenging og opning av fiskefelt. Torskebestanden i nord er i svært god forfatning, og for 2012 og 2013 vart det ikkje registrert nokon fangst utover fastsette kvotar i Barentshavet. Partane vart samde om at spørsmål knytt til utkast av fisk og arbeidet med å lage retningslinjer for inspeksjon av fiskefartøy i Barentshavet og Norskehavet skal vidareførast i arbeidsgrupper.

I forhandlingane om ein kvoteavtale mellom Noreg og EU for 2014 vart kvoten på torsk i Nordsjøen sett til 27 799 tonn. Kvoten må sjåast i samanheng med arbeidet for å betre beskatningsmønsteret og redusere det reelle uttaket av torsk. I tråd med forvaltningsplanane er totalkvoten for hyse redusert til 38 289 tonn, medan seikvoten gjekk ned til 77 536 tonn. Bestanden av nordsjøild er i god forfatning. Totalkvoten er sett til 470 037 tonn, noko som inneber ein nedgang på 2 prosent frå 2013. Noreg har for 2014 òg inngått kvoteavtalar med EU om fisket i Skagerrak/Kattegat og om svensk fiske i den norske delen av Nordsjøen.

Noreg har vidare inngått ein tosidig kvoteavtale for 2014 med Grønland, og avtalen om kontrollsamarbeid er vidareført i 2014.

Det er for 2014 utveksla kvotar med Island i tråd med «Smottholavtalen» og den tilhøyrande tosidige avtalen.

Trepartsavtalen mellom Noreg, Island og Grønland om regulering av lodde i området mellom Island, Grønland og Jan Mayen er vidareført.

For første gong sidan 2010 er Noreg og Færøyane einige om ein bilateral avtale om fiskerisamarbeid og kvotebyte. Avtalen gjeld for 2014.

Det vart også i 2014 gjennomført fempartsforhandlingar om norsk vårgytande sild mellom Noreg, Island, Færøyane, EU og Russland. Færøyane ønskte ein større del av kvoten for 2014, og dei andre partane ville ikkje redusere sin del av totalkvoten til fordel for Færøyane. Partane klarte difor ikkje å verte samde om ein ny fempartsavtale. Det vart i staden inngått ein firepartsavtale, utan Færøyane, for 2014. Partane er likevel, saman med Færøyane, einige om å ta ein gjennomgang av sonetil høyrsel i 2014. Det er også underteikna ein kyststatsavtale for kolmule for 2014.

Det er gjennomført firepartforhandlingar om makrell, men partane greidde ikkje å verte samde, og det vart difor inngått ein trepartsavtale mellom Noreg, Færøyane og EU. Avtalen gjeld for fem år, og dei tre partane er einige om å halde fast på den relative fordelinga seg i mellom i avtaleperioden. Den gjensidige sonetilgangen som Noreg har hatt med EU vert vidareført i tillegg til at det er avtalt gjensidig sonetilgang mellom Noreg og Færøyane.

All forskning og nye data frå ICCAT sin vitenskapskomité viser at den negative utviklinga for makrellstørje er snudd, og at tilstanden er betre. ICCAT har fastsett totalkvote (TAC) på 13 500 tonn i tråd med råda frå vitenskapskomiteen. På bakgrunn av dette har Noreg opna for fangst av den norske kvoten på vel 30 tonn i 2014.

Partane i NEAFC (Den nordaustatlantiske fiskerikommisjonen) er ikkje einige om regulerings tiltak for fiske av uer verken i Irmingerhavet eller i Norskehavet i 2014.

Noreg har òg i 2013 delteke i ulike møte i globale og regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonar som CCAMLR (Konvensjonen for bevaring av levande marine ressursar i Antarktis), ICCAT (Den internasjonale konvensjonen for bevaring av atlantisk tunfisk) og SEAFO (Den søraustatlantiske fiskerierorganisasjon).

Noreg har òg i 2014 delteke i ulike møte i både IWC (Den internasjonale kvalfangstkommissjo-

nen) og i NAMMCO (Den nordatlantiske sjøpatte-
dyrkommissjonen).

Dei årlege forhandlingane Noreg fører med andre land er baserte på rådgjevinga frå ICES (Det internasjonale råd for havforskning). Rådgjevinga frå ICES vert utarbeidd av ICES sin rådgjevande komiteen for fiskeriforvaltning, ACOM. ACOM hentar inn vitenskapleg bakgrunnsmateriale frå medlemslanda og arbeidsgrupper i ICES, og gjev årlege råd om fangstmengder for dei viktigaste fiskeslagane i Nordaust-Atlanteren.

Vi har etablert langsiktige forvaltningsplanar for alle dei viktigaste fellesbestandane.

Noreg har i ei årrekke hatt særskilte kontrollavtalar med dei viktigaste samarbeidspartane i fiskerisektoren, mellom anna med Russland og EU-landa. Den siste avtalen vart inngått med Spania i januar i 2013. Dermed har Noreg på plass avtalar med alle land som har interesser i norske havområde.

Norske styresmakter har dei seinare åra innført ei rekke tiltak for å hindre ulovleg, urapportert og uregulert fiske. Eit sentralt tiltak har vore den såkalla «svartelistinga» av fartøy som har drive uønskt aktivitet i område utanfor norsk jurisdiksjon. Fartøy som har delteke i ulovleg, urapportert og uregulert fiske i internasjonalt farvatn vert nekta lisens i Noregs økonomiske sone. Desse fartøya kan nektast å føre norsk flagg under visse vilkår, og vi kan nekte dei å lande fangst i norske hamner.

Norsk hausting av kvotar

Dei norske fartøya har nytta kvoten på fellesbestandane torsk, hyse, blåkveite og lodde nord om 62°N godt i 2012 og 2013. Med unntak av reker nytta Noreg lite av sonetilgangen i russisk økonomiske sone i 2012 og 2013.

I Nordsjøen vart heile den norske kvoten av fellesbestanden sild hausta i 2012 og 2013. Torskekvote og seikvote vart også brukbart nytta begge åra.

I EU sitt farvatn vart den norske kolmulekvoten nytta godt. Norske linefartøy fiska ein god del av botnfiskkvotane av blålange, lange og brosme både i 2012 og 2013. Kvotane på sild, tobis og blåkveite vart òg godt nytta.

Det norske fisket i Skagerrak var i hovudsak konsentrert om reker i 2012 og 2013.

På grunn av usemje om makrellforvaltninga vart det ikkje inngått bilateral avtale mellom Noreg og Færøyane i 2011, 2012 og 2013. Det vart like fullt inngått kyststatsavtale om forvaltning av kolmule. I 2012 hadde Noreg høve til å fiske

16 302 tonn kolmule. I 2013 fekk norske fartøy ikkje tilgang til å fiske kolmule i færøysk sone, det vart grunngeve med at Noreg ikkje gav færøyske fartøy tilgang til å fiske makrell i Noregs økonomiske sone (NØS). I 2014 fekk Noreg igjen tilgang til å fiske kolmule i færøysk sone.

I 2012 og 2013 fiska norske fartøy kolmule i EU-sona, i internasjonalt farvatn og i NØS. Noreg kan overføre 10 prosent av den norske kyststatsdelen, inkludert ei overføring på 0,5 prosent frå EU.

Noreg utnytta botnfiskkvotane ved Island godt både i 2012 og 2013.

I 2012 fiska Noreg kvoten på norsk vårgytande sild i NØS, internasjonalt farvatn og ved Jan Mayen. I 2013 fiska Noreg kvoten i NØS og i internasjonalt farvatn.

I loddefisket ved Island, Grønland og Jan Mayen sesongen 2012/2013 var det ikkje grunnlag for å opne for eit sommarfiske. Dei norske fartøya fiska i januar og februar 2013, og kvoten vart godt utnytta. Heller ikkje sesongen 2012/2013 var det grunnlag for å opne for sommarfiske. Norske fartøy starta fisket i januar 2014, men fisket vart dårleg. Berre 6 fartøy fekk fangst, og dei fiska totalt 6 175 tonn.

Heller ikkje i 2012 og 2013 vart kyststatane samde om forvaltning av makrell. Noreg og EU vart difor einige om ein bilateral avtale om forvaltning av makrell desse åra. Frå og med 2011 er det innført kvotefleksibilitet over årsskiftet i fisket etter makrell.

Noreg utnytta torskekvote i NAFO (Den nordvestatlantiske fiskerierorganisasjonen) godt både i 2012 og 2013. Ingen fartøy fiska reker i området 3L i 2012 og 2013.

Utanlandsk hausting av kvotar

Når det gjeld forvaltninga av norsk vårgytande sild vart kyststatane i 2008 einige om å innføre kvotefleksibilitet over årsskiftet frå og med 2008. Det vart opna for å føre over inntil 10 prosent av ubrukt kvote til neste år. Det vart òg gjeve høve til å forskottere inntil 10 prosent på neste års kvote. Alt fiske utover kvote skal trekkjast frå kvoten neste år. Færøyane og Noreg var dei einaste landa som i 2011 og 2012 fiska på forskot på 2012- og 2013-kvoten. Noreg fiska 25 624 tonn på forskot i 2011 og 19 437 tonn på forskot i 2012. EU, Island og Russland overførte unytta kvantum til 2012 og 2013.

Russland utnytta 72 prosent av torskekvote i Noregs økonomiske sone (NØS) i 2012, i 2013 utnytta dei 99 prosent. Russland fiska 90 prosent

av hysekvoten sin i NØS i 2012, medan dei i 2013 hadde ei utnytting på 64 prosent. Dei fiska 103 451 tonn og 68 18 tonn norsk vårgytande sild i område under norsk jurisdiksjon i 2012 og 2013 (tabell 5.11 og 5.12).

Hovudtyngda av EU sitt fiske i Nordsjøen og i Skagerrak skjer på botnfiskartar (torsk, hyse, sei o.a.), sild, makrell, kviting, raudspette og tobis. Ifølgje offisiell fangststatistikk har EU i dei seinare åra hatt relativt god utnytting av torske- og seikvotane sine i Nordsjøen. Utnyttinga av dei fastsette kvotane i Skagerrak har òg vore gjennomgåande høg for EU.

Grønland utnytta torskekvotane godt i 2012 og 2013. Grønlandske fartøy fiska 680 tonn sei i 2012, og 972 tonn sei i 2013.

Island fiska 99 prosent av torskekvoten i NØS nord om 62°N i 2012 og 2013. Islandske fartøy fiska ikkje av sildekvoten nord om 62°N i 2012 og 2013. Island har dei siste åra fiska ein større del av silda i si eiga sone.

I hovudsak utnyttar Sverige dei bilaterale kvotane sine godt i norsk del av Nordsjøen. Fisket deira er i stor grad retta mot kvotane av torsk, sei, makrell, sild og reker.

Del I
Bakgrunn

2 Overordna hovudlinjer i fiskerisamarbeidet med omverda

2.1 Noreg som havnasjon

Som betydeleg havnasjon har Noreg eit stort ansvar for, og viktige interesser i, korleis det internasjonale samfunnet sitt forhold til bruk av havet utviklar seg. Dei viktigaste utfordringane er å få gjennomslag for føre-var-prinsippet, prinsippet om berekraftig bruk og økosystembasert forvaltning. Det er difor viktig for Noreg å ha ei internasjonal rolle som ivaretek våre interesser og vårt ansvar som havnasjon og kyststat på ein heilskapleg måte. Noreg har store og produktive havområde og betydeleg kunnskap om forvaltning av havmiljø og fiskeressursar. I botn for dette ligg at Noreg må medverke til berekraftig forvaltning av fiskeressursane internasjonalt.

Det er tre overordna mål som ligg til grunn for Noreg sin medverknad i dei ulike forhandlingsprosessar og internasjonale ressursforvaltningsfora.

- Å fremje norske prinsipp for forvaltning av levande marine ressursar, i første rekkje prinsippet om berekraftig forvaltning basert på best tilgjengeleg vitenskapleg kunnskap og prinsippet om økosystembasert forvaltning.
- Å sikre Noreg ein rettferdig del ved kvotefordeling av felles regulerte bestandar, i første rekkje basert på sonetilhøringsprinsippet.
- Å sikre tilfredsstillande kontroll og handheving innan dei forvaltningsregime som Noreg deltek i.

Denne regjeringa har lagt særleg stort vekt på to saker. For det første vil vi i denne meldinga gjere greie for kampen mot fiskerikriminalitet, ulovleg, urapportert og uregistrert fiske. Dette er ei sak departementet har arbeidd med i fleire år, og dette arbeidet vil halde fram. For det andre er det naturleg å omtale særskilt internasjonale havmiljøprosessar der Noreg etter kvart har fått ei sentral rolle.

2.2 Det havrettslege rammeverket

Ei erklæring frå regjeringa, dagsett 26. september 1974, presenterte hovudlinjene i fiskeripolitikken

framover. Ved opprettinga av dei økonomiske sonene i tråd med det nye havrettsregimet, ønskte regjeringa å medverke til at nyordningane i fiskerieria i verda ikkje skulle verke forstyrrende på forholdet til andre land. Den norske fiskeripolitikken skulle gjennomførast i kontakt med og ved forhandlingar med dei landa som vart påverka av dei norske utvidingstiltaka.

Regjeringa prøvde såleis å kome fram til ordningar med desse landa som bygde på byterelasjonar, nedtrapping av fiske over tid og ordningar som tok omsyn til særlege interesser og vilkår.

Ein omfattande del av norsk fiske skjer på bestandar som vi deler med andre land. Dette var bakgrunnen for at regjeringa forhandla fram rammeavtalar som gav fiskekvotar til dei landa som utvidinga av dei økonomiske sonene til 200 nautiske mil fekk verknad for. Rammeavtalane tok òg vare på tradisjonelle norske fiskeinteresser i dei økonomiske sonene til andre land.

Ved kgl. res. av 17. desember 1976 vart Noregs økonomiske sone på 200 nautiske mil oppretta med verknad frå 1. januar 1977. Vidare vart det ved kgl. res. av 3. juni 1977 oppretta ei fiskevernsona på 200 nautiske mil rundt Svalbard med verknad frå 15. juni 1977. Ved kgl. res. av 23. mai 1980 vart ei fiskerisone på 200 nautiske mil rundt Jan Mayen oppretta med verknad frå 29. mai 1980.

Etter FN sin havrettskonvensjon av 10. desember 1982 har kyststatane suverene rettar til å utnytte ressursane i havet innanfor dei økonomiske sonene. Dei kyststatane som deler ein eller fleire fiskebestandar skal samarbeide om regulering og vern av bestandane.

Utvidinga av nasjonal fiskerijurisdiksjon til 200 nautiske mil på slutten av 1970-talet førte såleis til ein overgang frå fleirsidige forhandlingar innan ramma av NEAFC, til forhandlingar mellom dei kyststatane som saman har suverene rettar til fiskebestandane. Dette inneber at såkalla tredjeland, som ikkje har kyststatsrettar i det aktuelle området, ikkje tek del i avgjerder om forvaltninga av bestandane slik dei gjorde tidlegare.

Kyststatane har ei plikt til å fremje ei forsvarleg ressursforvaltning som samstundes skal ta omsyn til dei økonomiske behova til kystbefolkninga. Nor-

ske styresmakter legg vekt på dette når den norske fiskeripolitikken vert utforma. I tråd med dette fører Noreg årleg tosidige og fleirsidige forhandlingar med ei rekkje land om forvaltning og vern av fiskebestandar, om gjensidig fangstløyve og fiskekvotar, og om ein-sidig løyve for fiskarar i nokre land til å fiske i dei norske 200 nautiske mil-sonene. Noreg har inngått ulike typar fiskerieravtalar som opnar for utanlandsk fiske i norske havområde. Noreg har mellom anna inngått avtalar om forvaltning av felles fiskebestandar og kvotebyte på eksklusive bestandar med Russland og EU og avtalar om gjensidige fangstrettar med Færøyane, Grønland og Island (for meir informasjon om rammeavtalane, sjå St.meld. nr. 49 (1994-95)).

Stortinget gav 11. juni 1996 samtykke til ratifikasjon av FN sin havrettskonvensjon av 10. desember 1982 og FN-konvensjonen av 4. desember 1995 om fiske på det opne hav, som supplerer havrettskonvensjonen. FN-avtalen om fiske på det opne hav forpliktar òg til samarbeid om forsvarleg forvaltning av vandrande og langt migrerande bestandar. Noreg har difor i aukande grad teke del i samarbeidet i ulike relevante internasjonale organisasjonar.

Noreg og Russland skreiv den 15. september 2010 under ein avtale om maritim avgrensing og samarbeid i Barentshavet og Polhavet. Avtalen betyr at det omfattande og gode norsk-russiske fiskerisamarbeidet vert vidareført. Avtalen regulerer òg samarbeid om utnytting av moglege grenseoverskridande petroleumsførekomstar i desse havområda. Avtalen tredde i kraft den 7. juli 2011.

Den 28. august 2009 vart det semje om ein tekst for ein global bindande avtale om hamnestiltak for å førebyggje, hindre og eliminere ulovleg, urapportert og uregulert fiske (UUU-fiske). Generalforsamlinga i FAO vedtok avtalen 22. november 2009, og Noreg skreiv under avtalen same dagen. Avtalen trer i kraft når 25 statar har slutta seg til. Forslag til vedtak om samtykke til ratifikasjon av avtalen vart fremma for Stortinget i Prop 54 S (2010–2011), og vedteke 26. april 2011.

I februar 2013 vart det semje om globale retningslinjer for flaggstatsansvar under FAO. Retningslinjene er forhandla fram gjennom tre tekniske konsultasjonar under FAOs fiskerikomité (COFI), og skal leggjast fram for tilslutnad på neste sesjon i COFI. Retningslinjene inneheld kriterium for evaluering av flaggstaten, som mellom anna omfattar krav om at flaggstaten har implementert bindande internasjonalt regelverk og hindrar eigne fartøy frå å delta i UUU-verksemnd.

2.3 Internasjonale havmiljøprosessar

Havmiljøprosessar generelt


Som havnasjon er Noreg eit føregangsland innanfor forvaltning av marine ressursar. Denne posisjonen blir nytta internasjonalt til å bistå andre land, men også til å ta vare på egne interesser. Utfordringane består mellom anna i å få gjennomslag for grunnleggjande forvaltningsprinsipp som vart vedtekne på utviklingstoppmøtet i Rio i 1992 og Johannesburg i 2002. Dei omfattar mellom anna innarbeiding av føre-var-prinsippet, prinsippa om berekraftig bruk og ei økosystembasert forvaltning. Prinsippa vart på nytt stadfesta i deklarasjonen frå det siste utviklingstoppmøtet i Rio i 2012 (Rio+20 – The Future We Want).

Rammeverket for internasjonalt samarbeid om havspørsmål ligg til FN sin havrettskonvensjon frå 1982. Konvensjonen gjev kyststatane suverene rettar over naturressursane innanfor ei økonomisk sone.

Hovudtrekka i fiskeriregimet er at kyststaten har kontroll over ressursane innanfor den økonomiske sona, og at desse rettane er balanserte av plikter til å bruke og forvalte ressursane på optimalt vis. I tillegg skal statane søkje å samarbeide om forvaltninga av bestandar som er delt mellom fleire lands soner. Eit veksande fiske på det opne havet på 1980-talet viste at regimet ikkje var konkret nok til at ein kunne få til dekkjande reguleringar av verksemda utanfor 200 nautiske mil-sonene.

Dette førde til at FN-konferansen for miljø og utvikling i 1992 (UNCED) oppmoda om å forhandle fram ei presisering av det globale regimet om fisket utanfor dei økonomiske sonene. Under generalforsamlinga vart det i 1993-1995 framforhandla ein FN-avtale om fiske på det opne hav (UN Fish Stocks Agreement). Forvaltningsprinsippa i avtalen gjeld òg innanfor dei økonomiske sonene. Avtalen pålegg statane å bruke ei føre-var-tilnærming i fiskeriforvaltninga og viser til omsynet til bevaring av biodiversitet og økosystembasert forvaltning. Føre-var-tilnærminga skal skje ved å innføre referansepunkt i form av mål for bestandsstorleik for ulike bestandar. I det nordaustatlantiske området skjer forvaltninga av dei viktigaste kommersielle bestandane i dag ut frå referansemål på bestandsstorleik og beskatningsgrad. FN-avtalen pålegg vidare statane å delta i regionalt samarbeid om forvaltninga av vandrande fiskebestandar.

Generalforsamlinga i FN vedtek årlege resolusjonar om havmiljø og fiskerispørsmål som mellom anna gjev overordna retningslinjer for



Figur 2.1 viser dei ulike sonene under norsk jurisdiksjon og dei internasjonale havområda Smottholet i Barentshavet og Smotthavet i Norskehavet.

korleis statar og regionale organisasjonar bør forvalte det marine miljøet. Eit tema som har vorte diskutert i mange fora internasjonalt dei siste åra er fiske ved og øydelegging av sårbare økosystem. Generalforsamlinga har sidan 2006

vedteke ei rekkje resolusjonar som ber partane ta meir omsyn til sårbare botnhabitat. FAO utarbeidde i 2009 retningslinjer for fiske ved sårbare djuphavshabitat, som dei regionale fiskeriorganisasjonane og statane innarbeider i sine regel-

verk. Noreg medverka aktivt i utforminga av desse FN-vedtaka og i FAO sitt utviklingsarbeid. Ein ny revisjon av desse resolusjonane er planlagt til FN si generalforsamling i 2015. I arbeidet for berekraftig bruk av marine levande ressursar og for å hindre overhausting, har Noreg òg vore ei drivkraft i å forhandle fram FAO sin nye hamnestatsavtale (sjå 2.2 og 2.5.1).

Marine spørsmål vert i aukande grad diskuterte innanfor rammene av globale miljøavtalar. Konvensjonen om biologisk mangfald (CBD), avtalen om handel med trua plante- og dyreartar (CITES) og konvensjonen om migrerende artar (Bonkonvensjonen) er alle eksempel på globale miljøavtalar som kan gjere vedtak som er knytt til forvaltninga av kommersielle fiskeartar.

Det vert lagt føringar for norske fiskeri gjennom vedtak og reguleringar i dei regionale organisasjonane for fiskeriforvaltning, mellom anna i den næraste organisasjonen i Nordaust-Atlantaren, NEAFC. I tillegg har Konvensjonen om vern av havmiljøet i det nordaustlege atlantehavsområdet (OSPAR) eit generelt havmiljøansvar. Både NEAFC og OSPAR arbeider med å opprette marine beskytta område i internasjonalt farvatn. Ein avtale mellom dei to organisasjonane skal hjelpe til å konkretisere ansvaret for å følge opp i område der NEAFC har ansvar for fiskerireguleringar. Dette er ei oppfølging av FN sin regjeringssjefkonferanse i 2002 i Johannesburg, om å opprette eit nettverk av marine verneområde både innanfor og utanfor statane sine økonomiske soner innan utgangen av 2012. Marine verneområde og andre effektive arealbaserte forvaltnings tiltak inngår no i oppfølginga av CBD og Rio+20 sine mål om å beskytte 10 prosent av alle marine område innan 2020. Verkemiddel som kan beskytte ressursane, slik som forbod mot å fiske med visse reiskapar eller tidsavgrensa fiske, er sentrale bidrag frå fiskeriforvaltninga.

2.4 Internasjonalt arbeid for rett til mat og matsikkerheit

Den globale matvarekrisa i 2008 førte til større merksemd på matvaresikkerheit, og behov for ein koordinert innsats for å sikre mat til ei stadig veksende verdsbefolkning. Mat og tilgang på mat er eit av grunnelementa i menneskerettskonvensjonen. Generalforsamlinga i FN har peikt på global matsikkerheit som den mest krevjande utfordringa i samband med befolkningsveksten. Dekla-

rasjonen frå utviklingstoppmøtet Rio+20 understreka den grunnleggjande retten til mat, og fiskeri og havbruk si viktige rolle i arbeidet for betre matsikkerheit og ernæring.

Arbeidet i Komiteen for global matsikkerheit (CFS), som held til i Roma, har difor fått større vekt, i eit samarbeid mellom FN sin matvareorganisasjon (FAO) og fleire andre organisasjonar og program. Det vert lagt meir vekt på ernæring i komiteen sitt vidare arbeid, og etter norsk initiativ skal for første gang ein spesialrapport om fisken sin plass i matsikkerheits- og ernæringssammenheng leggast fram for komiteen i 2014.

Også i FAO sin fiskerikomité COFI, som har norsk leiar i to-års perioden 2012 til 2014, vil matsikkerheit stå sentralt. Arbeidet i komiteen vil dreie seg mindre om *kvar, korleis, kven og når*, altså dei tekniske sidene ved fiske og fiskeoppdrett, og leggje større vekt på *kvifor*, med andre ord at fiske og fiskeoppdrett ikkje er eit mål i seg sjølv, men ein aktivitet som gjev arbeid, inntekt og mat. Frå norsk side vil dette stå sentralt i arbeidet i FAO dei neste åra.

2.5 Arbeid mot ulovleg, urapportert og uregulert fiske og fiskerikriminalitet

Ulovleg, urapportert og uregulert fiske (UUU-fiske) er ei alvorleg utfordring for ei forsvarleg utnytting av fiskebestandane og for marine økosystem både lokalt, nasjonalt, regionalt og globalt. UUU-fiske skjer ikkje berre på bestandar som Noreg som kyststat har eit forvaltningsansvar for, men over heile verda. Den grenseoverskridende karakteren som UUU-aktiviteten ofte har, gjer at vi må ha ei brei tilnærming for å løyse problema.

Primært vert UUU-fiske handtert internasjonalt gjennom FN sin matvareorganisasjon (FAO) og i dei regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonane (RFMOar). Delar av UUU-verksemda er rein kriminell verksemd og vert omtala som fiskerikriminalitet. Fiskerikriminalitet er eit omgrep som særleg har vakse fram når det gjeld dei straffettslege sidene av UUU-fisket.

Fiskerikriminalitet omfattar, i tillegg til ulovleg uttak av fisk, gjerne økonomisk kriminalitet, miljøkriminalitet, grenseoverskridande organisert kriminalitet og korrupsjon. Ein ser òg at fiskerikriminalitet i ein del tilfelle har bindeledd til anna kriminell verksemd, som smugling av narkotika og menneskehandel.

2.5.1 Ulovleg, urapportert og uregulert fiske

Forvaltningstiltak

Havressurslova gjev utvida heimlar i kampen mot UUU-verksemd og opnar mellom anna for å kunne straffe eigne borgarar og juridiske personar for handlingar utførde i jurisdiksjonsområda til andre land.

Vidare inneheld lova føresegner om tvangsmulkt og lovbrotsgebyr, og forskrift om bruk av tvangsmulkt og lovbrotsgebyr ved brot på havressurslova tok til å verke 1. mars 2012. Lovbrotsgebyret skal verke i staden for bot/førelegg frå politiet og påtalemakta ved at dei minst alvorlege lovbrota etter havressurslova vert sanksjonert administrativt. Tvangsmulka er meint som eit pressmiddel i høve til den som ikkje har innretta seg etter lova eller vedtak med heimel i lova.

Det vert òg arbeidd med å sikre at internasjonale avtalar er tilstrekkeleg innarbeidde i den nasjonale lovgjevinga. Særleg gjeld dette pliktene våre gjennom dei regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonane NEAFC, CCAMLR, NAFO, ICCAT, SEAFO, dei bilaterale avtalane med Russland og EU og den globale hamnestatsavtalen som er inngått under FAO.

Kontroll

Fiskeridirektoratet, Kystvakta, Norges Råfisklag og Norges Sildesalgslag utarbeider nasjonale strategiske risikovurderingar for å sikre at kontrollressursane vert sette inn der det er mest sannsynleg at lovbrota skjer, og der følgjene av lovbrota er størst.

I 2012 vart det gjennomført eit forprosjekt for å kartleggje informasjonsbehova innanfor ressurskontroll og akvakulturtilsyn sentralt, regionalt og hos Kystvakta. Det vart i 2013 lyst ut anbod på ekstern prosjektleiar for å utvikle kravspesifikasjon for eit framtidig kontroll- og tilsynssystem. Kontrakten vart signert i januar 2014. Prosjektet skal i mai 2014 levere kravspesifikasjon basert på interessentane sine behov i eit framtidig kontroll- og tilsynssystem. Elektronisk operasjonell risikovurdering vert utvikla som ei sjølvstendig eining og inngår ikkje i dette arbeidet.

Vidare skal det leggjast til rette for at kontrollane til salslaga vert gjennomførde og dokumenterte på ein slik måte at materialane kan brukast i kontrollstatistikk og inspeksjonsdatabasar.

Støttesystem i ressurskontrollen

Frå og med 2011 var alle norske fiske- og fangstfartøy på eller over 15 meter største lengd pålagde å ha

om bord sporingsutstyr og elektronisk rapporteringsutstyr for rapportering av fangst- og aktivitetsdata. Overgangen til elektronisk rapportering er første steg i utfasinga av fangstdagbok i papirform og rapportering på papir generelt. Kravet er frå og med 2013 utvida til også å gjelde alle fartøy over 12 meter største lengd som fiskar i Skagerrak.

Å overvake aktiviteten i Barentshavet er framleis prioritert og det er laga ei løysing for å koordinere risikovurderingar i sann tid i området. Dette skjer i samarbeid mellom Kystvakta, Forsvaret og Fiskeridirektoratet. Arbeidet vert gjort i form av dagleg overvaking, innhenting av informasjon, risikoanalysar og analysar av totaluttak. Analysane av totaluttaket skjer i samarbeid med Russland.

Det døgnbemanna kontroll- og overvakingssenteret til Fiskeridirektoratet (FMC Norway) vart sett i drift 29. mai 2009. Senteret samordnar ei rekkje kontroll- og overvakingssoppgåver, mellom anna ved å overvake og handsame meldingar frå norske og utanlandske fartøy og ved å koordinere informasjon til og frå eigne og utanlandske kontrollstyresmakter. FMC drifrar òg ein tips- og beredskapstelefon som skal gjere det mogleg å melde frå om mistenkjelege aktivitetar og rapportere direkte til fiskeristyresmaktene om eventuelle lovbrota.

Sporings- og rapporteringssystem

Noreg rår over ei rekkje maritime sporings- og rapporteringssystem under ulike etatar. Desse systema må vi sjå i samanheng, og dei må utnytast for å oppnå maksimal verknad. For å få så godt oversyn over fisket som mogleg er spesialkompetanse og kapasitet til bruk av VMS, AIS, AISsat, LRIT, SafeSeaNet og andre webbaserte informasjonskjelder viktig. Dei siste åra har særleg AISsat-funksjonen kome til nytte.

Bilateralt samarbeid

Bilateralt samarbeid om kontroll er eit viktig verkmiddel i kampen mot UUU-fiske, og Noreg har avtalar om kontrollsamarbeid med ei rekkje land. Desse avtalane er nærare omtala under kapittel 2.8.

Noreg og Russland utvekslar informasjon gjennom året, så som kvoteoversikter og landingsstatistikk. Kring årsskiftet gjennomfører partane felles analysar av uttak knytt mot fartøy og av totaluttak. Noreg og Russland utvekslar òg inspektørar og observatørar ved kontrollar på havet og i land.

Det er også eit operativt kontrollsamarbeid med ulike medlemsland i EU.

Regionalt arbeid

Noreg medverkar aktivt i kampen mot UUU-verksemnd i dei regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonane der vi er medlem: CCAMLR, ICCAT, NAFO, NEAFC og SEAFO. Mellom anna har Noreg vore ein pådrivar for å få dei regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonane (RFMOane) til å opprette lister over fartøy som driv UUU-verksemnd, såkalla svartelisting. Fartøy som driv UUU-fiske opererer ofte i område som er forvalta av fleire RFMOar, og fangsten vert gjerne landa utanfor området der fangsten er teken. Difor har Noreg òg arbeidd for at ulike RFMOar skal godta kvarandre sine UUU-lister. NEAFC fører i dag fartøy på si UUU-liste dersom CCAMLR, NAFO eller SEAFO kan stadfeste at fartøyet har vore involvert i UUU-fiske og fartøyet ikkje fører flagget til eit NEAFC-medlem. På tilsvarande vis fører NAFO fartøy på si UUU-liste dersom dei er på NEAFC-lista. Det finnst tilsvarande ordningar mellom RFMOar som forvaltar tunfiskartar. Vidare etablerer den globale hamnestatsavtalen på indirekte vis ei global UUU-liste ettersom det følgjer av avtalen at fartøy som er ført på UUU-lista til ein regional fiskeriforvaltningsorganisasjon skal nektast tilgang til hamn.

Marknadstiltak – fangstsertifikat

EU har, gjennom rådsregulering 1005/2008, etablert eit system for å nedkjempe UUU-fiske, der det mellom anna vert stilt krav om at fangstsertifikat skal følgje med når villfanga fisk vert importert til EU. Fangstsertifikata skal dokumentere at fisken er teken på lovleg vis i samsvar med gjeldande krav.

Noreg har ein eigen avtale med EU om krava som gjeld når norskfanga fisk skal importerast til EU. I samsvar med denne avtalen har salslaga, i samarbeid med Fiskeridirektoratet, utvikla og implementert eit system for å lage elektroniske fangstsertifikat for eksport av fisk, nettportalen www.catchcertificate.no. Portalen vert driven av salslaga. Det er viktig at systemet fungerer i tråd med intensjonane og at nye løysingar vert implementert slik at systemet legg til rette for korrekt informasjon og effektiv ressurskontroll.

Også Kina og Ukraina har no innført krav om fangstsertifikat ved import av fisk. Noreg har fått i stand avtalar med desse landa slik at sertifikat liknande dei som vert nytta ved eksport til EU, utferda via www.catchcertificate.no, vert nytta ved eksport til Kina og Ukraina.

Førebels er marknadstiltak i dei regionale forvaltningsorganisasjonane retta mot fiskeslag med

særleg høg verdi, som tunfiskartar og patagonisk tannfisk. Tunfiskorganisasjonen ICCAT har i fleire år kravd fangstdokumentasjon ved fangst av makrellstørje, storauga tunfisk og sverdfisk. Dokumenta skal følgje fisken ved import og eksport. ICCAT arbeider no med å få på plass elektroniske sertifikat for makrellstørje. Fleire land, mellom dei EU og Japan, arbeider for at kravet om fangstsertifikat skal verte utvida til å omfatte fleire andre artar regulerte av ICCAT.

CCAMLR har og eit system for elektroniske fangstsertifikat for patagonisk tannfisk.

I 2011 foreslo EU å innføre fangstsertifikat i NEAFC, men det vart ikkje semje om forslaget.

I FAOs Fiskerikomiteé vil spørsmålet om retningslinjer og format for fangstsertifikat stå på dagsorden. Dette fylgjer av vedtaket i FN's fiskeriresolusjon om at FAO skal starte eit slikt arbeid.

Global avtale om hamnestatskontroll

Noreg var initiativtakar til, og ein av pådrivarane for, å få semje om ein global bindande avtale om hamnestatskontroll for å førebyggje, hindre og eliminere ulovleg, urapportert og uregulert fiske. Generalforsamlinga i FAO vedtok avtalen 22. november 2009, og Noreg ratifiserte avtalen 20. juli 2011.

Føremålet med avtalen er å hindre at fartøy som driv UUU-fiske eller verksemnd knytt til slikt fiske, får tilgang til hamn. Avtalepartane skal krevje informasjon om fartøy og fangst og vurdere om informasjonen tilseier at fartøyet har vore involvert i UUU-fiske. Dersom det er tilfelle, skal fartøyet nektast tilgang til hamn. Andre viktige element i avtalen er reglar om kontrollar i hamn, minimumsstandarder for informasjonsutveksling, samarbeid, opplæring/ assistanse og reglar om flaggstaten sitt ansvar.

Frå norsk side har ein òg arbeidd for å innføre hamnestatskontroll i regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonar i samsvar med den globale avtalen. SEAFO og CCAMLR har no innført slik kontroll, og også ICCAT har vedteke reguleringar som innfører viktige prinsipp frå den globale avtalen. NEAFC har hatt reglar om hamnestatskontroll sidan 2007, og Noreg arbeider for at desse skal utvidast i samsvar med den globale avtalen.

Globale retningslinjer om flaggstatansvar

Fleire land, ofte u-land, har ikkje flaggstatkontroll i tilstrekkeleg grad. Mot ei rimeleg avgift vert fiskefartøy ført i deira register utan at det vert stilt spørsmål om kva aktivitet dei driv. Dette er ofte land som ikkje har ratifisert internasjonale avtalar

for å ta vare på ressursane i havet, og som heller ikkje er medlem av relevante fiskeriforvaltningsorganisasjonar (RFMOar). Aktørar vil ofte nytte slike flagg nettopp for å unngå å vere bundne av internasjonale avtalar og forvaltningstiltak iverksette av RFMOar.

Som eit ledd i kampen mot UUU-fiske vart det sett i gang forhandlingar om retningslinjer for flaggstatsansvar under FAO, og i februar 2013 vart det semje om globale retningslinjer for dette ansvaret. Retningslinjene er forhandla fram gjennom tre tekniske konsultasjonar under FAOs fiskerikomiteé (COFI), og dei vert lagde fram for tilslutning på neste sesjon i COFI. Retningslinjene inneheld kriterium for evaluering av flaggstaten, som mellom anna omfattar krav om at flaggstaten har implementert bindande internasjonalt regelverk og hindrar eigne fartøy frå å delta i UUU-verksemnd. Vidare inneheld kriteria krav til registrering og kontroll av eigne fartøy, og krav til handheving og sanksjonar. Retningslinjene inneheld òg eit kapittel om samarbeid mellom flaggstat og kyststat, i tillegg til prosedyrar for evaluering av flaggstaten og tiltak for å leggje til rette for at retningslinjene vert følgde. Retningslinjene er ikkje folkerettsleg bindande. Dei skaper difor ikkje nye plikter for statane, men konkretiserer korleis ansvarlege flaggstatar opptre. På dette viset vil dei kunne bidra til å identifisere statar som ikkje oppfyller pliktene dei har etter folkeretten. Vidare kan dei vere til hjelp for statar som ønskjer å ta ansvar som flaggstat.

Global registrering av fiskefartøy

Fleire land har teke til orde for at eit globalt register av fiskefartøy kan verte eit nyttig verktøy i kampen mot UUU-verksemnd. Dette vart diskutert under møtet i COFI i juli 2012. Nokre partar har vist til ei rekkje praktiske utfordringar som er knytt til eit slikt register, og korleis dette initiativet vert behandla framover er ikkje avklart.

MCS Network

Formålet med det internasjonale nettverket for fiskerikontroll (IMCS Network) er å utvikle samarbeid på alle nivå på tvers av landegrensene for å betre kontrollarbeidet i kampen mot UUU-fiske. IMCS Network arrangerte ein global konferanse i Costa Rica våren 2014.

2.5.2 Fiskerikriminalitet

Som nemnt tidlegare, er delar av UUU-verksemnda rein kriminell verksemnd og vert omtala som fiskerikriminalitet. Slik verksemnd kan omfatte både økonomisk kriminalitet, miljøkriminalitet og organisert kriminalitet. Ein ser òg at fiskerikriminalitet i ein del tilfelle har bindeledd til anna kriminell verksemnd som smugling av narkotiske stoff, menneskehandel, korrupsjon og økonomisk kriminalitet.

Den globale kampen mot fiskerikriminalitet er komplisert og involverer både politiet, påtalemakta og kontrollstyresmaktene. I arbeidet må det leggjast til rette for samarbeid mellom politiet i seljar- og kjøparland for å etterforske eventuelle kriminelle tilhøve. I fiskeriresolusjonen frå generalforsamlinga i FN frå 2008 vert det peika på at det kan vere sambandslinjer mellom UUU-verksemnd og annan grenseoverskridande organisert kriminalitet. For å ha ei heilskapleg tilnærming til UUU-spørsmåla må vi ta dette poenget med i vurderinga av framtidige tiltak.

Fiskeri- og kystdepartementet har heva strafferamma i lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) og i lov om retten til å delta i fiske og fangst (deltakerloven) frå tre til seks år for alvorlege lovbrøt som er av grenseoverskridande og organisert karakter. Dette tredde i kraft frå 1. januar 2014. Bakgrunnen for endringa er å møte vilkåra til kva som vert rekna som alvorleg kriminalitet i FNs konvensjon mot grenseoverskridande organisert kriminalitet. Gjennom å heve strafferamma i Noreg, legg vi til rette for internasjonalt samarbeide mot denne type kriminell verksemnd i fiskerinæringa.

Fiskeriforvaltningas analysenettverk

Prosjektet *Fiskeriforvaltningas analysenettverk* (FFA) som vart etablert i 2009, vart i 2014 vidareført som ein del av Nærings- og fiskeridepartementet. FFA er eit konkret tiltak mot organisert kriminalitet knytt til ulovleg fiske (Meld. St. 7 2010-2011 «Kampen mot organisert kriminalitet»). FFA er òg eit av fleire tiltak mot fiskerirelatert kriminalitet i regjeringas handlingsplan mot økonomisk kriminalitet frå 2011. FFA skal sikre eit tettare samarbeid mellom ulike etatar og bidra med oppdaterte, tverrsektorielle analysar innanfor saksområdet. I tillegg til å produsere analysar om ulovleg uttak av fisk frå havet, legg nettverket òg vekt på annan fiskerirelatert kriminalitet som til dømes ulovleg kapitalflyt som stammar frå omsetning av ulovleg fanga fisk. Prosjektet er

samansett av fagpersonar frå Politiet, Fiskeridirektoratet, Kystvakta, Kystverket, Toll- og avgiftsdirektoratet, Arbeidstilsynet og Skattedirektoratet. Styringsgruppa til prosjektet har medlemmer frå Justis- og beredskapsdepartementet, Forsvarsdepartementet, Finansdepartementet, Utanriksdepartementet, Arbeids- og sosialdepartementet, Fiskeridirektoratet og Riksadvokaten. Nærings- og fiskeridepartementet leiår styringsgruppa.

Følgje pengestraumar og transportruter

Fiskerikriminalitet inneber ofte grov økonomisk kriminalitet, og for å nedkjempe dette må ein følge pengestraumane. Gode rutinar og godt samarbeid mellom Fiskeridirektoratet, Økokrim, Skattedirektoratet og Toll- og avgiftsdirektoratet er viktig. Fisk er ei global handelsvare, og kunnskap om kva ruter som vert nytta og på kva måte den ulovlege fisken vert transportert, vil gje oss eit meir heilskapleg bilede av aktørane som er involverte. FFA arbeider til dømes med desse spørsmåla med andre relevante styresmakter, og utveksling av informasjon mellom desse er viktig.

UUU-fartøy med uklare eigartilhøve

Ved å kombinere bekvemmelighetsflagg og fiktive firma oppretta i skatteparadis greier dei reelle eigarane som står bak fiskerikriminalitet å skaffe seg bortimot full anonymitet. Den nasjonale kampen mot skatteparadis og økonomisk kriminalitet gjeld òg problema knytt til bruk av fordelsflagg. Det vert difor arbeidd for å vidareutvikle samarbeidet med andre nasjonale styresmakter for å nedkjempe anonymitet i UUU-verksemnda slik at vi får avdekka dei reelle eigarane bak operasjonane. Verksemnder som er involverte i slike aktivitetar må kartleggast grundig.

Den strategiske analysegruppa

Kystvakta og Fiskeridirektoratet har i ei årrekkje samarbeidd om å kartleggje og analysere fiskerikriminalitet i Barentshavet. Politiet og tollstyresmaktene er òg involverte i arbeidet, som omfattar systematisk innhenting av informasjon om mogleg grenseoverskridande fiskerikriminalitet der aktørar med ulik nasjonalitet er involverte.

UNODC

FNs kontor for narkotika og kriminalitet (United Nations Office on Drugs and Crime, UNODC) i Wien er den globale arenaen for å førebyggje og

nedkjempe kriminalitet. Nærings- og fiskeridepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet og Utanriksdepartementet har finansiert ein FN-studie av grenseoverskridande organisert kriminalitet i fiskerinæringa. Ein liknande studie var òg finansiert av Nærings- og fiskeridepartementet på nasjonalt nivå. Noreg finansierer òg ei ekspertgruppe i UNODC som har kome med tilrådingar om kampen mot kriminalitet til havs, mellom anna fiskerikriminalitet. Arbeidet i denne ekspertgruppa held fram. Desse tiltaka er bidrag til å forstå denne kriminalitetsforma og er viktige faglege bidrag til arbeidet mot fiskerirelatert kriminalitet i framtida. I etterkant av at UNODC lanserte sin studie av grenseoverskridande organisert kriminalitet i fiskerinæringa så vedtok FN's kriminalitetskommissjon ein resolusjon som rettar seg mot grenseoverskridande organisert kriminalitet på havet. UNODC oppretta i 2013 eit program mot maritim kriminalitet og ser på fiskerikriminalitet som ein av fleire kriminalitetsformer som kan førekomme på havet.

Interpol

INTERPOL har oppretta ei eiga permanent arbeidsgruppe som skal arbeide mot fiskerikriminalitet og to program mot slik kriminalitet. INTERPOL er ein etablert organisasjon med sikre system og rutinar for informasjonsdeling og operativt internasjonalt samarbeid mellom politi og kontrollstyresmakter. Målet er at INTERPOL kan bidra med koordinering av grenseoverskridande operasjonar mellom ulike land. Den 26. februar 2013 vart det første INTERPOL-programmet offisielt lansert i Lyon. Norsk politi og forvaltning deltok saman med representantar frå 62 andre statar. Det andre INTERPOL-programmet, som handlar om bistand til utviklingsland i kampen mot fiskerikriminalitet, starta i april 2014. Noreg har gitt finansielle bidrag til begge programma.

2.6 Regulering av utanlandsk fiske i norske jurisdiksjonsområde

Det er eit generelt forbod mot fiske i Noregs økonomiske sone og i fiskerisona rundt Jan Mayen for fiskarar som ikkje er norske statsborgarar. Regjeringa kan likevel fastsetje forskrifter som opnar for eit regulert og avgrensa utanlandsk fiske i samsvar med dei fiskerieravtalane som er inngått med andre land.

I forskrift av 13. mai 1977 om utlendingars fiske og fangst i Noregs økonomiske sone er det

fastsett detaljerte reglar for utøvinga av fisket. Det er krav om lisens for utanlandske fartøy som skal fiske i norsk sone for å sikre at fangststigninga er i samsvar med dei tildelte kvotane, og for å gjere det mogleg med ein effektiv kontroll. Utanlandske fartøy skal sende fangstrapportar til norske styresmakter i samsvar med særskilt forskrift.

I forskrift av 23. desember 1980 om utlendings fiske og fangst i fiskerisona ved Jan Mayen er det fastsett detaljerte reglar for utanlandsk fiske i fiskerisona rundt Jan Mayen. Dette regelverket er i hovudsak samanfallande med reglane for utanlandsk fiske i Noregs økonomiske sone.

Forskrifter for fiskevernsona ved Svalbard er sette i verk på eit ikkje-diskriminerande grunnlag for både norske og utanlandske fartøy. Det er fastsett forskrifter for rapportering av fangstar, bruk av reiskapar, reglar om minstemål og område med forbod mot fangst for å verne om ungfisken. Frå 1986 er det fastsett årlege kvotereguleringar i fiskevernsona for fiske etter nordaust-arktisk torsk. Frå og med 1995 har ein av omsyn til bestandssituasjonen fastsett forbod mot fiske etter blåkveite, sild og lodde. Frå 1997 vart det òg innført eit forbod mot fiske etter uer. I 2011 vart hysefisket regulert.

I forskrifter av 19. juli 1996 vart rekefisket ved Svalbard regulert ved å fastsetje grenser for innsatsen i fisket. Etter forskriftene kan berre nasjonar som har drive eit tradisjonelt fiske etter reker ved Svalbard delta i dette fisket med eit avgrensa tal på fartøy (Canada, Færøyane, Grønland, Island, EU, Noreg, Russland). For å motverke at rekefisket ekspanderer, vart rekefisket frå 1997 for dei aktuelle landa òg regulert med fiskedøgn. Av same årsak vart maksimalt tal for tilletne fiskedøgn redusert med 30 prosent frå 1. januar 2006.

2.7 Kontroll av fiske i norske jurisdiksjonsområde

Noreg arbeider både nasjonalt og internasjonalt for at forvaltning av marine ressursar skjer i tråd med etablerte prinsipp som mellom anna berekraftig bruk, føre-var-prinsippet og økosystembasert forvaltning. Dette gjeld i våre eigne fiskerisoner, i internasjonalt farvatn og i andre nasjonars fiskerisoner. For å kunne nå dette målet for ressursforvaltninga, trengst det informasjon om og kontroll med alt ressursuttak i norske jurisdiksjonsområde. Fysisk kontroll med fiskeaktivitet er ein sentral del av det norske systemet for kontroll og handheving. Dette inneber kontroll på alle nivå, til havs, under landing og ved omsetning av fiskefangstar.

I Noreg har Fiskeridirektoratet ansvaret for ressurskontrollen saman med Kystvakta og salslaga. Kontrollverksemda til fiskeristyresmaktene vert gjennomført av Fiskeridirektoratet sentralt og den ytre etaten til direktoratet med sju regionkontor, inklusiv eit inspektørkorps langs kysten.

Kystvakta er underlagt Forsvarsdepartementet. Kystvakta har ansvaret for ressurskontrollen på havet. I 1996 vart Kystvakta utvida med ei indre kystvakt som skal gjennomføre fiskerioppsynet innanfor grensa for sjøterritoriet på 12 nautiske mil. Fiskerioppsynstenesta til den indre kystvakta vert kombinert med ei rekkje andre oppgåver, m.a. for politi-, toll- og miljøstyresmaktene.

Salslaga har hovudansvar for all førstehandsomsetning av fisk i Noreg, og salslaga utfører ein viktig del av kontrollarbeidet. Dei norske fiskesalslaga har òg ansvar for å skrive ut og godkjenne norske fangstsertifikat, som er ein føresetnad for all import og alle landingar av fisk i EU frå tredjeland.

I internasjonale samanhengar vert det norske systemet med nært samarbeid mellom Fiskeridirektoratet, Kystvakta og salslaga ofte framheva som ein vellukka modell for ressurskontroll.

Fiskeridirektoratet står for kontroll ved landing av fangstar, og utfører òg ein viss kontroll på sjøen i særlege område og i spesielle fiskeri. Direktoratet har òg ansvar for kvotekontrollsystemet både for utanlandske og norske fartøy. Dei ulike salslaga har eit kontrollansvar i samband med omsetning og eksport av fisk. Ved landing vert fangstsamansetjinga kontrollert, og oppfiska kvantum vert belasta kvoterekneskapen.

Utanlandske styresmakter har kontrollansvaret når norske fartøy leverer fangst i utanlandske hamner og når norske fartøy fiskar i jurisdiksjonsområda til desse landa. Hamnestatskontrollen som vart innført i NEAFC frå 1. mai 2007 og i NAFO i 2009, gjev norske styresmakter eit kontrollansvar når det gjeld å verifisere fangst ved landingar frå norske fartøy i NEAFC- og NAFO-landa sine hamner. Noreg skal òg hente inn slik verifisering ved landingar frå utanlandske fartøy i norske hamner.

Ein viktig del av kontrollen går føre seg under utøvinga av fisket. Det vert kontrollert at fisket skjer med rette reiskapar, til rett tid og i rett område. Samansetjinga av fangsten vert òg kontrollert, likeins at det ikkje går føre seg dumping eller neddrøping av fisk. Under kvalfangsten var det frå 1993 til og med 2003 inspektørar på alle fartøy under heile fangstperioden. Med verknad frå 2004 vart inspektørordninga på kvalfangstfartøya halvert, og frå 2006 har vi hatt elektronisk overvaking av kval-

fangsten. Inspektørbasert kontroll vert no gjennomført på stikkprøvebasis på kvalfangstfartøya.

For å få løyve til å delta i selfangsten er det eit krav at fartøyet har inspektør om bord under heile fangsten. Det er ein viktig del av kontrolloppgåva å sjå til at avlivinga skjer i samsvar med regelverket.

I andre fiskeri har Fiskeridirektoratet sett i verk ei ordning med inspektørar om bord på enkelte norske og utanlandske fartøy i kortare eller lengre periodar.

For enkelte artar går det føre seg eit omfattande fiske i indre norske farvatn. Vi har difor ei ordning der inspeksjonsfartøy frå Fiskeridirektoratet er til stades på desse fiskefelta.

Frå 1. juli 2010 vart alle norske fiske- og fangstfartøy over 21 meter pålagt å rapportere fangst- og aktivitetsdata elektronisk til Fiskeridirektoratet. Frå 1. januar 2011 er plikta utvida til òg å gjelde fartøy over 15 meter. Kravet om elektronisk rapportering inneber at opplysningane som tidlegare vart ført i papirfangst dagboka no skal rapportere elektronisk.

For å føre kontroll med utanlandsk fiske i NØS etablerte Fiskeridirektoratet i 1977 eit kvotekontrollsystem som inneber at utanlandske fiskefartøy som får løyve til å fiske i norske jurisdiksjonsområde må sende ei rekkje ulike rapportar i samsvar med fiske i norske farvatn.

Rapporteringsplikta inneber at når fartøya kjem inn i norsk sone skal dei melde frå om kor mykje fangst fartøyet har om bord (melding om fiskestart). Fangstane skal meldast i kilo rund vekt og i dei enkelte fiskeslag. I tillegg må fartøyet kvar veke rapportere kor mykje som er fanga i sona av dei ulike fiskeslaga (fangstmelding). På grunnlag av avtalar som Noreg har inngått med EU og Island om elektronisk rapportering, sender fartøy frå EU-land og Island fangstmeldingar dagleg. Når fartøyet avsluttar fisket i NØS, må det før det seglar ut sende melding om dette til Fiskeridirektoratet og opplyse om kor mykje fisk som er teken etter den siste fangstmeldinga (melding om avslutting av fiske). Alle desse meldingstypene vert kontinuerleg lagde inn i kvotekontrollsystemet og gjev dermed Fiskeridirektoratet ei oppdatert oversikt over det utanlandske fisket i norske jurisdiksjonsområde. Det gjeld kor mange fartøy som deltek i fisket, kvar dei fiskar og opplysningar om fangst per fartøy og per nasjon. Systemet inneheld såleis òg dei opplysningane som er kravde for å stanse utanlandsk fiske når dei tildelte kvotane er oppfiska. Denne databasen er ein viktig reiskap for kontroll i norske jurisdiksjonsområde.

Frå år 2000 har Fiskeridirektoratet gjennom posisjonsrapportering (satellittsporing) kunn-

skap om kvar fartøya oppheld seg i norsk jurisdiksjonsområde, og direktoratet kan difor setje i verk meir målretta kontroll.

Kystvakta har direkte tilgang til dei opplysningane som er lagra i databasane i Fiskeridirektoratet. Opplysningane vert under kontroll på feltet haldne opp mot opplysningane som går fram av fangst dagboka til fartøyet, eventuelle sluttsetlar og innhaldet i lasterommet eller lastetankane på fartøyet. Når desse opplysningane ikkje er i samsvar med kvarandre kan Kystvakta reagere med åtvaring, fartøyet kan haldast tilbake, eller saka kan meldast til politiet, alt etter kor grov krenkinga er. Kvotekontrollsystemet og posisjonsopplysningane er såleis særskilte viktige reiskapar i det kontrollarbeidet Kystvakta gjennomfører.

Utanlandske fartøy skal når fisket vert avslutta i NØS nord om 62°N, melde seg til Kystvakta for kontroll på eitt av sju kontrollpunkt. Som ein del av rapporteringsordninga i dette området skal fartøya sende melding om framstilling for kontroll (kontrollpunktmelding) tolv timar før dei kjem til kontrollpunktet. For ringnotfartøy er fristen fire timar. Ordninga vart innført for å sikre generelt betre kontroll med fangstuttaket i NØS nord om 62°N, og fordi norske styresmakter visste at det gjekk føre seg kvoteunndragingar blant utanlandske fartøy som fiska i NØS nord om 62°N.

På grunn av behovet for betre kontroll med makrellfisket i NØS sør om 62°N, vart ei tilsvarende ordning sett i verk 19. juli 1995 for makrellfisket i Nordsjøen. Av omsyn til råstoffet må eit kontrollregime i Nordsjøen utformast noko annleis enn ordninga nord om 62°N. Etter regelverket skal utanlandske fartøy med makrellisens melde seg for kontroll i eitt av tre nærare definerte område, med ei varslingsstid på fire timar før fartøya kjem til kontrollområdet, eller før fartøyet kjem til landingsstad i Noreg. Ordninga gjeld òg når eit fartøy med makrellisens fiskar annan pelagisk fisk, så som nordsjøisild. I 2005 vart ordninga utvida til òg å gjelde for utanlandske fartøy som er lisensierte for fiske etter sild sør for 62°N i den perioden makrellfisket er ope.

Erfaringane syner at ordningane med kontrollområde og kontrollpunkt har medverka positivt til å redusere kvoteunndragingane frå utanlandske fartøy.

2.8 Kontrollsamarbeid

Kontroll med ressursuttaket på felles fiskebestandar krev eit nært samarbeid mellom dei landa som deler ressursane. Eit slikt samarbeid er inngått

med begge dei to partane som Noreg deler viktige fiskeressursar med: Russland og EU. Noreg har òg inngått avtalar om kontroll direkte med enkelte medlemsland i EU og fleire andre statar. Noreg har kontrollavtalar med Irland, Danmark, Sverige, Nederland, Storbritannia, Frankrike, Tyskland, Polen, Portugal, Spania, Litauen, Russland, Færøyane, Island, Grønland, Canada og Marokko.

Kontrollavtalen som vart underteikna mellom Noreg og Portugal 16. februar 2006, representerte ei oppdatering av slike avtalar, og er den første avtalen Noreg inngår som òg omfattar gjensidig rapportering av landingar av fisk frå tredjeland's fartøy. Etter dette tidspunktet er eksisterande avtalar reviderte etter tur for å få med tredjeland's fartøy. Dette er frå norsk side eit viktig bidrag i arbeidet med å få kontroll med det ulovlege fisket i Barentshavet og med landingar av fisk til europeiske hamner. Den nye generasjonen av kontrollavtalar inneber òg at partane skal samarbeide om å kjempe mot ulovleg fiske. Den siste avtalen vart inngått med Spania 23. januar 2013. Dermed har Noreg på plass avtalar med alle land som har interesser i norske havområde. Bilateral samarbeid har vore viktig for den nedgangen i urapportert og ulovleg fiske som har skjedd dei siste åra.

Satellittsporing av fiskefartøy var eit viktig framsteg i kontrollarbeidet. Det ligg no føre satellittsporingsavtalar mellom dei landa som har felles fiskeriinteresser i Nordaust-Atlanteren.

Fiskeridepartementet innførte frå 1. juli 2000 satellittovervaking av alle norske fiske- og fangstfartøy over 24 meter. Plikta vart utvida til å gjelde alle fartøy over 21 meter frå 1. oktober 2008, og frå 1. juli 2010 gjeld dette for alle fartøy over 15 meter. Desse fartøya vert spora i område både under norsk og utanlandsk fiskerijurisdiksjon. Vidare vert alle norske fartøy, uansett storleik, spora ved fiske i internasjonalt farvatn.

Utvida sporing og elektronisk fangstrapportering er viktige element i samband med kontroll generelt og i kampen mot ulovleg fiske. Noreg og EU signerte 23. februar 2010 ein avtale om elektronisk utveksling av fangst- og aktivitetsdata ved fiske i kvarandre sine soner. Med bakgrunn i denne avtalen vart alle fartøy over 15 meter pålagde å rapportere fangst- og aktivitetsdata elektronisk ved fiske i kvarandre sine soner frå og med 1. januar 2011. Vidare vart fartøy over 12 meter som fiskar i Skagerrak pålagde posisjonsrapportering og elektronisk rapportering frå 1. januar 2013. Formålet med avtalen er òg å harmonisere rapporteringspliktene i norske farvatn og EU-farvatn så langt som mogleg. Noreg har inngått tilsvarande avtalar med Island og Russland. Gjeldande avtale med Island tredde i kraft 1. januar 2014. Det er førebels ikkje bestemt når avtalen med Russland vil tre i kraft.

Del II
Dei ulike fiskeriavtalane for 2014

3 Dei ulike fiskerieravtalane for 2014

3.1 Bakgrunn

I tråd med dei etablerte rammeavtalane fører norske styresmakter kvart år forhandlingar med andre land og i internasjonale fiskeriforvaltningsorganisasjoner.

Dei viktigaste bilaterale forhandlingane for 2014 er ført med Russland, EU og Grønland. Det er òg ført forhandlingar med EU på vegne av Danmark og Sverige om fiske i Skagerrak og Kattegat, og med EU på vegne av Sverige om ein avtale om svensk fiske i Noregs økonomiske sone.

Noreg har i 2013 og 2014 samarbeidd med Island og Grønland om gjennomføring av trepartsavtalen om regulering av lodde i området mellom Island, Grønland og Jan Mayen og med Island om kvotebyte og oppfølging i tråd med Smottholavtalen.

Noreg tek vidare del i årlege kyststatsforhandlingar om makrell, norsk vårgytande sild (nvg-sild) og kolmule. Det vart i 2014 underteikna ein femårig trepartsavtale om makrell mellom Noreg, EU og Færøyane. Noreg, EU, Færøyane og Island har inngått ein kyststatsavtale om forvaltninga av kolmule for 2014. Det er for 2014 inngått ein firepartsavtale om nvg-sild mellom Noreg, Russland, Island og EU, der partane har sett av eit kvantum for det færøyske fisket etter den tradisjonelle fordelingsnøkkelen.

Noreg er medlem av og tek del i dei årlege møta i dei regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonane NAFO (Northwest Atlantic Fisheries Organization) og NEAFC (North East Atlantic Fisheries Commission). Noreg deltek i samarbeidet i IWC (International Whaling Commission) og NAMMCO (North Atlantic Marine Mammal Commission) om forvaltninga av kval. Som medlem i CCAMLR (Commission for the Conservation of Antarctic Marine Living Resources) er Noreg representert på møta til organisasjonen. Noreg tek òg del i det internasjonale fiskerisamarbeidet innan organisasjonen ICCAT (International Commission for the Conservation of Atlantic Tunas) og i den regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonen SEAFO (South East Atlantic Fisheries Organization).


Det ligg ei balansert vurdering til grunn når Nærings- og fiskeridepartementet utnemner delegasjonar til dei forskjellige fiskeriforhandlingane som Noreg deltek i. Vurderinga byggjer i hovudsak på at dei partane forhandlingane vedkjem skal vere representerte, at delegasjonen må ha ein handterleg storleik, og dessutan forhandlingstaktiske omsyn. Tradisjonelt har delegasjonane hatt representantar frå Nærings og fiskeridepartementet, Utanriksdepartementet, Fiskeridirektoratet, Havforskningsinstituttet, Norges Fiskarlag, Norsk Sjømannsforbund, Fiskeri- og havbruksnærings landsforening og Norges Kystfiskarlag. Dei seinare åra har Kommunanes Sentralforbund og Sametinget vore medlem av delegasjonen for dei bilaterale forhandlingane med Russland. Kven forhandlingane kan seiast å vedkome vil like fullt kunne vurderast på sjølvstendig grunnlag frå år til år.

Før forhandlingane med andre land om forvaltningsspørsmål startar, held Nærings- og fiskeridepartementet konsultasjonar med organisasjonane i næringa. På desse møta gjer ein greie for tilrådingane frå ICES (Det internasjonale råd for havforskning), og opplegget for forhandlingane med dei enkelte landa vert drøfta. Her legg ein grunnlaget for kva som skal vere instruksjonen til forhandlingsdelegasjonen. Den endelege klarringa av instruksjonen er det fiskeriministeren som har ansvar for. Dersom særlege omsyn talar for det, rådfører fiskeriministeren seg med resten av regjeringa.

3.2 Det vitenskaplege arbeidet som ligg til grunn for å fastsetje kvotar

Noreg er medlem i Det internasjonale råd for havforskning, ICES. ICES er ein ubunden, vitenskapleg organisasjon som gjev regionale fiskeri- og miljøorganisasjonar, EU og statane ved Nord-Atlanteneren råd om forvaltninga av dei marine ressursane og det marine miljøet i området.

ICES vart danna i 1902, og sekretariatet ligg i København. Per i dag har ICES 20 medlemsland. I tillegg har ICES fleire observatørland. ICES har eit



Figur 3.1 Dei ulike statistikkområda som ICES nyttar i si rådgeving.

nettverk som består av meir enn 1600 forskarar frå nesten 300 institutt. Dei har mandat frå ICES-konvensjonen som er vedteken av medlemmane i ICES. Forskarane samlar informasjon og forskning. ICES publiserer vitenskapleg informasjon og rådgeving i rapportar, publikasjonar (mellom anna ICES Journal of Marine Science) og på ICES sine heimesider.

Arbeidet til den rådjevande komiteen for fiskeriforvaltning i ICES (ACOM) er nærmare omtalt seinare i meldinga. ACOM hentar inn vitenskapleg bakgrunnsmateriale frå medlemslanda og arbeidsgruppa til ICES, og gjev årlege råd om fangstmengder for dei viktigaste fiskeslaga i Nordaust-Atlanten.

Den norske forvaltninga av dei viltlevande marine artane, og dei årlege forhandlingane Noreg fører med andre land, er i hovudsak baserte på rådgevinga frå ICES.

3.3 Kvotavtalane for 2014

Noreg – Russland

Avtalar om gjensidige fangstkvotar

Dei viktigaste fiskebestandane i Barentshavet har eit utbreiingsområde som dekkjer norsk og russisk sone og fiskevernsona rundt Svalbard. År om

anna er det òg mogleg å fiske torsk i internasjonalt farvatn.

I regi av Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen fører Noreg og Russland årleg kvoteforhandlingar om totalkvotar og reguleringsiltak for fellesbestandane i Barentshavet. Fellesbestandane er nordaust-arktisk torsk, nordaust-arktisk hyse, blåkveite og lodde. Partane vart einige om å forvalte kongekrabbebestanden kvar for seg i sine respektive økonomiske soner frå og med 2007. Partane er òg einige om at resultatane frå felles forskingsinnsats som gjeld bestandsvurderingar, migrasjon og innverknaden krabben har på økosystemet framleis skal drøftast på dei årlege sesjonane.

Partane avtalar òg fordeling av kvotane mellom Noreg, Russland og tredjeland. Det er semje mellom partane om ei fast prosentvis fordeling av fellesbestandane. Etter avsetjing til tredjeland vert kvotane for nordaust-arktisk torsk og nordaust-arktisk hyse fordelte med 50 prosent til kvar av partane. Avtalen opnar for at partane kan fiske delar av sine kvotar på desse bestandane i sona til den andre parten. Loddekvoten er fordelt med 60 prosent til Noreg og 40 prosent til Russland.

Kvotavtalen for 2014 mellom Noreg og Russland vart underskriven i St. Petersburg 11. oktober 2013.

Partane vart samde om ein totalkvote (TAC) for nordaust-arktisk torsk på 993 000 tonn i 2014. I tillegg vart det fastsett ein kvote på kysttorsk på 21 000 tonn.

Det er sett av ein torsk kvote til tredjeland på 138 530 tonn. Av dette kan 39 160 tonn fiskast i fiskevernsona ved Svalbard. Resten av kvoten til tredjeland er fordelt med 57 803 tonn for fiske i Noregs økonomiske sone (NØS) og 41 567 tonn for fiske i Russlands økonomiske sone (RØS). Med overføring av ein del av den russiske kvoten til Noreg, er den norske kvoten av nordaust-arktisk torsk nord for 62°N på 415 735 tonn. Som følgje av tilbakeføring av unytta tredjelandskvoten på 15 000 tonn er den samla norske kvoten av nordaust-arktisk torsk nord for 62°N på 430 735 tonn. Inklusive kysttorsk er kvoten 451 735 tonn. I tillegg kjem torsk til forskings- og forvaltningsformål som i 2014 er på 7 000 tonn for kvar av partane. I tillegg står det att 7 704 tonn torsk frå tredjelandskvoten som ikkje er fordelt.

For nordaust-arktisk hyse har Noreg og Russland avtalt ein totalkvote på 178 500 tonn, inklusive forskingsfangst. Det er sett av ein hysekvote til tredjeland på 11 270 tonn, som er delt med 4 869 tonn i NØS, 2 899 tonn i fiskevernsona ved Svalbard og 3 502 tonn i RØS. Russland har over-

ført 4 500 tonn nordaust-arktisk hyse til Noreg for 2014. Etter overføring er den norske kvoten på 84 115 tonn og den russiske på 75 115 tonn. I tillegg kjem hyse til forskings- og forvaltningsformål som i 2014 er på 4000 tonn for kvar av partane.

Tradisjonelt har Russland fått tilgang til å fiske store delar av torske- og hysekvotane sine i Noregs økonomiske sone. Dette kjem både av biologiske omsyn (større fisk lenger vest) og av kontrollomsyn (det er betre med ei vestleg fordeling av fisket). Av omsyn til balansen i kvotavtalen er Noreg og Russland òg for 2014 samde om likt høve til å fiske torsk og hyse i sonene til kvarandre. Såleis kan Russland fiske 140 000 tonn torsk og 35 000 tonn hyse av sine kvotar i Noregs økonomiske sone, og Noreg har høve til å fiske det same kvantumet torsk og hyse i Russlands økonomiske sone.

Partane vart i 2009 samde om ein fordelingsnøkkel for blåkveite som inneber at Noreg får 51 prosent, Russland får 45 prosent og 4 prosent er sett av til tredjeland for fiske i fiskevernsona ved Svalbard. Fordelinga er basert på eit omfattande vitskapeleg arbeid av norske og russiske forskarar. Partane har fastsett ein totalkvote på 19 000 tonn for 2014. På den 40. sesjonen vart partane einige om tekniske reguleringsiltak i fisket etter blåkveite.

Loddebestanden har store naturlege svingingar, og partane er einige om ikkje å fastsetje TAC høgare enn at det er 95 prosent sannsynleg at 200 000 tonn får høve til å gyte. Difor, og i tråd med beskatningsstrategien, bestemte partane at det ikkje skulle drivast noko kommersielt loddefiske i perioden 2004–2008. I 2009 vart det i tråd med den vitskapelege rådgjevinga, vedteke å opne fisket etter lodde igjen. For 2014 vart loddekvoten først kraftig redusert til 15 000 tonn, men etter at ICES oppdaterte råda vart TAC auka til 64 800 tonn i 2014.

Russland sin kvote for bifangst av vanleg uer og snabeluer utgjer 4000 tonn for 2014. Vidare har Russland ein kvote på 12 000 tonn sei, av dette 7 000 tonn i bifangst ved fiske av torsk og hyse, og 5 000 tonn i direkte fiske. Russland har òg ein kvote på 4500 tonn steinbit som anten kan takast i eit direkte fiske eller som bifangst.

Russland kan i tillegg fiske 20 887 tonn kolmule i Noregs økonomiske sone og i fiskerisona ved Jan Mayen utanfor 12 nautiske mil. Russland kan vidare fiske 3000 tonn andre artar som bifangst.

I det norske fisket på eksklusive russiske bestandar i 2014, har Noreg fått desse kvotane i

russisk økonomisk sone: 4 000 tonn reker, 2500 tonn steinbit, 200 tonn flyndre for både direkte fiske og bifangst og 500 tonn andre artar som bifangst. Den norske kvoten på grønlandssel i Austisen er sett til 7000 vaksne dyr i 2014.

Norsk forvaltning av kongekrabbe er basert på St.meld. nr. 40 (2006–2007) *Forvaltning av kongekrabbe*, som mellom anna inneber ei todelt forvaltning på norsk side. I eit kystnært område aust for 26°Ø vert bestanden forvalta som ein ressurs og fangsten regulert, medan det utanfor dette området er utkastforbod og fri fangst av kongekrabbe. Den norske totalkvoten for reguleringsåret 2013/2014 i det regulerte området er på 1000 tonn hannkrabbar og 50 tonn hokrabbar. Reguleringsåret går frå 1. august til 31. juli. Den russiske kvoten av kongekrabbe var fastsett til 6500 tonn for 2014.

Kontroll

Innanfor ramma av Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen har Noreg og Russland dei seinaste åra gradvis utvida fiskerisamarbeidet til nye område. I 1992 vart partane samde om å innleie eit utvida samarbeid om forvaltnings- og kontrollspørsmål under fiskerikommisjonen. I 1993 vart dei samde om å etablere *Det permanente utval for forvaltnings- og kontrollspørsmål på fiskerisektoren (DPU)*. Gjennom dette samarbeidet er ei rekke konkrete tiltak sette i verk for å betre kontrollen med ressursane både på sjø- og landsida. Mellom anna er det etablert rutinar for eit auka samarbeid mellom kontrollstyresmaktene i dei to landa, inkludert utveksling av informasjon om fangst- og landingsdata.

Grunna mange effektive tiltak, så er UUU-fisket i Barentshavet og Norskehavet kraftig redusert dei siste åra. Dette viser at forvaltninga er god i området og at samarbeidet mellom Noreg og Russland fungerer.

Det er sett i verk fleire tiltak for å oppnå måla om ei berekraftig forvaltning. Mellom anna har Noreg og Russland løpande utveksling av informasjon om omlastingar til havs og landingar i tredjelands hamner av fisk frå fellesbestandar i Barentshavet og Norskehavet, på fartøynivå.

Noreg og Russland er einige om å halde fram med samarbeidet om inspeksjonar av fiskefartøy i NEAFC sitt reguleringsområde og i Barentshavet.

Begge landa gjev difor inspektørar høve til å opphalde seg på den andre parten sine fartøy for å gjennomføre inspeksjonar av fartøy med eigen stats flagg som driv fiske i NEAFC sitt reguleringsområde og i Barentshavet.

Noreg og Russland er òg einige om å vidareføre arbeidet i analysegruppa for 2014. Gruppa består av representantar frå Fiskeridirektoratet og Kystvakta og frå Det føderale fiskeribyrået si territoriale avdeling for Barentshavet og Kvitsjøen og FSB si grenseavdeling i Murmansk fylke. Gruppa kan engasjere ekspertar i arbeidet sitt. Analysegruppa skal òg samarbeide for å samkøyre informasjon på fartøynivå for norske og russiske fartøy. Dette bidreg til å avdekkje moglege brot på fiskerilovgjevinga. Eit anna formål med arbeidsgruppa er å få ei felles vurdering av totaluttaket av torsk og hyse for Noreg, Russland og tredjeland i Barentshavet og Norskehavet. Analysegruppa rapporterer om arbeidet sitt på møta i Det permanente utvalet. Det er for 2009–2012 ikkje avdekt ulovleg overfiske av torsk og hyse i Barentshavet og Norskehavet.

Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen hadde ein ekstraordinær 41. sesjon i Moskva 8.-10. februar 2012. Sesjonen gjaldt i hovudsak arbeidet med å harmonisere det tekniske regelverket for fisket i Barentshavet og Norskehavet, inkludert spørsmål om vernesona ved Svalbard. Eit anna tema på den ekstraordinære sesjonen var utkast av fisk, hovudsakleg fordi Noreg reserverte seg mot den utkastformuleringa som vart skriven på den 40. sesjonen. Bakgrunnen for reservasjonen var at formuleringa førde til store bevisutfordringar i kontrollen med fisket.

Partane vart samde om at dette er sentrale oppgåver for Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjon, og avtalte difor å arbeide vidare med harmonisering av regelverket og spørsmål knytt til utkast av fisk. På den 43. sesjonen vart partane samde om at DPU skal arbeide vidare med spørsmål knytt til utkast av fisk og leggje fram resultatet av arbeidet på neste sesjon i 2014.

På den 41. sesjonen vart partane òg samde om å utarbeide retningslinjer for å gjennomføre inspeksjon av fiskefartøy i Barentshavet og Norskehavet. Målet med retningslinjene er å etablere ei sameint forståing når det gjeld gjennomføring av inspeksjonar. På den 42. sesjonen vart partane einige om å vidareføre arbeidet i arbeidsgruppa.

Noreg – EU (fisket i Nordsjøen, Barentshavet, vest av Dei britiske øyane og ved Grønland)

Strukturen i avtalane

På grunnlag av rammeavtalen med EU om fiskeri, har Noreg frå 1978 og fram til i dag inngått årlege kvoteavtalar om Noreg og EU sitt fiske i Nordsjøen, Noreg sitt fiske vest av Dei britiske øyane og EU sitt fiske i Noregs økonomiske sone i Barentshavet. Noreg vert òg tildelt kvotar frå EU i grønlandske farvatn. Avtalen inneheld føresegnar om forvaltning av felles fiskebestandar og gjensidig løyve til å fiske i den andre parten si fiskerisone. Partane har såleis eit felles ansvar for å forvalte fiskeressursane i Nordsjøen, mellom anna ved årleg å fastsetje totalkvotar for desse bestandane. Det har frå 1979 vore semje mellom Noreg og EU om delinga av totalkvotane for fellesbestandane av torsk, hyse, sei, kviting og raudspette i Nordsjøen. Partane kom i 1997 òg fram til ein avtale om fast fordeling av totalkvotane for nordsjøild.

Eit anna element i kvoteavtalen er byte av kvotar på dei eksklusive bestandane og på enkelte bestandar i Nordsjøen og vest av Dei britiske øyane. I denne utvekslinga av kvotar skal det vere balanse i dei gjensidige tildelingane.

Nivået og omfanget av kvotebyttet har tradisjonelt sett vore ei vidareføring av tidlegare fiske-mønster hos partane, men nivået avheng òg av variasjonar i storleiken på dei ulike bestandane. Dei seinare åra har det utvikla seg ein situasjon der torskeknoten Noreg tilbyr EU har auka kraftig medan bestandar EU gjev Noreg som motyting ikkje har gjort det same. Dette gjer at Noreg i 2014 har halde tilbake rundt 20 000 tonn torsk.

Etablering av forvaltningsplanar og betring av beskatningsmønsteret

Innanfor ramma av det bilaterale fiskerisamarbeidet er Noreg i ein prosess med EU i spørsmålet om langsiktige tiltak i forvaltninga av viktige kommersielle fiskebestandar i Nordsjøen. Det har vore ein tidkrevjande prosess frå einseitige norske merknader i dei årlege kvoteavtalane, til eit meir forpliktande samarbeid for å finne løysingar på problema. Sjølv om ein ikkje gjer alt likt har Noreg og EU eit godt og tett samarbeid på fiskeriforvaltningsområdet.

Partane har forvaltningsplanar for sild, sei, torsk og hyse som legg fast bestandsnivå og tiltaksgrenser som grunnlag for å fastsetje kvotar. Forvaltningsplanane skal ivareta omsynet til ei

forsvarleg forvaltning og bidra til føreseielege rammer. Desse planane er no eit viktig verktøy for forvaltarane. For 2014 vart partane einige om ein ny forvaltningsplan for nordsjøild.

I arbeidet med å forbetre beskatningsmønsteret i Nordsjøen, er utkast av fisk eit særleg og samansett problem. Utkast skjer ofte når ein tek opp fisk som det ikkje er att kvote på, når fisken er under gjeldande minstemål eller når fisken er teken i strid med gjeldande reglar. I tillegg vert det ofte fiska meir enn nødvendig, for å kunne velje ut den økonomisk sett mest verdfulle fisken. Fisk som vert kasta ut går ikkje inn som ein del av fangststatistikken, sjølv om han døyr i denne prosessen. Når fisken ikkje vert teken i land eller registrert som fangst, vert det naturleg nok eit avvik mellom registrert fiskedød og faktisk fiskedød. EU har til no praktisert eit utkastpåbod, medan utkast av fisk er forbode i Noreg. Ei løysing på utkastproblemet har vore ei hovudutfordring for Noreg og EU.

Gjennom forvaltningssamarbeidet med EU har vi etter kvart vorte einige om tiltak for å redusere utkast, mellom anna har EU innført forbod mot utsortering (high-grading). Noreg og EU var òg einige om eit system for stenging og åpning av fiskefelt, for å verne yngel og småfisk. Systemet vart evaluert og frå norsk side såg ein ikkje systemet som effektivt nok; det førde ikkje til stengte felt i norske farvatn og vi vart ikkje einige om eit nytt felles system. Noreg har difor innført eit forbeta system i norske farvatn i Nordsjøen.

EU har nyleg vedteke ein reform av sin felles fiskeripolitikk som mellom anna inneber forbod mot utkast av fisk. Sjølv om reformvedtaket inneheld fleire vage unnatak er det eit viktig steg i rett retning. Innsatsen mot utkast vil likevel truleg prege det allereie tette forvaltningssamarbeidet mellom partane i åra framover. Ministrane med ansvar for fiskeri frå Noreg, Danmark og Sverige underteikna i november 2011 ei felles erklæring om å innføre forbod mot utkast av fisk i Skagerrak. Noreg og EU vart i juli 2012 einige om ein avtale for å implementere dette utkastforbode frå 1. januar 2013. I den samanheng vart det også semje om felles reglar for fiskarane frå dei tre landa i dette området, mellom anna reglar om meir selektive reiskapar i trålfiske etter reker som gjer at det vert mindre uønska bifangst. Dermed vert òg utkastet mindre. EU har ikkje implementert avtalen fordi avtalen vart liggande i Europa-parlamentet. Sverige og Danmark har likevel innført dei nye tekniske reguleringane. Noreg innførte dei nye reglane frå 1. januar 2013.

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2014 og fisket etter avtalane i 2012 og 2013

Tabell 3.1 Følgjande kvotar er fastsett for fellesbestandane i Nordsjøen i 2014 (tonn):

Fiskeslag	TAC	Kvotar til Noreg	Kvotar til EU
Torsk	27 799	4 726	23 073
Hyse	38 284	6 205	32 079
Sei	77 536	40 619	36 917
Kviting	16 092	859	15 233
Raudspette	111 631	7 514	104 117
Sild	470 037	136 311	333 726

Tala inkluderer overføring av 300 tonn raudspette, 2600 tonn hyse og 750 tonn kviting frå Noreg til EU og 300 tonn sei frå EU til Noreg.

Kontroll

Arbeidet for skjerpa kontroll og overvaking av ressursuttaket er ei viktig oppgåve. Dette skjer til dømes ved å utveksle fangststatistikk og landingsdata, inklusiv fiskeaktivitet frå tredjeland, ved å utveksle observatørar som kontrollerer og overvaker og ved satellittsporing av fiskefartøy. I tillegg til satellittsporing er elektronisk fangstrapportering viktig i samband med kontroll. Noreg og EU har ein avtale om elektronisk utveksling av fangst- og aktivitetsdata ved fiske i kvarandre sine soner.

Frå 1. februar 2004 vart det innført like prosedyrar for landing og veging av pelagiske fangstar og eit standard vassstrekk frå slike fangstar på 2 prosent. Dei seinare åra har Noreg og EU lagt vekt på kontrollen med sjølve fisket og med landingar av pelagisk fisk. Det vert lagt særleg stor vekt på kampen mot UUU-fiske (ulovleg, urapportert og uregulert fiske) og difor er kontroll no eit svært sentralt tema i samarbeidet mellom Noreg og EU. Arbeidsgruppa av kontrolllektspertar som har arbeidd med kontroll av pelagiske fangstar, skal halde fram med arbeidet sitt med ulovleg, urapportert og uregulert fiske. For meir om kontroll sjå kapittel 2.6 – 2.8.

2014-avtalen

Noreg og EU undertekna 12. mars 2014 ein kvoteavtale for 2014.

I tråd med forvaltningsplanane er totalkvotane for hyse og sei sett til 38 284 og 77 536 tonn i 2014. Dette er ein nedgang på 15 prosent. Kvitingkvoten på 16 092 tonn er ein nedgang, medan kvoten for raudspette er auka frå 2013 til 2014.

Tabell 3.2 Etter avtalen kan Noreg og EU fiske følgjande kvantum fisk på andre fellesbestandar i 2014 (tonn):

Fiskeslag	Kvotar til Noreg i EU-sona	Kvotar til EU i norsk sone
Augepål	15 000	
Sei	500	
Blålange	150	
Lange	5 500	950
Brosme	2923	170
Kombinert kvote	140	
Reker		357
Hestmakrell	3550	
Andre artar	4 000	7 250
Tunge	10	
Breiflabb		1500
Sjøkreps		1000
Kolmule	100 000	

For nordsjøsild vart partane einige om ein kvote på 470 037 tonn. Partane har høve til å fiske heile eller delar av dei enkelte kvotane i den andre parten si sone i Nordsjøen.

Avtalen inneheld detaljerte føresegnar om kvar desse kvotane kan fiskast og føresegnar om kva andre artar og mengder som kan inngå i fisket på dei enkelte kvotane.

Dei norske banklinekvotane (blålange, lange og brosmen) er noko redusert i 2014. Breiflabb- og sjøkrepskvoten til EU i norsk sone er vidareført.

På grunn av dei seinare års auke i torsk kvoten kan ikkje EU gje Noreg full kompensasjon for deira torsk kvote i Barentshavet. EU vart difor tildelt 20 524 tonn av eit tilbod på 40 531 tonn.

Tabell 3.3 EU er tildelt følgjande kvotar på eksklusive norske bestandar nord for 62°N i 2014 (tonn):

Fiskeslag	Kvoten
Norsk-arktisk torsk	20 524
Norsk-arktisk hyse	1 200
Sei	2 550
Blåkveite (bifangst)	50
Anna (bifangst)	350

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2014 og fisket etter avtalane i 2012 og 2013

Tabell 3.4 Noreg er i 2014 tildelt desse kvotane på eksklusive EU-bestandar (inkludert bestandar i grønlandske farvatn) (tonn):

Fiskeslag	Kvotane
Brisling (EU-sona)	9 000
Blåkveite (EU-sona)	1 000
Reker (Grønland si sone)	2 550
Blåkveite (Grønland si sone)	1 150
Uer (Grønland si sone)	800
Kveite (Grønland si sone)	150
Skolest og isgalt (Grønland si sone)	60

EU sin kvote på torsk nord for 62°N for 2014 er likevel noko auka frå 2013, hovudsakleg på grunn av at Noreg fekk 100 000 tonn kolmule.

I grønlandske farvatn er den norske kvoten på blåkveite vidareført, medan kveite er på same nivå og kvoten på reker er noko redusert. Kvoten på uer er vidareført. Den norske kvoten på brisling i EU-sona vart redusert frå 10 000 tonn til 9 000 tonn. Vidare er kvoten på blåkveite i EU-sona auka.

Noreg – EU (fisket i Skagerrak/Kattegat)

Dei årlege avtalane om fisket i Skagerrak/Kattegat har tidlegare bygd på trepartsavtalen av 1966 mellom Noreg, Danmark og Sverige. EU forhandlar på vegne av Danmark og Sverige.

Avtalen fastset totalkvotar og fordelinga av desse for bestandane torsk, hyse, kviting, raudspette, sild, brisling og reker. Fordelinga av totalkvotane er basert på det tradisjonelle fiskemønsteret i området. Fordelingsmønsteret har vore stabilt. Det norske fisket utgjør ein liten del av det totale fisket, og silde- og rekefisket er av størst interesse for norske fiskarar. EU (Danmark og Sverige) har størstedelen av dei enkelte kvotane.

Noreg og EU vart 12. mars 2014 samde om reguleringane for fisket i Skagerrak og Kattegat i 2014.

Totalkvotane for brisling og reker er noko reduserte, medan totalkvotane for hyse, sild og raudspette er noko auka. Det skjer ei utveksling mellom sildebestandane i Nordsjøen og Skagerrak/Kattegat. Det tidlegare store fisket etter ungsild frå nordsjøsildebstanden i ulike fiskeri med småmaska reiskapar i Skagerrak, er dei siste åra vesentleg redusert. Det er fastsett ein bifangstkvote på totalt 6659 tonn nordsjøsilde i

Tabell 3.5 Kvotane som gjeld for 2014 (tonn):

Fiskeslag	TAC	Kvotar til Noreg	Kvotar til EU
Torsk	3 972	129	3 843
Hyse	2 355	99	2 256
Kviting	1 050	19	1 031
Raudspette	10 056	201	9 855
Reker	6 650	3 099	3 551
Sild	46 750	6 235	40 515
Brisling	33 280	2 496	30 784
Andre artar	10 000		

industrikrålfisket og i brislingfisket i Skagerrak/Kattegat i 2014. Norske fiskarar kan i 2014 fiske inntil 50 prosent av den norske skagerrakkvoten på sild i norsk sone av Nordsjøen.

I følgje Skagerrak-avtalen, var havet utanfor 4 nautiske mil å sjå på som ope hav. I dag har Noreg 12 nautiske mils-territorialfarvatn og økonomisk sone utanfor det. Det finst såleis ikkje ope hav i Skagerrak. Noreg starta difor ein prosess med sikte på å endre rammeverket, slik at det vert i tråd med moderne havrett. Som ein konsekvens av dette sa Noreg opp Skagerrak-avtalen i 2009. Avtalen opphøyrd 7. august 2012. Ein ny avtale om norsk, dansk og svensk fiske i Skagerrak er no forhandla fram. Noreg arbeider med å få framdrift i ratifiseringa av avtalen. Ratifiseringa i EU vil truleg ta noko lenger tid. Dette har likevel ingen praktiske konsekvensar, og fisket held fram som vanleg.

Noreg – EU (Sverige)

Strukturen i avtalen med Sverige har vore stabil, og det har såleis ikkje vorte opna for nye fiskeri.

Kvotavtalen om svensk fiske i den norske delen av Nordsjøen i 2014 vart underskriven av Noreg og EU 12. mars 2014.

Svenske fiskarar fekk desse kvotane i norske farvatn i 2014:

I NØS sør for 62°N: 382 tonn torsk, 707 tonn hyse, 880 tonn sei, 190 tonn samanlagt av lyr og kviting, 123 tonn reker, 866 tonn sild, 247 tonn makrell, 800 tonn industrifisk (av denne kvoten kan inntil 400 tonn vere hestmakrell) og andre fiskeslag på eit tradisjonelt nivå. Kvotane er stort sett ei vidareføring av nivået frå 2013.

Noreg- Færøyane

For første gong sidan 2010 er Noreg og Færøyane einige om ein bilateral avtale om fiskerisamarbeid og kvotebyte. Avtalen gjeld for 2014. I perioden 2011–2013 vart ikkje partane samde om nokon bilateral avtale på grunn av makrellkonflikten. Denne konflikten med Færøyane er no løyst.

Norske fiskarar får ein kvote på 1250 tonn lange/blålange, 1025 tonn brosme og 737 tonn andre artar. I tillegg kan norske fartøy fiske opp til 80 000 tonn av den norske kolmulekvoten for 2014 i færøyske farvatn. Færøyane får ein kvote på 2000 tonn torsk, 400 tonn hyse, 300 tonn sei og 100 tonn andre artar i Noregs økonomiske sone. I tillegg kan Færøyane fiske opp til 10 000 tonn torsk i norske farvatn, og dessutan noko hyse og andre artar som dei har fått gjennom byteavtalen sin med Russland.

Noreg – Grønland

Det har vorte forhandla fram årlege fiskerieravtalar mellom Noreg og Grønland sidan 1991. Samarbeidet på fiskeriområdet med Grønland fungerer godt, og det omfattar også forskingssamarbeid. For norske fiskarar er kvotane på dei kommersielt viktige artane blåkveite, uer og torsk av størst verdi. I tillegg til desse kvotane får Noreg mellom anna reker, blåkveite og uer frå EU i grønlandske farvatn.

Grønlandske fiskarar kan ta desse kvanta i norske jurisdiksjonsområde i 2014:

I NØS nord om 62°N: 3500 tonn nordaust-arktisk torsk, 900 tonn nordaust-arktisk hyse, 700 tonn norsk-arktisk sei og inntil 260 tonn andre artar som bifangst (uer og blåkveite). Kvitane kan òg fiskast i fiskevernsona ved Svalbard. Dette elementet gjeld så lenge trepartsavtalen om lodde står ved lag. Medan kvoten på torsk er uendra frå 2013, er kvotane på hyse og sei redusert frå høvesvis 1050 og 1000 tonn i 2013. Som ein del av avtalen kan grønlandske fiskarar ta delar av dei torske- og hysekvotane som Grønland er tildelt av Russland i Noregs økonomiske sone nord om 62°N, under føresetnad av at Russland godtek ei slik ordning. Dette elementet gjeld òg så lenge trepartsavtalen om lodde står ved lag.

I avtalen forpliktar Grønland seg til å avgrense det totale fisket sitt i Barentshavet til dei artane og kvotane dei har fått tildelt i avtalane med Noreg og Russland, utan omsyn til om fisket skjer i eller utanfor Noreg og Russland sitt jurisdiksjonsområde. For 2014 har Grønland fått overført heile kvoten for fiske i Noregs økonomiske sone nord om 62°N.

Grønland sine kvotar i Nordsjøen er fasa ut.

Dei norske kvotane i Grønlands økonomiske sone er noko endra frå 2013 til 2014. I 2014 kan Noreg fiske følgjande kvanta i Grønland si sone:

Ved Vest-Grønland: 900 tonn blåkveite. Ved fiske etter blåkveite ved Vest-Grønland kan trålfisket berre skje sør om 64°30'N.

Ved Aust-Grønland: 275 tonn blåkveite, 750 tonn pelagisk uer, 600 tonn uer fiska med botntrål/line, 160 tonn kveite og 150 tonn bifangst av andre artar.

Ved Aust- og Vest-Grønland: 1200 tonn torsk.

Noreg og Grønland inngjekk ein avtale om kontrollsamarbeid 4. mars 2005. Avtalen er vidareført i 2014. Partane er einige om å fullføre samarbeidet om å etablere elektronisk fangstdagbok med intensjon om gjensidig rapportering i kvarandre sine soner frå 1. januar 2015.

Noreg – Island

Gjennom trepartsavtalen av 15. mai 1999 mellom Noreg, Island og Russland om visse samarbeidsforhold på fiskeriområdet (Smottholavtalen), greidde norske og russiske styresmakter å gjere slutt på det uregulerte islandske fisket på regulerte bestandar i internasjonalt område i Barentshavet (Smottholavtalen er omtalt i St.meld. nr. 49 (1998–1999)). Den tosidige avtalen mellom Noreg og Island, også av 15. mai 1999, regulerer bytet av fisk mellom Island og Noreg.

Etter den tosidige avtalen kan Island i sesongen 2014 fiske 9 075 tonn nordaust-arktisk torsk i NØS nord om 62°N. For 2013 var tilsvarende tal 9 141 tonn. I tillegg kjem ein bifangstkvote av andre artar i torskefisket på 30 prosent. Som kompensasjon for den islandske torskekvoten har norske fiskarar ein kvote botnfisk og ein loddekvote i Islands økonomiske sone (IØS). Botnfiskkvoten ligg fast på 500 tonn pluss bifangst. Loddekvoten vert justert i takt med totalkvoten for nordaust-arktisk torsk. For 2012/2013 var loddekvoten 26 111 tonn og for 2013/2014 var kvoten 34 921 tonn.

Ein kan be om revisjon av Smottholavtalen i 2014, då avtalen vart vidareført i 2010.

Forvaltninga av norsk vårgytande sild

Frå 1996 til 2003 inngjekk Noreg, EU, Færøyane, Island og Russland årlege kyststatsavtalar om forvaltninga av sild. I desse fempartsavtalane hadde Noreg ein eigardel på 57 prosent. Med basis i prinsippet om sonetilhøyrse, la Noreg fram krav om ein høgare norsk del. Partane kom ikkje fram til nokon fempartsavtale i åra 2003–2006. Men i denne perio-

den inngjekk Noreg bilaterale avtalar med Russland, og for 2006 òg med EU.

18. januar 2007 vart det på ny undertekna ein kyststatsavtale mellom EU, Færøyane, Island, Noreg og Russland om forvaltning av nvg-sild for 2007. Denne avtalen gav Noreg 61 prosent av nvg-silda. Avtalen inneheldt òg ein langsiktig forvaltningsstrategi. Partane var i tillegg samde om bilaterale avtalar om sonetilgang.

For 2014 ønskte Færøyane, på same måte som i 2013, ein høgare del av den totale kvoten. Dei andre kyststatane ville ikkje redusere sine delar av totalkvoten til fordel for Færøyane, og partane klarte ikkje å verte samde om ein ny firepartsavtale. Noreg, Russland, Island og EU inngjekk difor ein firepartsavtale, der partane sette av eit kvantum for det færøyske fisket etter den tradisjonelle fordelingsnøkkelen. Sist haust vart partane, inkludert Færøyane, einige om å kartleggje sonetilhøyrsla til bestanden, og dette arbeidet skal slutførast innan 1. september 2014. Resultatet frå dette arbeidet kan nyttast som grunnlag for drøftingar om ei ny framtidig deling av bestanden mellom dei fem partane.

Totalkvoten (TAC) for 2014 er sett til 418 487 tonn. Noreg sin del på 61 prosent er vidareført i firepartsavtalen og utgjer 255 277 tonn i 2014. Bestanden vert hausta berekraftig, men er prega av ei svak rekruttering etter 2004. Partane er einige om å vidareføre den felles forvaltningsplanen som er i tråd med føre-var-prinsippet, og har som mål å sikre eit høgast mogleg langtidsutbytte.

Etter semje mellom partane er det innført kvotefleksibilitet. Dette gjev kvar av partane høve til å overføre 10 prosent av den nasjonale kvoten til etterfølgjande år. Det er òg høve til å forskotere 10 prosent av kvoten for etterfølgjande år. Alt overfiske (også utover 10 prosent) må likevel trekkjast frå kvoten for det etterfølgjande året. Det var semje om at denne avgrensinga òg gjer det mogleg å sanksjonere overfiske utover 10 prosent. I tilknytning til firepartsavtalen vart partane bilateralt einige med Russland, Island og EU om å vidareføre sonetilgangen i 2014 på same relative nivå som i tidlegare år:

- Fartøy frå Island kan fiske 60 722 tonn sild i fiskerisona rundt Jan Mayen og i NØS nord for 62°N, men ikkje meir enn 11 299 tonn i NØS. Om Island skulle nytte mindre enn 8 370 tonn i NØS i 2014, får Island ein tilleggskvota frå Noreg på 419 tonn i 2014. Norske fartøy kan fiske 29 425 tonn i islandsk økonomisk sone.
- Fartøy frå Russland kan fiske heile sin kvota på 53 650 tonn i norske farvatn nord for 62°N.
- EU kan fiske 24 519 tonn i norske farvatn nord for 62°N.

Forvaltninga av lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen

Ein trepartsavtale om loddebestanden ved Island, Grønland og Jan Mayen vart underskriven 12. juni 1989. Rammeavtalen om reguleringane i loddefisket er forhandla på nytt tre gonger: 25. juni 1992, 29. juni 1994 og 18. juni 1998. Dei mest sentrale elementa i desse avtalane omhandlar kva prosentdelar dei tre partane skal ha av totalkvoten for lodde, og i kva omfang partane kan fiske av sin kvote i sonene til dei andre partane kvar loddesesong.

Island valde 30. oktober 2002 å seie opp trepartsavtalen med Noreg om regulering av lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen. Avgjerda hadde verknad frå 1. mai 2003. På denne bakgrunnen opna nye forhandlingar mellom partane i juni 2003. Forhandlingane førde fram til ein ny avtale basert på hovudelementa i den tidlegare avtalen. Den nye avtalen vart undertekna 9. juli 2003. Hovudendinga var at avtalen gjeld for eitt år om gongen, framfor tre år i den gamle avtalen. Vidare vart artikkel 10 om satellittsporing teken ut, fordi punktet var forelda.

Forvaltninga av kolmule

Noreg, EU, Færøyane og Island har inngått ein kyststatsavtale om forvaltninga av kolmule for 2014. Bestanden er i god forfatning og vert hausta berekraftig. Totalkvoten aukar frå 2013 og er sett til 1,2 millionar tonn i 2014. Innanfor denne kvoten har kyststatane gjennom NEAFC òg lagt til rette for ei avsetning til andre land sitt fiske i internasjonalt farvatn.

Partane forhandla i fleire rundar for å verte einige om ein ny forvaltningsplan, men dei vart ikkje samde. Kvoten er likevel fullt ut berekraftig i følgje rådgjevinga frå ICES. Noreg og EU vart einige om ein liten auke i den gjensidige sonetilgangen for 2014. Norske fartøy kan etter dette fiske 177 983 tonn i EU-farvatn i 2014.

Den norske kvoten gjennom avtalen er på 289 874 tonn kolmule i 2014.

Forvaltninga av makrell

På bakgrunn av ekspansjonen i det uregulerte makrellfisket i internasjonalt farvatn, fremma Noreg, EU og Færøyane eit felles forslag om regulering av makrellfisket i internasjonalt farvatn på det ekstraordinære årsmøtet i NEAFC 8.-9. februar 1999. Forslaget vart vedteke mot stemmene til Russland og Island.

Med det felles forslaget aksepterte Noreg og EU implisitt at Færøyane er kyststat til makrellbestanden. Dette førte til at dei tre partane kunne starte forhandlingar om å etablere eit nytt forvaltningsregime for makrell. Drøftingane vart sluttførte 19. november 1999 då dei tre partane underteikna ein avtale om forvaltninga av makrell i Nordaust-Atlanteren for 2000.

Trepartsavtalen inneheldt ein sameint langtidstrategi for forvaltninga av makrell som skulle sikre at uttaket av bestanden skjedde innanfor forsvarlege biologiske rammer. Avtalen vart revidert og endra hausten 2008 etter råd frå ICES. Dette skulle gje grunnlag for eit berekraftig fiske og høgt langtidsubytte.

Partane vart ikkje einige om ein ny trepartsavtale for 2010. Noreg og EU inngjekk difor ein tiårig bilateral prinsippavtale om forvaltninga av makrell 26. januar 2010. I avtalen vart partane mellom anna samde om fordelinga seg imellom og tilgang til kvarandre sine farvatn for fisket etter makrell.

15.-18. mars 2010 møttest Noreg, EU, Færøyane og Island med sikte på å inngå ein ny kyststatsavtale om framtidig deling og forvaltning av makrell. Dette var første gong Island deltok på lik linje med dei opphavlege kyststatane. Russland deltok som observatør. Forhandlingane vart avslutta utan resultat. Usemja gjaldt Island og Færøyane sine krav om høgare del av kvoten og spørsmålet om sonetilgang.

I løpet av åra 2010–2013 har det vorte halde 13 forhandlingsrundar om forvaltning av makrell, utan at partane nærma seg nemneverdig. Noreg og EU inngjekk difor årlege bilaterale avtalar om forvaltning av makrell for desse åra. Etter ytterlegare sju forhandlingsrundar, vart det i mars 2014 klart at ein heller ikkje for 2014 ville verte samde om ein kyststatsavtale. Etter det siste møtet mellom dei fire kyststatane viste det seg å vere mogleg å oppnå einigheit mellom Noreg, EU og Færøyane om ein trepartsavtale. Det vart difor starta nye samtalar, og ein ny trepartsavtale om deling og forvaltning av makrell vart underteikna i London 12. mars 2014. Avtalen gjev Noreg ein kvote på 279 115 tonn i 2014. Avtalen gjeld for fem år og dei tre partane er einige om å halde fast på den relative fordelinga seg i mellom i avtaleperioden. I tilknytning til trepartsavtalen vart Noreg og Færøyane einige om gjensidig sonetilgang i kvarandre sine farvatn. Den gjensidige sonetilgangen som Noreg har hatt med EU gjennom den bilaterale avtalen er også vidareført.

Forvaltninga av uer

Det finst tre artar av uer i Nordaust-Atlanteren. Det er størst kommersiell interesse knytt til snabeluerbestandane i Irmingerhavet, i Barentshavet og i Norskehavet. Desse vert utnytta av fleire statar.

Snabeluer i Irmingerhavet

I følgje nedtrappingsplanen skal partane ikkje hauste meir enn 20 000 tonn i 2014.

Partane i prosessen om deling og regulering av snabeluer i Irmingerhavet er kyststatane Island, Grønland og Færøyane og ikkje-kyststatane EU, Noreg og Russland. Alle partane utanom Russland vart i mars 2011 samde om ein fordelingsnøkkel og nedtrappingsplan for fisket. Noreg har i denne avtalen 3,85 prosent av totalen. Det samla uttaket har vore altfor høgt. Uttaket var òg i 2013 vesentleg høgare enn ICES si tilråding, fordi Russland, som ikkje godtek allokeringssøkelen og nedtrappingsplanen, har gitt seg sjølv ein svært høg kvote. Heller ikkje i 2014 er Russland part i avtalen. Noreg fiska heile sin kvote i 2012 og 2013.


Snabeluer i Barentshavet og Norskehavet

I 2005 starta eit nytt fiskeri etter snabeluer på det opne hav i Norskehavet. Denne uerbestanden er hovudsakleg i norsk sone, men delar av bestanden dreg på næringsvandring i område utanfor norsk fiskerijurisdiksjon i om lag tre månader om hausten. ICES har for 2014 tilrådd ein kvote på 24 000 tonn.

NEAFC sette i 2008 i gang ei uavhengig utgreiing med tanke på å etablere eit vitskapleg fundament for ein fordelingsnøkkel. Rapporten konkluderte med at sonetilhøyrsla til Noreg ligg på rundt 74 prosent. I tillegg kjem vår del av fisket kring vernesona rundt Svalbard. Russland er også kyststat til snabelueren, men med ein langt lågare del.

I oktober 2013 vart det halde eit NEAFC-møte med sikte på å verte einige om kor stor del av kvoten som skal setjast av til fiske på det opne hav i Norskehavet, og ein fordelingsnøkkel for denne kvoten. Partane sto som venta langt frå kvarandre, og møtet vart utan resultat. Trass i at berre ein liten del av bestanden har tilhald utanfor norsk fiskerijurisdiksjon, vedtok NEAFC at 19 500 tonn av kvoten på 24 000 tonn som ICES tilrår for 2014, skal fiskast på det opne hav i Norskehavet. Fisket er regulert som eit «olympisk» fiske, der alle kappfiskar inntil totalkvoten er teken og fisket vert stogga. Noreg har reservert seg mot denne

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2014 og fisket etter avtalane i 2012 og 2013



Figur 3.2 NAFO sitt konvensjonsområde.

avgjerda og sett ein kvote på 17 280 tonn til fiske i eigen sone. Arbeidet med å få til ei fordeling og ei betre forvaltning av ueren vil halda fram. Det vert gjennomført nye forhandlingar i mai 2014.

NAFO

Det overordna målet til Den nordvestatlantiske fiskerierorganisasjonen (NAFO) er å bidra, gjennom konsultasjonar og samarbeid, til langsiktig bevaring, optimal utnytting og rasjonell forvaltning av fiskeressursane i konvensjonsområdet. NAFO har i 2013 12 medlemsland, frå Nord-Amerika, Europa, Asia og Karibia. Fire av medlemslanda er kyststatar til konvensjonsområdet: USA, Canada, Frankrike (på vegner av St.Pierre et Miquelon) og Danmark (på vegner av Færøyane og Grønland). NAFO-sekretariatet ligg i Dartmouth i Canada.

NAFO har i dei seinare åra lagt vekt på å modernisere organisasjonen, inkludert nødven-

dige endringar av sjølve NAFO-konvensjonen, og har vedteke ein revidert konvensjonstekst. Den nye konvensjonen tek mellom anna omsyn til føre-var-prinsippet, økosystembasert forvaltning, etablering av ein mekanisme for tvisteløysing og strukturelle endringar av organisasjonen. Endringane av konvensjonen vart vedteke på årsmøtet i 2007. På årsmøtet i 2008 vart den reviderte konvensjonsteksten vedteken i plenum. Noreg har ratifisert den reviderte konvensjonen, men han har enno ikkje tredd i kraft.

Etter ti år med moratorium vart direktefisket etter torsk i reguleringsområde 3M opna igjen i 2010. Totalkvoten vart fordelt etter den historiske fordelingsnøkkelen, noko som innebar at Noreg fekk behalde sin del på 9,25 prosent. I 2011 og 2012 vart tilrådinga frå havforskarane følgd. For 2013 vart TAC sett til 14 113 tonn. Den norske kvoten vart på 1 305 tonn. For 2013 og 2014 kom ikkje vitenskapskomiteen med nokon konkret TAC-tilråding, men la fram tre føre-var-fangstsenario med ulike fiskedødsrater. TAC for 2014 er sett til 14 521.

Noreg har sidan 1993 fiska reker på Flemish Cap. Det har føregått to separate rekefiskeri i dette området, eitt i reguleringsområde 3M og eitt i reguleringsområde 3L. På grunn av den dårlege bestandssituasjonen vedtok NAFO, i tråd med havforskarane si tilråding, eit moratorium på rekefisket i 2011 i område 3M. I rådgjevinga for 2012, 2013 og 2014 stadfesta forskarane den sviktande bestandssituasjonen, og tilrådde ei vidareføring av moratoriet. Årsmøtet i NAFO vedtok å følgje denne tilrådinga også for 2014.

I åra før 2011 låg totalkvoten for reker i reguleringsområde 3L på 30 000 tonn. For 2011 tilrådde vitenskapskomiteen i NAFO å redusere TAC. Partane vart samde om ein reduksjon over to år. TAC vart fastsett til 19 200 tonn for 2011 og til 17 000 tonn for 2012. For 2012 tilrådde havforskarane å redusere totalkvoten ytterligere. På årsmøtet vart partane ikkje samde om å følgje tilrådinga frå forskarane, og fleirtalet vedtok ein totalkvote på 12 000 tonn, mot forskartilrådinga på 9 350 tonn. Noreg og Island stemde i mot. Årsmøtet i NAFO vedtok å følgje tilrådinga for 2013, som var lågare enn nedtrappingsplanen. For 2014 vart det vedteke ein TAC på 3 400 tonn, i strid med tilrådinga om moratorium. Noreg og fleire andre stemde imot.

Noreg har også kvoterettar i NAFO på 30 prosent av totalkvoten for lodde i reguleringsområde 3NO. Grunna den dårlege bestandssituasjonen har det lenge vore forbode å drive direktefiske på denne arten.

Bestandsevalueringa for blåkkeite har lenge vore vurdert som usikker. Ei arbeidsgruppe vurderte difor i 2010 alternative forvaltningsstrategiar og haustingsreglar. Forvaltningsplanen har ein haustingsregel der TAC vert fastsett på grunnlag av toktrusultat. Regelen inneber samtidig at TAC ikkje kan variere med meir enn fem prosent frå det eine året til det andre. Med utgangspunkt i modellar frå arbeidsgruppa vedtok årsmøtet i NAFO ein TAC for 2011 på 17 500 tonn. I tråd med forvaltningsstrategien vart det fastsett ein totalkvote på 16 326 tonn for 2012. For 2013 var vitenskapkomiteen sin tilråding at TAC ikkje burde overstige 12 739 tonn. fem-prosentregelen inneber likevel ein TAC på 15 510 tonn, og det vart vedteke for 2013. I 2014 var det óg semje om å følgje haustingsregelen, men tilrådinga låg då innanfor regelen, i motsetnad til tidlegare år. For 2014 vart det fastsett ein TAC på 15 441 tonn. Det vart også vedteke å utsetje revisjonen av haustingsregelen til 2017 på grunn av stor arbeidsmengd i vitenskapkomiteen. Heile kvoten er delt mellom dei som har fiska mest etter blåkkeite i NAFO-området dei siste åra. Noreg er ikkje blant desse landa, og kan ikkje fiske blåkkeite før totalkvoten kjem opp på 30 000 tonn eller meir.

NAFO har dei siste åra arbeidd for å implementere fiskeriresolusjonen som FN vedtok i 2006 (UNGA 61/105) om å regulere fisket med botnreiskapar slik at sårbare marine økosystem vert skåna. NAFO har òg arbeidd med FAO sine retningslinjer for djuphavsfiske på ope hav. Konvensjonsområdet er delt inn i tre kategoriar: noverande område, stengde område og nye fiskeområde. NAFO har formelt vedteke eit kart som viser dei noverande områda. NAFO har vidare vedteke at det skal stillast ulike krav i noverande og i nye område. Men dersom fisket i noverande område inneber store endringar samanlikna med tidlegare år, til dømes bruk av nye reiskapstypar, eller på bakgrunn av ny vitenskapleg informasjon, vil dei strengaste reglane verte nytta.

NAFO vedtok på årsmøtet i 2006 å stengje fire sensitive område for fiske med botnreiskapar. I dag er i alt 19 område i NAFO stengde for fiske med botnreiskapar. Desse inkluderer 12 viktige korall- og svampområde, eit korallområde og seks område med undersjøiske fjell.

NAFO har i tillegg vedteke regelverk som regulerer botnfiske og fartøya sine handlingar ved samanstøyt (kome i kontakt med) med sårbare marine økosystem. Grenseverdiane for samanstøyt har vorte redusert fleire gongar, og er no sett til 7 kg av korallarten sjøfjær, 60 kg andre levande korallar og 300 kg svamp. På årsmøtet i

2011 vart grenseverdiane for svamp reduserte frå 800 kg svamp per fangst til 600 kg for noverande område og til 400 kg for dei nye ufiska områda. Fartøyet pliktar ved samanstøyt, uavhengig av område, å stoppe fisket, rapportere hendinga og flytte minst to nautiske mil frå staden med sårbare marine økosystem. Årsmøtet i 2013 vedtok å utvide stengde område for vern av «large gorgonians» og sjøfjær. Eitt nytt område for vern av sjøfjær, vart også stengd.

I utgangspunktet er fiske med botnreiskapar ikkje tillate i dei nye områda. Det er likevel gitt høve til eit forsøksfiske. Det er strenge krav når det gjeld rapportering og planlegging. Mellom anna er det plikt til å ha ein vitenskapleg observatør om bord. På grunnlag av rapportar frå forsøksfiske og vitenskapleg rådgjeving kan NAFO opne for generelt fiske i avgrensa område.

Hamnestatskontrollregimet for NAFO vart vedteke på årsmøtet i 2008. Teksten baserer seg i stor grad på NEAFC sitt system. NAFO si svarteliste vart på årsmøtet i NEAFC i 2007 inkludert i svartelista til NEAFC. Vidare er det eit krav om 100 prosent satellittsporing og observatørdekning i NAFO sitt område.


Meir informasjon finst på NAFO sine heimesider: <http://www.nafo.int>.

NEAFC

Den nordaustatlantiske fiskerikommisjonen har som formål å sørge for ei langsiktig bevaring og optimal utnytting av fiskeressursane i konvensjonsområdet. Kommisjonen skal vidare leggje til rette for ei berekraftig, samfunnsøkonomisk optimal og miljøvennleg utnytting av fiskeressursane. Partane til NEAFC er Danmark (på vegner av Færøyaner og Grønland), EU, Island, Noreg og Russland. Sekretariatet ligg i London.

I 2004 og 2005 vart det vedteke endringar i konvensjonsteksten for å gje organisasjonen mandat til å gjennomføre ei meir heilskapleg og økosystembasert forvaltning av ressursane i konvensjonsområdet, og leggje til rette for å opprette ein eigen tvisteløysingsmekanisme i NEAFC. Forslaget inneber at konvensjonsteksten vert oppdatert i høve til den utviklinga som har skjedd på dette området sidan 1982, så som havrettstraktaten, FN-avtalen om fiske på det opne hav m.v. Partane har òg slutta seg til ei erklæring der dei forpliktar seg til å tolke konvensjonsteksten i tråd med dei vedtekte konvensjonsendringane fram til at dei trer i kraft. Alle partane har ratifisert endringane i konvensjonen, med unntak av Russland når det gjeld endringa om tvisteløysing.

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2014 og fisket etter avtalane i 2012 og 2013



Figur 3.3 NEAFC sitt konvensjonsområde merka i blått, myndigheitsområde er merka i oransje.

Den viktigaste funksjonen til NEAFC i dag er difor å bidra til å utvikle gode regionale kontrollregime og ei meir økosystembasert forvaltning av havområda. NEAFC sine myndigheitsområde er i utgangspunktet avgrensa til områda utanfor 200-milssonene. Når det gjeld reguleringar av fisket på bestandar som vandrar både innanfor og utanfor 200 nautiske mil, har kommisjonen i første rekkje ein samordnande funksjon. NEAFC kan likevel gjere vedtak om reguleringstiltak innanfor den økonomiske sona til ein part, dersom vedkommande part ønskjer det og støttar at eit reguleringstiltak vert sett i verk. NEAFC-konvensjonen gjeld i utgangspunktet for alle fiskeressursar i konvensjonsområdet, med unnatak av sjøpattedyr og langtmigrerende artar (langtvandrande artar) i den grad dei er omfatta av andre internasjonale avtalar (til dømes tunfisk).

Fiskerireguleringar

NEAFC har i første rekkje ein samordnande funksjon i reguleringa av fisket etter bestandar som vandrar mellom partane sine økonomiske soner og internasjonalt farvatn. Det gjeld kolmule, uer, norsk vårgytande sild og makrell. Det vert gjort kyststatsavtalar for desse bestandane. Desse er skildra ovanfor.

I tillegg til at kyststatane kan fiske sin del av kolmulen i internasjonalt farvatn, vert det sett av ein kvote til fiske i NEAFC sitt reguleringsom-

råde. For 2012 var kvoten på 56 851 tonn. Avsetninga til Russland og Grønland var høvesvis 29 002 og 2117 tonn. For 2013 var kvoten i NEAFC på 93 490 tonn. Avsetninga til Russland og Grønland var høvesvis 47 694 og 3481 tonn. For 2014 var kvoten i NEAFC på 174 476 tonn. Avsetninga til Russland og Grønland var høvesvis 89 009 og 6497 tonn.

Kyststatane Island, Færøyane og Grønland og ikkje-kyststatane EU og Noreg vart i mars 2011 einige om ein forvaltningsavtale for uer i Irmingehavet. Avtalen inneber ein gradvis reduksjon av TAC frå 38 000 tonn i 2011 til 20 000 tonn i 2014. Russland har så langt ikkje vorte med på avtalen på grunn av usemje om del av kvoten og den vitskapelege rådgjevinga. Mot Russland si stemme vart det på årsmøtet i 2013 vedteke ein totalkvote for 2014 på 20 000 tonn. Dette gjev ein norsk kvote på 770 tonn.

Noreg har på fleire årsmøte foreslått eit forbod mot direktefiske av uer i Norskehavet, i tråd med den vitskapelege rådgjevinga frå ICES. Noreg har ikkje fått tilstrekkeleg støtte til forslaga, og det vart for 2012 fastsett kvote på 7500 tonn. For 2013 tilrødde ICES ein kvote på totalt 47 000 tonn uer i Barentshavet og Norskehavet. I samsvar med avtale i Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjon fremma Noreg eit forslag om ein kvote på 15 000 tonn i internasjonalt farvatn, av omsyn til usikkerheita i rådet frå ICES. EU fremma forslag om 47 000 tonn. Partane vart til slutt einige om ein kvote på 19 500 tonn for 2013. For 2014 tilrødde ICES ein kvote på 47 000 tonn. Noreg foreslo før møtet ein kvote på 1416 tonn i internasjonalt farvatn, og viste til sonetilhørslerapporten frå 2009 som seier at dette er ein bestand som hovudsakleg er å finne i norsk og russisk farvatn, men forslaget fekk ikkje støtte. Det vart difor vedteke å ha same kvote som i 2013, det vil seie 19 500 tonn.

I kyststatsavtalen for norsk vårgytande sild for 2012 vart det, som ved tidlegare år, fastsett at dei nasjonale kvotane kunne fiskast i NEAFC sitt reguleringsområde. Totalkvoten i 2012 var på 833 000 tonn. Den norske delen på 61 prosent ligg fast og utgjorde 508 130 tonn i 2012. For 2013 inngjekk Noreg, EU, Island og Russland ein firepartsavtale om nvg-sild. Færøyane var ikkje part i avtalen på grunn av usemje om deira del av kvoten. I firepartsavtalen vart det sett av ein kvote til fiske i internasjonalt farvatn i tråd med den tidlegare kyststatsavtalen. Færøyane er heller ikkje part i avtalen for 2014 og ein har, som for 2013, sett av ein kvote til fiske i internasjonalt farvatn.

Makrellkvoten i NEAFC vart tidlegare fastsett i trepartsavtalen mellom Noreg, EU og Færøyane.

Kvoten vart fordelt etter fastsette prosent, der kyststatane fekk 50 prosent til fordeling, medan Russland og Island fekk høvesvis 47 prosent og 3 prosent. På bakgrunn av manglande semje om ein kyststatsavtale for 2010, 2011, 2012 og 2013 vart det for desse åra fastsett ei ad hoc-regulering av makrellfisket i NEAFC. Denne regulerte mellom anna sonetilgangen til fiske av makrell i internasjonalt farvatn. For 2014 vart Noreg, EU og Færøyane einige om ein trepartsavtale om fordeling og forvaltning av makrell. Island er ikkje part i avtalen. Partane kan fiske sine nasjonale kvotar i NEAFC sitt reguleringsområde. I trepartsavtalen vart det i tillegg sett av ein kvote til fiske i internasjonalt farvatn. For 2014 er denne kvoten 42 537 tonn.

EU la for 2012 fram eit forslag om forbod mot fiske etter arten orange roughy, i tråd med dei vitenskaplege tilrådingane. Danmark (på vegner av Færøyane og Grønland) la fram eit forslag om å vidareføre reguleringa frå 2011. Noreg støtta forslaget til EU. Ingen av forslaga fekk kvalifisert fleirtal under årsmøtet og det vart såleis ikkje vedteke noka regulering for 2012. Både EU og Danmark (på vegner av Færøyane og Grønland) fremma sine forslag på nytt under årsmøtet i 2012. For å sikre ei regulering av arten, valde Noreg å støtte Danmark (på vegner av Færøyane og Grønland), og forslaget på 150 tonn per kontraktspart vart vedteke. Denne reguleringa gjeld også for 2014.

Årsmøtet i 2011 vedtok å vidareføre eit melombels forbod mot fiske av brugde (heile konvensjonsområdet), pigghå og håbrann (NEAFC sitt reguleringsområde) frå 2012 til 2014. For 2012 vedtok kommisjonen i tillegg forbod mot direktefiske av ei rekkje djuphavshaier i NEAFC sitt reguleringsområde. Forboda vart vidareført for 2013 og 2014. I tråd med tilråding frå ICES, la Noreg for 2014 fram eit forslag om å regulere fisket etter skolest på Den midt-atlantiske rygg. Ein totalkvote på 1350 tonn for 2014 vart vedteken mot EU si stemme.

Det pågår for tida eit arbeid i NEAFC som har til mål å forbetre reguleringane som gjeld djuphavsartar. Medan ein ventar på dette er innsatsreduksjonen i fisket etter djuphavsartar, som NEAFC vedtok i 2009, vidareført også for 2014.

Områdeforvaltning

NEAFC stengde i 2004 fem område for botntråling og faststående reiskapar. Årsmøtet i 2006 vedtok å stengje ytterlegare fem område. I 2009 vart dei stengde områda reviderte etter forslag frå Noreg. Mellom anna vart det vedteke å utvide eit

område stengd for botntråling på Hattonbanken og å stengje eit område for fiske etter blålange utanfor Islands økonomiske sone. Dette er vidareført for 2014. I tillegg er det stengde området på Hattonbanken utvida, og eit nytt område på Eodorabanken er stengt.

Kommisjonen vedtok under årsmøtet i 2008 operasjonelle reglar for fiske i sårbare område. Desse reglane vart justerte først under årsmøtet i 2009 og så i 2012. I reglane er det mellom anna stilt strenge krav når det gjeld rapportering og plikt til å ha ein vitenskapleg inspektør om bord i nye område. Fartøy pliktar ved samanstøyt, uavhengig av område, å stoppe fisket, rapportere hendinga og flytte minst to nautiske mil frå staden med sårbare marine økosystem.

Alle tiltaka som er vedtekne om marine verneområde og botnfiskeri er element i NEAFC si oppfølging av fiskeriresolusjonen til FN frå 2006 og FAO sine retningslinjer om botnfiskeri frå 2008. I september 2011 deltok NEAFC og kontraktspartane på eit arbeidsmøte i FN. Møtet dreia seg om oppfølginga av resolusjonane i dei regionale organisasjonane og dei enkelte statane. Dette var eit ledd i rapporteringa til FNs generalforsamling om oppfølginga frå NEAFC av FN-resolusjon 61/1050 og 64/72.

PECMAS (som er NEAFC sin underkomité for forvaltning og vitenskapleg rådgjeving) gjekk i 2012 gjennom NEAFC sitt botnfiskregelverk. Hovudkonklusjonen var at botnfiskreguleringane i stor grad oppfyller dei krav som vert stilt av generalforsamlinga i FN og av FAO. Nokre enkeltelement i reguleringane kan likevel verte betre. Dette vart det arbeid vidare med i 2013 og arbeidet held fram i 2014.

På årsmøtet i 2010 vart det teke initiativ til eit utvida samarbeid med OSPAR om områdeforvaltninga i Nordaust-Atlanteren, og å få til eit felles arbeidsmøte med NEAFC, OSPAR og CBD i 2011. Det vart difor halde eit felles arbeidsmøte om identifisering av økologiske eller biologiske signifikante område (EBSA) i september 2011. ICES vurderte rapporten frå møtet og peika på fleire svakheiter i rapporten. ICES tilrådde til slutt at fire område vart melde inn til CBD som EBSA-område. Etter behandling i PECMAS, vart det til årsmøtet i 2013 lagt fram forslag om å melde inn tre av områda til CBD saman med OSPAR. Ingen av partane var ueinige i PECMAS sitt forslag, men på grunn av behov for å ha tid til å avklare interne prosessar med tanke på kontinentalsokkelkrav i områda, vart det vedteke å ikkje melde områda inn til CBD i denne omgang.

Kontroll og handhevingsregimet

NEAFC oppretta svarteliste i 2005. Regelverket gjeld for fartøy som ikkje fører flagget til eitt av medlemslanda i NEAFC og aktivitet både i internasjonalt farvatn og i medlemslanda sine økonomiske soner. Fartøy som står på svartelistene til NAFO, CCAMLR og SEAFO, og som ikkje er flagga i nokon av NEAFC-landa, skal inkluderast i svartelista.

NEAFC sette i kraft reglane for hamnestatskontroll 1. mai 2007. NEAFC har òg sett i verk eit omfattande opplegg for satellittovervaking av fiskeria i Nordaust-Atlanteren.

I 2009 vedtok NEAFC eit forbod mot utkast i NEAFC sitt reguleringsområde for dei viktigaste artane som vert regulerte av NEAFC i anneks I A i kontroll- og handhevingsregimet. EU røysta imot tilrådinga, og har reservert seg mot vedtaket.

Under årsmøtet i 2013 vart NEAFC sitt kontroll- og handhevingsregime endra slik at det no er fullt i samsvar med den internasjonale hamnestatsavtalen som er forhandla fram under FAO.


Meir informasjon finst på NEAFC sine heimesider: <http://www.neafc.org/>

IWC

Noreg er ein av dei opphavlege partane til konvensjonen om regulering av kvalfangst av 1946, som regulerer fangst og bevaring av større kvalartar. Konvensjonen har i dag 89 partar. Den internasjonale kvalfangstkommissjonen, IWC, er overvakingorganet til konvensjonen. IWC har som hovedoppgåve å sikre ei berekraftig forvaltning og bevaring av dei større kvalressursane. I 1982 vedtok IWC eit totalforbod mot all kommersiell kvalfangst. Noreg har reservert seg mot dette forbodet, og er difor ikkje bunde av det. Frå 1994 til 2006 arbeidde IWC utan å lukkast med å få på plass eit revidert forvaltningsregime. Det var tanken at eit revidert forvaltningsregime skulle opne for kommersiell kvalfangst.

Forskarane i IWC har etablert spesielle prosedyrar for å vurdere dei ulike kvalbestandane og uttaket av dei. Kvotutrekningsmodellen, som er svært konservativ, er utvikla slik at han kan brukast til å rekne ut kvotar for alle bardekvalartar. Den norske kvoten vert fastsett på bakgrunn av det arbeidet som er gjort i IWC sin vitenskapskomiteé. For 2014 har Noreg fastsett ein kvote på 1286 vågekval.

Etter vedtak i regjeringa har ein sidan 2006 kunne ta kvoten i heile forvaltningsområdet til IWC, som er noko større enn havområda under



Figur 3.4 Underområde i forvaltninga av vågekval.

norsk jurisdiksjon. Det vil seie at det vart opna for fangst i internasjonalt farvatn mellom Noregs økonomiske sone og fiskerisona ved Jan Mayen.

I 2009 og 2010 var ikkje dei norske kvotane fordelt på underområda, altså Svalbardområdet (ES), Barentshavet (EB), dei to forvaltningsområda sør til Nordsjøen (EW og EN) og Jan Mayenområdet (CM). Fangarane kunne dermed ta kval der dei fann det mest tenleg innanfor desse områda.

Allereie etter to år av den inneverande seksårige forvaltningsperioden (2009-2014) skapte dette ei skeiv utvikling i fangsten. Fangstane var, på grunn av høge konsentrasjonar av kval, for store i underområdet ES (ved Svalbard) både i 2009 og 2010 til at dette kunne halde fram ut 6-årsperioden. For fangstsesongen 2011 vart kvoten i ES difor i utgangspunktet sett til 65 dyr. Dette skapte problem for fangarane og i juni 2011 vart det opna for fri fangst også i ES.

For 2012 vart det bestemt at grensa mellom underområda ES (Svalbardområdet) og EB (Barentshavet) skulle opphevast i forvaltningsordninga for kval, og at det som ein følgje av dette vart opna for fri fangst i underområda i 2012, 2013 og 2014. Denne framgangsmåten vart grunngeven biologisk: Vi har i dag gode nok data og forskning, m.a. gjennom DNA-registeret for fanga kval, til å konkludere med at det ikkje er underbestandar av vågekval i dei områda som fangsten gjeld, og at det difor er vitenskapleg og forvaltningmessig forsvarleg å slå områda saman. Det hadde vore ønskjeleg at vitenskapskomiteen slutta seg til denne områdeinndelinga, men det ser ut til å vere vanskeleg å få til så bevaringsorientert som deler av komiteen er.

Under vitenskapskomiteen sitt møte i 2008 var det ein gjennomgang der all ny kunnskap (teljin-

gar, genetiske data, etc.) vart oppsummert og diskutert. Den norske delegasjonen presenterte eit forslag til nytt bestandsestimat basert på teljingane for perioden 2002–2007. Det nye estimatet er 103 000 dyr for totalområdet, 79 000 for den austlege delen og 24 000 for Jan Mayen-området. Dette estimatet er veldig nær estimatet frå førre teljeperiode (107 000), men er nok meir usikkert. Det står att noko utrekningsarbeid for å redusere usikkerheita før estimatet kan godkjennast for bruk i IWC sin reviderte forvaltningsprosedyre, RMP. Punkttestimatet (103 000) er akseptert. Under diskusjonen om forslaget vart det fremma ei liste med forslag til kva som bør gjerast før endeleg godkjenning. Modellen som vert brukt til å rekne ut usikkerheita til bestandsstorleiken, er tidlegare akseptert, men det ligg føre ei rekkje forslag til korleis han kan gjerast betre. Det nye bestandsestimatet vart endeleg godkjent på IWC sitt årsmøte i juni 2010. Teljingane og nye utrekningar om vågekval i norske farvatn for neste seks-årsperiode (2014–2019), vert avslutta i 2014 med behandlinga i IWC sin vitskapskomité.


Meir informasjon finst på IWC sine heimesider: <http://www.iwcoffice.org/>

NAMMCO

Den nordatlantiske sjøpattedyrkommissjonen, NAMMCO, vart etablert i 1992. Hovudoppgåva var å arbeide for vern og forvaltning av sjøpattedyr i Nord-Atlanteren basert på vitskaplege råd. Arbeidet er konsentrert om småkval, sel og kvalross, men studiane og samarbeidet omfattar òg dei store kvalartane. Noreg er saman med Færøyane, Grønland og Island medlem i kommissjonen. Danmark, Russland, Canada og Japan møter regelmessig som observatørar, og Canada og Russland tek aktivt del i arbeidsgrupper.

NAMMCO har lukkast godt i arbeidet med å forbetre jaktmetodar, eit arbeid som har interesse langt utover medlemslanda i NAMMCO. Representantar frå alle dei nordiske landa, Russland og Japan deltek i dette arbeidet. Resultata gjev grunnlag for å forbetre jaktmetodane og setje nye standardar for jakt på sjøpattedyr.

Vitskapskomiteen i NAMMCO gjev råd og deltek i forskinga på sjøpattedyr i Nord-Atlanteren. Arbeidet med å utvikle fleirbestandsmodellar går sakte fordi ein ventar på framdrift i nasjonale forskingsprosjekt. Dette arbeidet er viktig for forvaltninga av dei marine ressursane, og Noreg går inn for at NAMMCO skal prioritere arbeidet med økosystembasert tilnærming til forvaltning av sjøpattedyra i våre havområde.



Figur 3.5 CCAMLR sitt konvensjonsområde og dei ulike underområda.

Meir informasjon finst på NAMMCO sine heimesider: <http://www.nammco.no/>

CCAMLR

Kommissjonen for bevaring av marine levande ressursar i Antarktis, CCAMLR, vart oppretta i 1981 med Noreg som ein av grunnleggjarane. Målet om «å bevare dei levande marine ressursane» er i konvensjonen definert slik at det omfattar rasjonell utnytting. Utanom fisket etter krill føregår det eit direkte fiske etter antarktisk tannfisk, patagonisk tannfisk og makrell-isfisk i området.

CCAMLR vedtek årleg tilrådingar om totalkvotar for dei ulike artane i konvensjonsområdet, som utgjer det meste av Sørishavet. CCAMLR deler ikkje totalkvotane mellom dei enkelte medlemmane. Det er såleis ope for eit «olympisk» fiske, der alle fiskar inntil fisket vert stogga når totalkvotane er tekne. Kvotane er likevel delt på fleire mindre underområde (sjå figur 3.4). Formålet med det er å hente inn informasjon frå nærast heile området gjennom å spreie fangstane.

Noreg fastsette 13. mars 1998 ei føresegn om regulering av fiske med norske fartøy i Antarktis (CCAMLR-området). Føresegna gjeld for norske statsborgarar og personar busette i Noreg som driv fiske med norske fartøy i havområda på den sørlege halvula, som er underlagt konvensjonen av 20. mai 1980 for bevaring av levande marine

ressursar i Antarktis. Det er forbod mot å drive fiske utan at det er innhenta løyve frå norske styresmakter. Alt fiske med norske fartøy skal gjennomførast med vitenskaplege observatørar frå andre CCAMLR-partar om bord. På dette viset hjelper fiskefartøya til med å samle inn data som kan nyttast av CCAMLR sin vitenskapskomiteé.

Det er innført eit fangstdokumentasjonssystem for å overvake internasjonal handel og vise at patagonisk tannfisk som vert importert til eit medlem av organisasjonen, er fanga i samsvar med CCAMLRs regelverk eller teken utanfor CCAMLR-området. Det skjer ei kontinuerleg vurdering for å betre systemet og tette eventuelle smothol. Noreg sette i verk dette systemet i mars 2000. Noreg hadde i sesongen 2013/2014 eitt fartøy i fisket etter patagonisk tannfisk i CCAMLR-området.

Det er store krillressursar i Sørishavet. Ein reknar biomassen til 60 millionar tonn i det området der det vert fiska i dag (statistikkområde 48). I dette området er det tilrådd ein fangst på 5,61 millionar tonn. For å gjennomføre den tilrådde fangsten er det eit vilkår at det vert oppretta område for forvaltninga som har mindre geografisk utstrekning enn dei fire underområda. Den maksimale fangsten for heile område 48 er delt på mindre kvotar i dei statistiske underområda 48.1 – 48.4, og samla må ikkje fangsten utgjere meir enn 620 000 tonn inntil desse særlege forvaltningsområda er etablerte. Dei siste åra har totalfangsten vore mellom 100 000 og 250 000 tonn. Dei norske fartøya har stått for ein betydeleg del av dette. For sesongen 2013/2014 (1. desember 2013–30. november 2014) har Noreg meldt på tre fartøy for krillfiske i CCAMLR.

Noreg deltok på CCAMLR sitt årsmøte i 2013. Estimata for ulovleg, urapportert og uregulert fiske er usikre, men det er teikn som tyder på at omfanget no er mindre enn for få år sidan. Nye tiltak vedtekne dei siste åra er særskilte tiltak for vern av sårbare marine økosystem. Her må det vitenskapleg vurderast korleis fiske med reiskapar som kjem i kontakt med botnen, verkar på slike økosystem. Fartøy som fiskar med slike reiskapar må flytte seg og melde frå om dei kjem i kontakt med sårbare habitat under fisket. Fleire nye tiltak med særleg omsyn til sårbare økosystem er på plass for å svare til krava om vern i FN-fiskeriresolusjonen 61/105 frå 2006. Under årsmøtet i CCAMLR i 2011 lukkast det medlemslanda å verte einige om eit rammeverk for å etablere marine verneområde i Antarktis.

Meir informasjon finst på CCAMLRs heimesider: <http://www.ccamlr.org/>

ICCAT

Den internasjonale kommisjonen for bevaring av atlantisk tunfisk, ICCAT, vart etablert i 1969. Denne regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonen har ansvar for å bevare og forvalte tunfisk og tunfiskliknande artar i Atlanterhavet og Middelhavet. ICCAT har 47 avtalepartar (medrekna EU som ein part). Ansvarsområdet til organisasjonen omfattar kring 30 artar, mellom anna makrellstørje, som særleg i 1950-åra vart fiska i store kvanta langs norskekysten. Overfiske førte til ein kraftig reduksjon i bestanden og førekomstane i våre farvatn var i fleire tiår nærast ikkje-eksisterande. I dei seinaste åra er det igjen observert makrellstørje i norske farvatn.

Frå slutten av 1990-talet tydde førekomstane av makrellstørje i norske farvatn på at bestanden kunne komme til å ta opp att sitt gamle beitevan-dringsmønster og igjen verte tilgjengeleg for fiske i norske farvatn. Difor møtte Noreg som observatør i ICCAT frå 1998 til 2003. I tråd med dei havrettslege pliktene våre til å samarbeide med dei regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonane som forvaltar bestandar som opptrer i våre farvatn, og for å sikre oss høve til eit framtidig fiske på makrellstørje, vart Noreg medlem av ICCAT i 2004. På den måten vil Noreg medverke til ei forvaltning som sikrar at bestanden av makrellstørje i det austlege Atlanterhavet vert atterreist, og kan gje grunnlag for eit framtidig fiske i norske farvatn. Å delta i ICCAT er òg viktig for Noreg fordi organisasjonen spelar ei aktiv rolle internasjonalt når det gjeld utforming av regelverk.

I samband med kvotefastsettinga for perioden 2007–2010 fekk Noreg for første gong forhandla fram ein kyststatskvote på austleg makrellstørje (bestanden som dekkjer Middelhavet og det austlege Atlanterhavet). Kvoten utgjer ein fast del av totalkvoten.

På årsmøtet i 2006 vedtok ICCAT ein gjenoppbyggingsplan for austleg makrellstørje. Planen etablerer eit omfattande kontrollregime og tilhøyrande forvaltningstiltak. Men totalkvoten (TAC) vart sett dobbelt så høgt som tilrådd av ICCAT sin vitenskapskomiteé. Gjenoppbyggingsplanen har vore revidert kvart einaste år sidan 2006. Revisjonane har ført til at totalkvoten gradvis er redusert, men dei første åra låg TAC høgt over det nivået som forskarane tilrådde. Dei høge kvotane kombinert med manglande oppfølging av kontrolltiltaka i planen, gjorde at situasjonen for bestanden ikkje vart synleg betre. Dei seinaste åra har ICCAT fastsett TAC i tråd med tilrådinga frå forskarane.

På bakgrunn av bestandssituasjonen og høgare totalkvote enn tilrådd, hadde Noreg i åra 2007–2013 forbod mot fiske og landing av makrellstørje i norsk og internasjonalt farvatn. I 2012 og 2013 opplyste vitenskapskomiteen at dei hadde klare indikasjonar på at den negative trenden er snudd og at tilstanden til bestanden er betre. Dei har likevel ikkje tilrådd nokon auke i kvoten før dei får sterkare prov for bestandsauke. Totalkvoten for 2014 er sett til 13 500 tonn, i tråd med rådet frå vitenskapskomiteen. På grunn av dei positive meldingane frå vitenskapskomiteen, og sidan ICCAT no fastset TAC i tråd med råda, har Noreg opna for fangst av den norske kvoten på vel 30 tonn i 2014.

Gjenoppbyggingsplanen inneheldt eit forbod mot å fiske med line og ringnot i Nordaust-Atlanteren om hausten. På årsmøtet i ICCAT i november 2013 fekk Noreg gjennomslag for endringar i desse tidsavgrensingane i Noregs økonomiske sone, slik at det vert praktisk mogleg å hauste den norske kvoten når makrellstørja finst i norske farvatn. Kvoten på 30 tonn skal takast av eitt utvald fartøy i 2014, og det er knytt særskilde rapporterings- og observatørplikter til dette fisket.

ICCAT har òg vedteke reglar for bifangst av pelagiske haiartar i fisket etter tunfisk og tunfiskliknande artar i heile konvensjonsområdet. Reguleringane omfattar påbod om utkast, men i dei seinaste vedtaka finst det unntak for partar som har utkastforbod som ein del av den generelle fiskerilovgjevinga. Forvaltninga av hai vert drøfta i ein eigen underkomite (Panel 4) som Noreg vart medlem av i 2011. Det er sett i gang ein prosess for å styrkje forvaltninga i ICCAT, med opning for å endre og modernisere konvensjonsteksten.

Meir informasjon finst på ICCAT sine heimesider: <http://www.iccat.int/>

SEAFO

Den søraustatlantiske fiskeriorganisasjonen, SEAFO, vart etablert i 2001 og har sitt hovudsete i Namibia.

Det overordna målet til SEAFO-konvensjonen er langsiktig bevaring og berekraftig bruk av marine ressursar i Søraust-Atlanteren. Partane pliktar å innføre tiltak som skal sikre ein langsiktig berekraftig bruk av fiskeressursane i konvensjonsområdet. Konvensjonsområdet er avgrensa til det opne hav, og omfattar såleis ikkje dei økonomiske sonene til kyststatane i området.

SEAFO-konvensjonen vart underteikna av dei fire kyststatane Angola, Namibia, Storbritannia



Figur 3.6 SEAFO sitt konvensjonsområde.

(på vegner av St. Helena) og Sør-Afrika, og dessutan EU, Island, Noreg og USA. Noreg ratifiserte konvensjonen 12. februar 2003. Konvensjonen er elles ratifisert av Angola, Japan, Namibia, Sør-Afrika, Sør Korea og EU-kommisjonen. SEAFO-konvensjonen tok til å gjelde 13. april 2003.

For tida er der ikkje norske kommersielle interesser i SEAFO-området. Kartlegginga av fiskeripotensialet er mangelfull, og det er såleis vanskeleg å vurdere kva for interesser norske fiskarar kan ha for området i framtida. Ein viktig grunn til at Noreg ratifiserte SEAFO-konvensjonen er at Noreg prinsipielt er ein sterk tilhengar av regionalt samarbeid om felles fiskeriresursar, og at Noreg òg deltek aktivt i ei rekkje andre regionale fiskeriorganisasjonar. Noreg arbeider for å harmonisere tiltak som dei ulike organisasjonane set i verk. SEAFO var den første regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonen som vart etablert etter FN-avtalen om fiske på det åpne hav, og SEAFO vart då eit viktig forum for implementering av prinsippa i FN-avtalen. Norsk deltaking i SEAFO kan både gje innsyn i statspraksisen i området og høve til å påverke den. Vidare vil Noreg sitt bistandsengasjement i regionen kunne styrkjast ved å delta i SEAFO.

SEAFO har sett i verk fleire tiltak for å bekjempe UUU-fiske, og har vore ein pioner på mange område. SEAFO var blant anna den første regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonen som

godkjende lister over UUU-fartøy (svartelister) etablert av andre organisasjonar, og var også den første som innførte eit adekvat regelverk for hamnestatskontroll. Seinare har SEAFO, også som den første regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonen, implementert FAO sin avtale om hamnestatskontroll. Under årsmøtet i 2013 var det semje om å utvide verkeområdet til også å gjelde fartøy flagga i hamnestaten.

Møtet i 2013 vedtok å svare positivt på invitasjonen om å delta i FAO/GEF-prosjektet

«Sustainable fisheries management and biodiversity conservation of deep-sea living resources and ecosystems in Areas Beyond National Jurisdiction (ABNJ)».

Til liks med andre regionale fiskeriforvaltningsorganisasjonar med ansvar for regulering av botnfisk, har SEAFO vedteke omfattande tiltak med særleg omsyn til å verne område med sårbare økosystem – for å svare til krava frå FN's generalforsamling. SEAFO har stengt fleire område for fiske, etablert prosedyrar for konsekvensanalysar og forsøksfiske, regelverk dersom reiskapar kjem i kontakt med sårbare økosystem under fiske, og reglar for informasjonsutveksling.

SEAFO vert no leia av Sør-Afrika.

Meir informasjon finst på heimesidene til SEAFO: <http://www.seafo.org>

Del III
Bestandsvurdering, rådgjeving,
tilstandsrapportar og langsiktige
forvaltningsplanar

4 Bestandsvurdering, rådgjeving, tilstandsrapportar og langsiktige forvaltningsplanar

I dette kapitlet er det først ei kort oversikt over metodar for å måle fiskebestandar i felten, utrekningssverktøy (modellar), forvaltningsplanar, rådgjeving og dei såkalla referansepunkta. Deretter vert det gjort greie for tilstanden til dei viktigaste fiskebestandane som Noreg deler med andre land, i tillegg til tilrådd totalkvote, avtalt totalkvote og fangstar. Til sist kjem ein omtale av dei langsiktige forvaltningsplanane som Noreg har vedteke saman med andre land.

4.1 Bestandsvurdering og rådgjeving

4.1.1 Bestandsvurdering

Bestandsvurdering («assessment») inneber vanlegvis å kombinere tilgjengeleg informasjon frå fangststatistikk og data frå vitskaplege tokt. Ved hjelp av ulike matematiske modellar reknar ein ut kor stor bestanden er i dag ved å sjå på kor store årsklassane var i fjor, og så trekkje frå dei individane som har døydd på grunn av fiske og naturleg død (etne av andre, sjukdom, matmangel, alderdom) i løpet av året. Dei viktigaste datakjeldene i slike modellar er

- fangststatistikk med stikkprøver av alderssammansetjing (skal fortelje kor mykje som er fiska i løpet av året av dei ulike årsklassane)
- toktdata (fortel om relative endringar i talet på fisk i kvar aldersgruppe i høve til året før)

Fangststatistikk

Det er viktig å halde oversikt over kor mange individ som vert tekne ut av ein bestand. I nokre tilfelle kan ein sjå om bestanden veks eller minkar ved å samanlikne kor stor fiskeinnsats som ligg bak kvart tonn med fanga fisk frå år til år. Fisket gjev opplysningar om når, kvar, kva artar og kor mykje det vert fiska. Dette er viktig informasjon som vert mata inn i modellane til forskarane. Desse opplysningane må difor vere så nøyaktige som mogleg.

Toktdata

Havforskningsinstituttet brukar vanlegvis fleire ulike metodar for å måle mengda av fisk i havet:

- ekkolodd/akustikk
- trål
- måling av eggproduksjon
- merking/gjenfangst av fisk

Akustisk mengdemåling

Metoden baserer seg på at objekt i havet reflekterer lyd (ekko). Styrken, tidslengda, og tilhøvet mellom styrken ved ulike lydfrekvensar på ekkot frå ein fisk eller fiskestim er avhengig av art og storleik på fisken, og av kor stor og tett stimen er. Desse samanhengane er etter kvart vorte rimeleg godt fastlagde gjennom eksperimentelle og kontrollerte målingar. Ved å måle og lagre ekkostyrke og ekkotidslengd langs kurslinjene og observere kva slags artar og storleikar som medverkar til dei akustiske målingane ved å ta prøver (trålfangstar), kan ein rekne ut kva slags fisketettleik, art og storleik ekkomålingane svarar til. Dei akustiske målingane og analysane vert utførte i LSSS (Large scale survey system), eit system som er utvikla ved Havforskningsinstituttet og som også er teke i bruk nokre andre stader rundt om i verda.

Botntrål

Talet på fisk i kvar botntrålfangst vert rekna om til fisketettleik (tal per flateining) ved å dividere på det arealet botntrålen har fiska over. Ved å ta eit stort tal trålstasjonar fordelt i heile utbreiingsområdet til bestanden, får ein fram ei fordeling basert på trålfangst per arealeining. Ved å multiplisere med heile utbreiingsarealet til bestanden, får ein eit overslag for total fiskemengd. Talet på fisk i kvar arts- og storleiksgruppe vert justert basert på kunnskap vunnen gjennom eksperiment, om kor mange fisk som vil vike unna trålen eller som vil sleppe gjennom maskene på trålen.

Flytetrål

I seinare år har ein også teke i bruk tilsvarende metodikk basert på flytetrål. Det er då volumet av vatn som er silt gjennom trålen som gjev grunnlag for tettleiksmålet, men dette vil berre fungere i dei tilfelle der all fisken står samla, til dømes nær overflata. Til no har denne metodikken berre vore prøvd på makrell, som i beitesesongen viser seg å stå i dei øvre 30-40 metrane av vassøyla, og heile dette laget av makrell kan fiskast med ein stor flytetrål.

Måling av eggproduksjonen

Metoden kan kortfatta skisserast slik: Når ein veit kor mange egg som er gytt og kor mange egg ein hofisk gyt, kan ein finne ut kor mange hofisk som har gytt. Feltdelen, eller mengdemålinga av egg, er i hovudsak lik botntrålmotodikken. Med planktonhåv tek ein eit stort tal håvtrekk fordelt i heile gyteområdet. Fangstane av egg vert rekna om til egg-tettleik (tal per flateining). Multiplisert med tilhøyrande areal og justert for alderen til egga, får vi så totalt tal på egg gytt per dag. Gyteområdet vert dekkja fleire gonger i løpet av gyttesesongen. Når eggmengdene frå kvar undersøking vert summerte for heile gyttesesongen, får vi det totale talet på gytte egg.

Talet på egg som eit individ gyt er avhengig av art og storleik. Store hoer gyt fleire (og større) egg enn små hoer. Samanhengen er fastlagt, og talet på egg per gram hofisk er talfesta. Total mengd gytte egg, dividert med talet på egg per gram hofisk, gjev til slutt vekta eller biomassen til gytebestanden av hofisk. Prøvetaking syner kor mykje hannfisk og hofisk det er i gytebestanden. Vanlegvis er dette tilhøvet nær 1:1.

Merkeforsøk

I si aller enklaste form kan formelverket som vert nytta skisserast slik:

Talet på fisk i bestanden/talet på merkte fisk =
Talet på fisk i fangst/talet på merkte fisk i fangst.

Dersom ein held greie på kor mange merke som vert sette ut, kor mange merke som vert funne att og kor mange fisk som vert fanga, kan ein ved hjelp av denne formelen rekne ut mengda av fisk i bestanden.

4.1.2 Metodar for utrekning av bestandsstorleik

Bestandsvurdering inneber som nemnt å kombinere tilgjengeleg informasjon frå fisket, data frå tokt der relative bestandsendringar vert obser-

vert og beskatningsgraden (fiskestrykket). Utfallet er grunnlag for rådgjeving om fiskekvotar, og er elles viktig for meir grunnleggjande forskning på tilhøve som avgjer storleiken på bestanden, rekruttering osv.

For dei fleste bestandar av interesse for Noreg vert desse utrekningane gjort i samarbeid med forskarar frå fleire land i arbeidsgrupper innanfor Det internasjonale råd for havforskning, ICES. Utrekningsverktøyet er matematiske modellar. Det finst ei rekkje slike modellar, og dette er eit forskingsfelt i utvikling. Valet av modell er avhengig av eigenskapane til bestanden og kva slags data som er tilgjengelege. I Noreg brukar vi hovudsakleg modellar der føresetnaden er at både fangstane og toktdata ligg føre, så som tal på fisk fordelt på alder. Medan talet på fisk i fangstane er eit absolutt tal, er talet på fisk målt på tokt i dei fleste høve eit relativt tal; ein indeks. Det gjer at målingane kan knytast til årsklassar, og at kvar årsklasse kan følgjast over tid.

For somme artar brukar vi ikkje metodikk basert på fangststatistikk. I våre farvatn gjeld det først og fremst lodda. Her brukar vi den akustiske målinga av bestanden som eit absolutt mål for bestandsstorleiken. Som basis for rådgjevinga om kvotar nyttar vi så modellar som tek omsyn til at den naturlege dødsraten mellom målinga og gyte-tidspunktet vil variere med kor mykje torsk og andre rovdyr som er i området.

For mange artar i våre farvatn har vi berre data og relevant informasjon frå fiskeria å støtte oss til når vi skal vurdere og evaluere bestandsstorleiken. Det er nødvendig med meir forskning for å kunne utføre korrekte vurderingar av kor stor fiskeinnsats (inkl. endring av effektivitet) som ligg til grunn for eit rapportert fangstkvantum. Først då kan vi kople fiskeridata til bestandsstorleik på ein påliteleg måte.

4.1.3 Forvaltningsmålsettingar og rådgjeving

Det er naturen som set grenser for kor mykje som kan haustast av ein fiskebestand. Innanfor denne avgrensinga er det like fullt mange alternative måtar å nytte ressursen på, avhengig av kva slags mål ein har. Vi snakkar her om ulike forvaltningsmålsettingar nedfelt i forvaltningsplanar. Desse kan vere tidsavgrensa eller permanente. Ein permanent plan kan til dømes vere å fiske med ein gjeven utnyttingsgrad. Ein tidsavgrensa plan kan til dømes ta sikte på å byggje opp att ein bestand til eit visst nivå. I begge tilfelle bør det vere mogleg å revidere planen undervegs.

Tabell 4.1 Samanheng mellom dødsrate og prosent av bestandsstorleik ved starten av året.

Dødsrate	0,1	0,2	0,3	0,4	0,5	0,6	0,7	0,8	0,9	1,0	1,5	2,0
Prosent av bestandsstorleik ved starten av året	9,5	18,1	25,9	33,0	39,3	45,1	50,3	55,1	59,3	63,2	77,7	86,5

For forvaltningsmålsettingar og haustingsreglar er berekraft ei grunnleggjande norm. Optimal ressursutnytting og stabilitet er andre kriterium det er rimeleg å ta omsyn til. For å kunne vurdere utnyttingsgrad og bestand i høve til slike kriteria, er det utvikla biologiske referansepunkt. Tradisjonelt har desse vore nytta i forvaltningsrådgjeving både som grenseverdiar og målverdiar. Nedanfor er det eit oversyn over dei vanlegaste referansepunktka og kva dei tyder, men først er det nadusynt å forklare enkelte vanlege, faglege omgrep.

Total dødsrate (Z) i ein fiskebestand vert delt opp i naturleg dødsrate (M) og fiskedødsrate (F). Fiskedødsraten skal omfatte den delen som skuldast fisket. I praksis vil det like fullt vere vanskeleg å få mål på utkast og død som kjem av kontakt med fiskereiskapar, slik at fiskedødsraten i bestandsvurderingar som regel berre omfattar ilandført registrert fangst. Naturleg dødsrate omfattar då all annan død. Forskarane nyttar «momentane» dødsratar. Dette må ikkje forvekslast med prosentvise dødsratar. Skilnaden kjem av at den momentane dødsraten står i høve til det gjennomsnittlege talet på fisk gjennom året, medan ein prosentvis del gjerne står i høve til talet på fisk ved starten av året. Medan ein prosentvis rate ikkje kan verte større enn 1.0 (alle fiska opp) kan ein momentan dødsrate verte større, sjå tabell 4.1.

I forvaltningssamheng er det som regel berre fiskedødsrate som vert presentert. Naturleg død kjem i tillegg til dette. Ein fordel ved å bruke «momentan» dødsrate, er at dette ofte er tilnærma proporsjonalt med fangsttinsatsen. Ei dobling av fangsttinsatsen tilsvarar omtrent ei dobling av fiskedødsraten.

Eit haustings- eller utnyttingsmønster syner korleis haustinga/utnyttinga er fordelt på kvar aldersgruppe. Dette vil mellom anna vere avhengig av reiskapsseleksjon. Som regel vil utnyttinga vere lågare for ung fisk enn for eldre. Utnyttingsmønsteret er uavhengig av utnyttingsgrad (fiskedødsrate), og refererer berre til det relative tilhøvet mellom aldersgruppene. Endringar i utnyttingsmønsteret kan ha stor innverknad på langtidsubyttet.

Referansepunkt dannar grunnlag for rådgjeving om fiskekvotar

I forvaltninga nyttar ein ulike referansepunkt for å talfeste kritiske verdiar for fiskedødsrate og gytebestandsbiomasse. Det finst to hovudgrupper av slike referansepunkt: Føre-var-referansepunkt og referansepunkt knytta til maksimalt berekraftig utbytte (MSY). I kapittel 4.1.4 vert det gjort greie for korleis desse referansepunktka inngår i dagens rådgjeving frå ICES. Under følgjer litt bakgrunn for korleis desse punktka vert rekna ut.

Føre-var-referansepunkt

Føre-var-regelen (eller føre-var-tilnærminga) i forvaltning av naturressursar er nedfelt i fleire internasjonale konvensjonar etter Rio-konferansen i 1992. Sidan 1998 har ICES definert og talfesta føre-var-referansepunkt for dei fleste bestandane. Referansepunktka omfattar både utnyttingsgrad (fiskedødsrate) og storleik på gytebestanden.

Berekraftige fiskeri er eit sentralt omgrep i dei tidlegare nemnde internasjonale konvensjonane. Ut frå det langsiktige aspektet som ligg i dette, og ut frå den historiske erfaringa med forvaltning av fiskebestandar, er fiskedødsraten rekna som eit viktig kriterium for føre-var-forvaltning. Ein vil sikre seg mot at bestanden vert utsett for ein fiskedød som på lengre sikt kan føre til samanbrot i bestanden. Ut frå historiske bestandsdata og enkle føresetnader om samanhengen mellom gytebestand og rekruttering, har ein for kvar bestand prøvd å definere ei nedre grense for gytebestanden (B_{lim}), der det er stor risiko for dårleg rekruttering om gytebestanden kjem under denne grensa. Tilsvarande er det definert ei øvre grense for fiskedødsraten (F_{lim}) som, dersom ho vert overskriden over lengre tid, svært sannsynleg vil føre bestanden ned på eit nivå der rekrutteringa er venta å verte dårleg.

Når vi tek omsyn til uvisse i bestandsvurderingane, krev ei føre-var-forvaltning at det vert lagt inn ein tryggleiksmargin i høve til desse «absolutte» grensene. Ei føre-var-grense for gytebestanden (B_{pa})¹ må difor vere noko høgare enn B_{lim} , og

¹ pa = precautionary approach = føre var

ei føre-var-grense for fiskedødsraten (F_{pa}) må vere noko lågare enn F_{lim} . Denne tryggleiksmarginen vil altså avhenge av presisjonen i bestandsvurderinga og graden av naturleg variasjon i bestanden. F_{pa} kan sjåast som den høgaste fiskedødsraten som vil vere i samsvar med ei føre-var-forvaltning, men er òg knytt til om ho er berekraftig. B_{pa} er først og fremst ei tiltaksgrense. Dersom gytebestanden er lågare enn B_{pa} , bør ein ta det som ei åtvaring og setje inn ekstra tiltak for å få bestanden opp igjen på eit tryggare nivå. På figurane i kap. 4 er føre-var-grensa for gytebestanden teikna inn som ei raud linje. Denne linja er berre vist for dei siste åra i perioden, sidan dette er ei tiltaksgrense som det er relevant å samanlikne estimata av no-bestanden med. Lengre tilbake i perioden er bestandsestimata mindre usikre, og føre-var-grensa er difor ikkje så relevant å samanlikne med.

ICES bruker no omgrepet å «hauste på ein ikkje berekraftig måte» i dei tilfella der fiskedødsraten er for høg. I dei tilfella der fiskedødsraten er over F_{pa} , men under F_{lim} , er omgrepet å «det er risiko for at bestanden ikkje er hausta berekraftig». Når fiskedødsraten er under F_{pa} , seier ein at «haustinga er berekraftig». Vidare, når det gjeld gytebestanden, seier ICES at om bestanden er i god forfatning og over B_{pa} , har den «god reproduksjonsevne». Om bestanden er under B_{pa} , men over B_{lim} , heiter det at den har «risiko for sviktande reproduksjonsevne», og til sist, om bestanden er i dårleg forfatning og under B_{lim} , har den «sviktande reproduksjonsevne».

Referansepunkt knytt til maksimalt berekraftig utbytte (MSY – Maximum Sustainable Yield)

MSY-konseptet har tidlegare vore brukt innan fiskeriforvaltninga og statusen til omgrepet vart styrka i 2002 i Johannesburg-erklæringa. Maksimalt berekraftig utbytte (MSY) er eit omgrep som har som mål å sikre høgast mogleg utbytte over lang tid av ein bestand. I praksis er MSY bestemt av vekstrate, naturleg dødsrate og reproduksjonsrate i bestanden. Desse retningslinjene gjeld for ei MSY-basert tilnærming:

- Det må fastsetjast referansepunkt som avgrensar kva for gytebestand som vil produsere MSY.
- Fiskedøden må ikkje overstige den fiskedødsraten som fremmar MSY.
- Den biomassen som fremmar MSY kan brukast som eit mål for gjenoppbygging for ein overfiska bestand.


Føre-var-tilnærminga er eit nødvendig, men ikkje tilstrekkeleg, vilkår for MSY. Populasjonar må oppretthaldast innanfor sikre biologiske grenser etter føre-var-prinsippet for å gjere MSY mogleg. Manglande vitenskapleg informasjon skal ikkje vere ei orsaking for å utsetje forvaltning som opprett-held bestandar innanfor sikre biologiske grenser og/eller seinkar gjennomføring av ein strategi for å oppnå MSY.

Fiskeria påverkar fiskebestandane gjennom fiskedødsrate (F) brukt på bestanden. Produksjon i ein fiskebestand er summen av vekta til populasjonen (biomasse) tillagt rekruttering og vekst og fråtrekk av tap frå naturleg død. Produksjonen kan vere svært variabel, men i gjennomsnitt heng han saman med storleiken på bestanden (ofte uttrykt som biomasse av gytebestanden eller SSB) som igjen er avhengig av F. Det vil seie at for kvart nivå av F er det ein langtids gjennomsnittleg produksjon og bestandsstorleik. Samanhengen mellom F, produksjon og bestandsstorleik vert kalla produksjonsfunksjonen. Produksjonen er den fangsten ein kan hauste utan at bestandsstorleiken endrar seg. Toppen på denne produksjonsfunksjonen er MSY, og den fiskedødsraten som fremmar denne toppen over tid, vert kalla F_{MSY} .

Fiskedødsraten (F) er den einaste variabelen i produksjonsfunksjonen som kan kontrollerast direkte ved fiskeriforvaltning. Det er berre gjennom F at forvaltning av fiskeria kan kontrollere storleiken på gytebestanden. Men gytebestanden er òg utsett for naturleg variasjon som frå år til år kan overstige påverknad av F. Å hauste ein konstant fangst på MSY er ikkje eit berekraftig val sidan MSY er eit langtidsgjennomsnitt. Det maksimale konstante utbyttet som kan takast er vesentleg lågare enn MSY.

I ICES ser ein at det innan fiskeriforvaltning er fleire ulike karakteristika for fiskebestandar som varierer, og informasjonen tilgjengeleg for dei ulike bestandane varierer òg. Difor har ICES delt bestandane inn i tre kategoriar som dette rammeverket vert brukt på. Det er langliva bestandar med bestandsestimata, kortliva bestandar med bestandsestimata og bestandar utan bestandsestimata. Det er litt ulik framgangsmåte mellom kategoriane for å bruke ICES sitt rammeverk. I det følgjande oppsummerer vi karakteristika for langliva bestandar med bestandsestimata som fleire av våre bestandar tilhøyrer.

For langliva bestandar med bestandsestimata baserer ICES MSY-tilnærminga på å halde fiskedødsraten på nivå med eller lågare enn F_{MSY} . Ved denne tilnærminga vert både fiskedødsrate og biomasse-referansepunkt nytta. Desse refe-



Figur 4.1 MSY-tilnærming vist i haustingsregel.

ransepunkta er F_{MSY} og $B_{MSY-trigger}$. B_{MSY} er ein tenkt verdi som bestandsstorleiken fluktuerer rundt når $F=F_{MSY}$. $B_{MSY-trigger}$ er eit biomassereferansepunkt i haustingsregelen som utløysar ein føre-var-respons. Denne responsen er å redusere fiskedøden for å styrkje bestanden si evne til å byggje seg opp att. Konseptet med $B_{MSY-trigger}$ er utvikla frå PA-referansepunktet B_{pa} som ICES har nytta som basis for fiskerirådgeving i meir enn eit tiår. B_{pa} er ei nedre grense for eit biomassenivå der det er lågt sannsyn for svekka rekruttering.

ICES sin MSY-tilnærming er nedfelt i haustingsreglar (harvest control rule, HCR) av den typen som er framstilt i figur 4.1.

$B_{MSY-trigger}$ vert gjerne sett lik B_{pa} (når dette referansepunktet er tilgjengeleg), dersom det ikkje er gode grunnar for å bruke noko anna. Dersom ein i framtida får betre kunnskapar om korleis SSB (biomasse av gytebestanden) varierer med fiske rundt F_{MSY} , bør $B_{MSY-trigger}$ revurdert. Revurderte verdiar bør liggje høgare enn B_{pa} i dei fleste tilfella.

ICES sin MSY-haustingsregel (Figur 4.1) er utforma for å fremje gjenoppbygging av bestanden til det normale området av bestandsstorleikar som er knytt til MSY når bestanden er lågare enn dette (det vil seie når bestanden er lågare enn $B_{MSY-trigger}$).

4.1.4 Rådgeving frå Det internasjonale råd for havforskning (ICES)

Rådgevinga frå ICES vart frå og med våren 2008 utarbeidd av den nye rådgevingande komiteen, ACOM. ACOM er sett saman av ein forskar frå kvart av dei 20 medlemslanda i ICES i tillegg til

leiareren. ACOM er no den einaste rådgevingskomiteen i ICES som utarbeider vitenskaplege råd for kyst-/havressursar og økosystem. ACOM baserer sitt arbeid og sine råd på ekspertgrupper som utfører dei vitenskaplege analysane, kvalitetssikringsgrupper («review groups») som òg bruker uavhengige medhjelparar og grupper som lagar utkast til råd (Advisory Drafting Groups). Alle desse gruppene får støtte og sekretærhjelp av ICES-sekretariatet i København.

For å gjere prosessane som fører fram til råda frå ICES så opne som mogleg, er det opna for at observatørar frå einsskilte interesseorganisasjonar kan ta del i møta til ACOM og i møta til gruppene som lagar utkast til råd. Observatørar kan òg ta del i arbeidet med kvalitetssikring av råda. Observatørane må godkjennast av dei einsskilte nasjonale delegatane.

ACOM kjem med råd fleire gonger i året, men dei årvisse råda for bestandar som Noreg har interesser i kjem hovudsakleg på to ulike tidspunkt – bestandar i Barentshavet (utanom lodde) og Nordsjøen i juni, og dei pelagiske bestandane makrell, norsk vårgytande sild (nvg-sild), lodde og kolmule i oktober. Rådet for reker i Barentshavet og Skagerrak/Nordsjøen kjem utanom dei faste tidspunkta og vert vanlegvis gjevne i november. I tillegg til desse årvisse råda vert ICES ofte bedt om å gje råd om spesielle saker som forvaltningsstyresmaktene ønskjer å få utgreidd. Det kan vera testing av nye haustingsreglar og liknande.

Frå 2010 tok ICES MSY-omgrepet inn i si rådgeving. ICES gjev fiskeriråd som er i tråd med internasjonale prinsipp for MSY, føre-var-tilnærming og økosystemtilnærming, men må samstundes svare på andre spørsmål frå forvaltningsorgan som ber om råd. Fiskeria som ICES gjev råd om, har så langt ikkje generelt vore forvalta med MSY som målsetjing. Frå EU er det kome krav om at EU sine fiskeri skal forvaltast etter MSY-prinsippet innan 2015, og dette gjer at rådgevinga i ICES utviklar seg i denne retninga. Denne utviklinga omfattar planar for ein overgangsporsess for å oppnå full implementering av MSY-tilnærminga innan 2015.

Rådgevinga frå ICES frå og med 2011 skjer etter følgjande retningslinjer:

- For bestandar der det finst ein forvaltningsplan som er i tråd med føre-var-prinsippet og/eller MSY-tilnærminga, og som alle partar i forvaltninga er samde om, skal rådet gjevast i samsvar med denne planen.
- Dersom det ikkje finst ein forvaltningsplan som alle partar er samde om, skal rådet gjevast

på basis av MSY-tilnærminga eller i tråd med planane for overgang til ei slik tilnærming.

- Dersom det ikkje ligg føre MSY-utrekningar for bestanden, må råda baserast på annan informasjon, til dømes trendar i bestandsmålingar og/eller fangstrater i kommersielt fiske.

I tillegg til råda er det ein omtale av tilstanden til bestanden, forvaltningsmål, opsjonstabell med konsekvensar av ulik utnytting, rådgjeving og dessutan tabellar og figurar som illustrerer historia til bestanden. Råda er offentlege og kan lesast på internettsida til ICES (<http://www.ices.dk>).

Havforskningsinstituttet omset rådgjevinga frå ICES til norsk, kommenterer og utdjupar der det trengst, og legg alt ut på si internettside (<http://www.imr.no>). Dette for at det ikkje skal vere tvil om kva som er ICES si vurdering og kva som er Havforskningsinstituttet si offisielle vurdering av bestands-situasjonen og råd til forvaltningsstyresmaktene.

4.2 Tilstandsrapportar og rådgjeving for dei viktigaste fiskebestandane i norske farvatn

4.2.1 Nordaust-arktisk torsk

Bestanden er no utbreidd i mesteparten av Barentshavet, også nord for Polarfronten. I første halvår er gytefisken (skrei) fordelt langs norske-

kysten, for det meste sør til Lofoten, men enkelt år finst skrei heilt sør til Stad.


Fisket

Gjennomsnittleg årsfangst sidan 1946 er 650 000 tonn. I perioden 1994-1998 var samla årleg fangst over 700 000 tonn, minka så til 415 000 tonn i 2000, og auka etter dette gradvis til om lag 640 000 tonn i 2005 inkludert overfiske (Figur 4.2). Frå 2005 til 2008 gjekk fangsten ned frå om lag 640 000 tonn til kring 460 000 tonn, men har sidan auka jamt. Norsk fangst har dei siste åra vore om lag 45 prosent av total rapportert internasjonal fangst. Nesten alt utanlandsk fiske på nordaust-arktisk torsk skjer med botntrål, men i det norske fisket er 65-70 prosent av fangsten teken med andre reiskapar.

I 2009-2012 har det ikkje vore registrert urapportert overfiske av kvoten, noko som saman med gunstige miljøtilhøve har resultert at bestanden er i svært god forfatning. Dette heng spesielt saman med innføringa av NEAFC sitt hamnestatsregime frå 1. mai 2007, aktivt bilateralt samarbeid og auka merksemd om problemet både i næringa og på politisk hald.

Utrekningsmetodar

Grunnlaget for utrekningane er toktresultat (indeksar som vert brukt som relative mål), årleg



Figur 4.2 Utviklinga i bestand og fangst av nordaust-arktisk torsk 1946–2014. Fangst i 2013 og fangst og bestand i 2014 er prognosar. Fangst i 2014 = TAC.

Tabell 4.2 Tiltrådd totalkvote (TAC), avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av nordaust-arktisk torsk sidan 1998.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand
1998	$F < F_{med}$	514	654	593	385
1999	Minka F til under F_{pa}	360	480	485	292
2000	Auka SSB til over B_{pa} i 2001	110	390	415	240
2001	Høgt sannsyn for SSB $> B_{pa}$ i 2003	263	395	426	355
2002	Minka F til under 0.25	181	395	535	498
2003	Minka F til under F_{pa}	305	395	552	550
2004	Minka F til under F_{pa}	398	486	606	662
2005	Bruk haustingsregelen, ta omsyn til vern av kysttorsk og uer	485	485	641	621
2006	Bruk haustingsregelen, ta omsyn til vern av kysttorsk og uer	471	471	538	620
2007	Minka F til under F_{pa} , ta omsyn til vern av kysttorsk og uer	309	424 ²	487	692
2008	Bruk haustingsregelen, ta omsyn til vern av kysttorsk og uer	409	430 ³	464	760
2009	Bruk haustingsregelen, ta omsyn til vern av kysttorsk og uer	473	525 ⁴	523	1166
2010	Bruk haustingsregelen, ta omsyn til vern av kysttorsk og uer	577,5	607 ⁵	610	1339
2011	Bruk haustingsregelen, ta omsyn til vern av kysttorsk og uer	703	703	720	1765
2012	Bruk haustingsregelen, ta omsyn til vern av kysttorsk og uer	751	751	754	1902
2013	Bruk haustingsregelen, ta omsyn til vern av kysttorsk og vanleg uer	940	1000 ⁶		1986 ¹
2014	Bruk haustingsregelen, ta omsyn til vern av kysttorsk og vanleg uer	993	993		2106 ¹

¹ Framskriving.²⁻⁶ Fastsett kvote var høgare enn kvoterådet for 2007 og 2008, men det skuldast at Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen og ICES nytta ulike tal for urapportert fiske når kvoten vart rekna ut på bakgrunn av haustingsregelen. For 2010 vart partane samde om å auke kvoten meir enn det den dåverande haustingsregelen tilsa, men i samsvar med det nye tillegget som vart vurdert i 2010. For 2009 og 2013 valde ein å setje kvoten høgare enn gjeldande haustingsregel utan at dette støtta seg på alternative utrekningar.

totalfangst (rapportert pluss berekna urapportert fangst) og prøvetaking frå fisket. I tillegg tek ein omsyn til torskens beiting på småtorsk (kannibalisme), som vert rekna ut frå mageprøver. Bestandsanalysen er talfesta gjennom ein «fangst ved alder»-analyse styrt mot toktresultat for dei siste åra. Heile analysen er gjort med ulike modelar som i store trekk har gjeve samstemte resultat.

Største uvisse i bestandsberekningane er no knytt til fangsttala og tokttala. Urapportert overfiske er ikkje lenger sett på som ein viktig faktor. Området dekt av tokta har variert mellom år, og dette skapar problem for utrekningane, spesielt når den geografiske utbreiinga av bestanden også varierer. Likevel fangar tokta opp hovudtrekka i bestandssvingingane.

Bestandsgrunnlaget

Figur 4.2 syner utviklinga av totalbestanden sidan 1946. Bestanden minka frå 1993 til 1999, men har sidan det auka til eit svært høgt nivå. Tala viste for 2014 i figur 4.2 er prognosar. Ein viktig grunn til auken etter 1999 er truleg betre ungfiskvern ved å stenge område med småfisk og bruk av sorteringsrist i trålfiskeria, og betre samsvar mellom tilrådde kvotar og fiske dei siste åra. Gytebestanden er i dag på det høgaste nivået vi har hatt i etterkrigstida.

Tilrådde reguleringar og avtalar for 2014

I siste bestandsvurdering klassifiserte ICES gytebestanden til å vere godt over føre-var-nivået og fiskedødsraten (F) til å vere nær ein historisk låg verdi. ICES tilrådde ein kvote for 2014 (993 000 tonn, tabell 4.2) i tråd med den sameinte haustingsregelen. ICES påpeika òg at utøvinga av torskefisket må ta omsyn til trongen for vern av kysttorsk og trongen for redusert bifangst av vanleg uer. Den norsk-russiske fiskerikommisjonen følgde handlingsregelen og fastsette ein kvote for 2014 på 993 000 tonn.

Det avtalte fangstnivået vil innebere at gytebestanden og totalbestanden held seg på eit høgt nivå, og fiskepresset på bestanden er venta å halde seg på det låge nivået ein har hatt dei siste åra. Regelen har ført til at fiskerikommisjonen har

avtalt torskeknoten om lag i samsvar med ICES sine råd etter 2005 (tabell 4.2).

4.2.2 Nordaust-arktisk hyse

Fisket


Hyse vert fiska gjennom heile året, i hovudsak som bifangst i trålfisket etter torsk, særleg når bestandsnivået er lågt. Historiske rapporterte årsfangstar har variert mellom 21 000 og 322 000 tonn sidan 1950. Gjennomsnittleg årsfangst er 135 000 tonn. Dei siste åra har Russland og Noreg stått for meir enn 90 prosent av landingane.

Utrekningsmetodar

I utrekningane av kor stor hysebestanden er, brukar ein same reknemodell som for nordaust-arktisk torsk, og i desse utrekningane inngår fangststatistikk, toktdata og torskens konsum av hyse. Området dekt av tokta har variert mellom år, og dette skapar problem for utrekningane, spesielt når den geografiske utbreinga av bestanden også varierer. Likevel fangar tokta opp hovudtrekka i bestandssvingingane.

Bestandsgrunnlaget

Bestanden av nordaust-arktisk hyse auka frå 2000 til det høgaste nivået ein har hatt i perioden



Figur 4.3 Utviklinga i bestand og fangst av nordaust-arktisk hyse 1950-2014.

Tabell 4.3 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av nordaust-arktisk hyse sidan 1998.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand
1998	Hald F under Fmed	< 120	130	101	142
1999	Minka F til under Fpa	< 74	78	83	112
2000	Minka F til under Fpa	< 37	62	69	105
2001	Minka F til under Fpa	< 66	85	90	148
2002	Minka F til under Fpa	< 64	85	115	180
2003	Minka F til under Fpa	< 101	101	139	198
2004	Minka F til under Fpa	< 120	130	158	191
2005	Minka F til under Fpa	< 106	117	159	209
2006	Minka F til under Fpa	< 112	120	153	167
2007	Avgrens totalfangst	< 130	150	162	203
2008	Avgrens totalfangst	< 130	155	156	191
2009	Bruk haustingsregel	< 194	194	200	223
2010	Bruk haustingsregel	< 243	243	249	328
2011	Bruk haustingsregel	< 303	303	310	419
2012	Bruk haustingsregel	< 318	318	315	384
2013	Bruk haustingsregel	< 238	200		255 ¹
2014	Bruk haustingsregel	<150	178.5		

¹ Framskriving.

frå 1950. Toppnivået for totalbestanden hadde vi i 2009–2010, medan gytebestanden var på topp i 2011. Dette høge nivået kjem av at vi fekk tre sterke årsklasser på rad (2004–2006). Rekrutteringa har etter dette normalisert seg, og bestanden har hatt ein nedgang dei siste åra. Det er venta at bestandsnivået vil normalisere seg dei komande åra dersom bestanden vert forvalta i tråd med vedteken haustingsregel.

Tiltrådde reguleringar

I siste bestandsvurdering klassifiserte ICES bestanden til å ha god reproduksjonsevne, men det er risiko for at bestanden ikkje er hausta berekraftig. ICES tilrådde ein kvote for 2014 på 150 000 tonn (tabell 4.3) i tråd med den sameinte haustingsregelen. Kvoten vart fastsett til 178 500 tonn, grunngjeve med at dette ville vore i samsvar med haustingsregelen dersom denne regelen hadde vore følgd ved kvotefastsettinga for 2013.


Haustringsregelen avgrensar dei årlege endringane i kvoten til 25 prosent dersom gytebestanden er over føre-var-grensa, men grunngjeve med eit ønskje om å avgrense nedgangen i bestanden valde Den norsk-russiske fiskerikommisjonen å endre kvoten for 2013 med 37 prosent.

Fangst i 2013 og fangst og bestand i 2014 er prognosar. Fangst i 2014=TAC.

4.2.3 Nordaust-arktisk sei

Fisket

Utbyttet av seifisket nord for 62° N nådde ein topp på 212 000 tonn i 2006 og har seinare minka (Figur 4.4) til under gjennomsnittsutbyttet for 1960–2012 som var på 163 000 tonn. Noreg tek om lag 90 prosent av fangsten på denne bestanden, og dei ti siste åra har trålfisket stått for 40 prosent av dei norske landingane, not 25 prosent, garn 20 prosent og line, snurrevad og jukse til saman 15 prosent.



Figur 4.4 Utviklinga i bestand og fangst av nordaustarktisk sei 1960 – 2014. Fangst i 2013 og fangst og bestand i 2014 er prognosar. Fangst i 2014=TAC.

Utrekningsmetodar

For sei nord for 62°N brukar ein same utrekningemetodikk som for torsk og hyse. Datagrunnlaget er fangstdata (tal landa fisk fordelt på aldersgrupper) frå det kommersielle fisket, indeksar frå eit akustisk tokt og fangst per eining innsats frå trålfisket. Denne siste datakjelda vert no vurdert fjerna frå utrekningane sidan data ikkje lenger samsvarar med utviklinga i seibestanden.

Bestandsgrunnlaget

Seibestanden nord for 62°N var på eit historisk høgt nivå i 2001–2007, men det er sidan registrert ein bratt nedgang både i umoden bestand og gytebestand (figur 4.4). Årsklassane 1999 og 2002 var gode, og 2005- og 2007-årsklassane litt over snittet for 1960–2010, elles har rekrutteringa i seinare år vore under middels eller svak. Kysttoktet hausten 2013 viste ein ny nedgang i mengda sei, og det var ingen teikn på betre rekruttering i dei næraste åra.

Tilrådde reguleringar

ICES vurderer gytebestanden til truleg å vere nær føre-var-nivå i 2013, og det kan vere auka risiko for redusert reproduksjonsevne. Fiskedødsraten var

under føre-var-nivå frå 1996 til 2009, men har auka sidan 2005 og er truleg nær føre-var nivå i 2013. Det kan vere auka risiko for at bestanden ikkje vert hausta berekraftig. Det vart i 2007 innført ein ny haustingsregel for nordaustarktisk sei, som ICES evaluerte til å vere i tråd med føre-var-tilnærminga. Ifølgje haustingsregelen vil gytebestanden med rekruttering rundt eller under langtidsgjennomsnittet vere rundt eller under føre-var-nivå (220 000 tonn) dei næraste åra. Havforskningsinstituttet har difor tilrådd at utnyttingsgraden ikkje vert sett høgare enn utnyttingsgraden for maksimalt langtidsubytte, og Nærings- og fiskeridepartementet justerte i 2013 utnyttingsgraden i haustingsregelen frå føre-var-nivå til dette nivået. Nærings- og fiskeridepartementet har fastsett kvoten for 2014 til 119 000 tonn (tabell 4.4), som er 15 prosent lågare enn det ICES tilrådde som maksimal kvote.

4.2.4 Nordaust-arktisk blåkkeite

Blåkkeite er ein flatfisk med svært vid og kontinuerleg utbreiing langs dei djupare kontinentale skrånningane frå den austlege delen av Canada til nord om Spitsbergen. I Nordaust-Atlanteren finst ungfisken for det meste rundt Svalbard, nord og aust av Spitsbergen og austover forbi Frans Josef Land.

Tabell 4.4 Tiltrådd TAC, fastsett TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av nordaustarktisk sei sidan 1998.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand
1998	Minka F til F _{med} eller lågare	117	145 ¹	153	280
1999	Minka F til under F _{pa}	87	144 ²	150	292
2000	Minka F til under F _{pa}	< 89	125 ³	136	353
2001	Minka F til under F _{pa}	< 115	135	136	382
2002	Minka F til under F _{pa}	< 152	162 ⁴	155	465
2003	Halde F til under F _{pa}	< 168 ⁴	164	162	451
2004	Halde F til under F _{pa}	< 186	169	165	510
2005	Halde F til under F _{pa}	< 215	215	179	560
2006	Halde F til under F _{pa}	< 202	193,5	212	501
2007	Halde F til under F _{pa}	< 247	222,5	199	530
2008	TAC i.h.t. HCR eller lågare	< 247	<247	185	467
2009	Bruk haustingsregelen, ta omsyn til bifangst av vanleg uer	< 225	225	162	382
2010	Bruk haustingsregelen, ta omsyn til bifangst av vanleg uer	< 204	204	195	361
2011	Bruk haustingsregelen, ta omsyn til bifangst av vanleg uer	< 173	173	157	330
2012	Bruk haustingsregelen, ta omsyn til bifangst av vanleg uer og kysttorsk	< 164	164	161	310
2013	Bruk haustingsregelen, ta omsyn til bifangst av vanleg uer og kysttorsk	< 164	140,4		246
2014	Bruk haustingsregelen, ta omsyn til bifangst av vanleg uer og kysttorsk	<140	119		217 ⁵

¹ TAC først sett til 125 000 tonn, auka i mai 1998 etter ekstraordinære bestandsanalysar.

² TAC sett etter ekstraordinære bestandsanalysar i desember 1998.

³ TAC sett etter ekstraordinære bestandsanalysar i desember 1999.

⁴ TAC først sett til 152 000 tonn, auka til 162 000 tonn etter bestandsanalysane i april 2002, opphavleg råd frå ICES for 2003 på 168 000 tonn følgeleg redusert til 164 000 tonn.

⁵ Framskriving.

Den vaksne delen av bestanden finst særleg langs eggakanten frå 62°N til nordvest for Spitsbergen, med dei høgaste konsentrasjonane i djupner på 500-800 m mellom fastlandsnoreg og Bjørnøya.

Fisket


Gjennomsnittsfangsten av nordaust-arktisk blåkveite har vore like i overkant av 15 000 tonn etter 2000 (Figur 4.5). Internasjonal fangststatistikk frå 2013 er enno ikkje ferdig, men fisket er venta å verte om lag 18 000 tonn. Den norske flå-

ten fiska om lag 9 000 tonn blåkveite i 2013. Line- og garnflåten tok om lag 75 prosent av fangsten, og trålarane tok resten.


Bestandsgrunnlaget

Både dei viktigaste tokta og den eksperimentelle bestandsvurderinga viser ein gradvis auke i gytebestanden sidan 1992. I denne perioden har gjennomsnittsuttaget vore i underkant av 15 000 tonn, og det vert tolka som at bestanden kan tole eit slikt uttak og framleis ha ein moderat auke.

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2014 og fisket etter avtalane i 2012 og 2013



Figur 4.5 Utviklinga av den totale fangsten av blåkveite 1964–2014. Fangst i 2013 er prognose og fangst i 2014 er TAC.



Figur 4.6 Biomasseestimat frå tre tråleriar for nordaust-arktisk blåkveite. NorComb – kombinasjon av tre norske tokt, Russ – eit russisk tokt om hausten, og NorCPUE – eit norsk tokt med leigebåtar (avslutta i 2006).

Tabell 4.5 Tilrådd TAC, fastsett TAC og fangst (tusen tonn) av norsk-arktisk blåkveite sidan 1998.

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand ³
1998	Ikkje fiske	0	2,5 ¹	13	-
1999	Ikkje fiske	0	2,5 ¹	19	-
2000	Ikkje fiske	0	2,5 ¹	14	-
2001	Reduser fangst for å byggje opp att bestanden	<11	2,5 ¹	16	-
2002	Betydeleg reduksjon av F	<11	2,5 ¹	13	-
2003	Reduser fangst for å auke bestanden	<13	2,5 ¹	13	-
2004	Ikkje overstig seinaste låge fangstar	<13	2,5 ¹	19	-
2005	Ikkje overstig seinaste låge fangstar	<13	2,5 ¹	19	-
2006	Ikkje overstig seinaste låge fangstar	<13	2,5 ¹	18	-
2007	Reduser fangst for å auke bestanden	<13	2,5 ¹	15	-
2008	Reduser fangst for å auke bestanden	<13	2,5 ¹	14	-
2009	Same råd som siste år	<13	2,5 ¹	13	-
2010	Same råd som siste år	<13	15 ²	15	-
2011	Same råd som siste år	<13	15 ²	16	-
2012	Ingen auke i fangsten	<15	18 ²	20	-
2013	Ingen auke i fangsten	<15	19 ²		-
2014	Ingen auke i fangsten	<15	19 ²		-

¹ TAC sett av norske styresmakter for tradisjonelt fiske utan trål.

² TAC sett av Den blanda norsk – russiske fiskerikommisjonen.

³ Ikkje utført ei kvantitativ bestandsberekning.


Utrekningsmetodar

For nordaust-arktisk blåkveite vert det berre sett på trendar i bestanden, men det vert nytta same metodikk som for torsk, hyse og sei til å rekne ut bestandsnivået som indikasjon på bestandsutviklinga. Denne utrekninga er ikkje godkjent av ICES på grunn av problem med alderslesinga. I denne utrekninga inngår fangststatistikk og toktdata. Det viktigaste grunnlaget for rådgjevinga er trendane i dei viktigaste tokta for denne bestanden (Figur 4.6). Hausten 2013 var det i ICES ein 'benchmark' for denne bestanden, der ein mellom anna kom med framlegg til ny utrekningsmetodikk. Ein benchmark er ein grundig gjennomgang av metodikken for bestandsvurdering, og ICES gjer dette med nokre års mellomrom. Grunna komplikasjonar med data vart benchmarkarbeidet ikkje avslutta i 2013, og ICES planlegg eit møte for å halda fram prosessen hausten 2014.

Tilrådde reguleringar

Ingen referansepunkt er definerte for bestanden. Den siste gjennomgangen endra ikkje oppfatninga av tilstanden til bestanden og gav ikkje grunnlag for å endre rådet frå 2009. Bestanden har vore på eit relativt lågt nivå dei siste 25 åra med fangstar på 15 000–25 000 tonn. For å auke gytebestanden seier ICES at det er naudsynt å halde uttaket under dette nivået. Fangstane bør difor vere lågare enn 15 000 tonn (Tabell 4.5). Eit slikt nivå har vist seg å gje auke i gytebestanden. Frå og med 2010 har Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen sett ein totalkvote for denne bestanden. Kvoten vert fordelt mellom Noreg (51 prosent), Russland (45 prosent) og andre land (4 prosent). Kvoten for 2014 vart sett til 19 000 tonn, som er 4 000 tonn meir enn rådet frå ICES.

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2014 og fisket etter avtalane i 2012 og 2013



Figur 4.7 Utviklinga i bestand (1992–2014) og fangst (1965–2014) av snabeluer. Fangst og bestand i 2014 er prognosar.

4.2.5 Snabeluer i ICES-område I og II

Snabeluer er ein langleva art (høgaste dokumenterte alder er på 75 år) som føder levande yngel, og som lever pelagisk og epibentisk (i nær kontakt med botnen) frå 300–1400 m i Nord-Atlantaren. Hannane og hoene parar seg fleire månader før hoene føder levande 4-6 mm lange yngel i mars-april. Larvane lever pelagisk og driv nordover langs kontinentalskråninga i overflatelaga. Yngelen er i første rekkje fordelt i Barentshavet og rundt Svalbard. Dei vaksne er vidt fordelt på sokkelen og i det opne havet. Gytande vaksne konsentrerer seg langs kontinentalskråninga.

Fisket

Det har utvikla seg eit pelagisk fiske etter snabeluer i internasjonalt farvatn i Norskehavet (ofte omtalt som «Smotthavet») frå 2004. Fisket her er forvalta av Den nordaust-atlantiske fiskerikommisjonen (NEAFC). Snabeluer vert dessutan teken som bifangst i andre fiskeri, som botnfiske etter torsk, hyse og blåkveite, og som yngel i rekefiskeria. Snabelueren vert òg fanga tilfeldig i fiske etter kolmule og sild i Norskehavet. Gjennomsnittsfangsten av snabeluer i ICES-område I og II har vore like i underkant av 13 000 tonn etter 2002 (Figur 4.7), med ein topp i 2006 på vel 32 000 tonn.

Internasjonal fangststatistikk frå 2013 er enno ikkje ferdig, men fisket er venta å verte om lag 11 500 tonn, av dette 4 000 tonn bifangst.

Utrekningsmetodar

Ein ny metodikk for bestandsvurdering av snabeluer vart godkjent på eit kvalitetssikringsmøte (benchmarkmøte) i ICES i byrjinga av 2012. Metodikken brukar data frå forskningstokt i Barentshavet og frå kommersielt fiske i Norskehavet og Barentshavet. Absoluttnivået for bestanden må likevel reknast for å vere meir uvisst enn for andre bestandar der ein har metodikk som er godkjent. Dette skuldast mellom anna at metodikken for tida ikkje nyttar toktdata for eldre fisk (19 år og oppover). Eit akustikk/trål-tokt som vart gjort i Norskehavet i 2008, 2009, og 2013 gjev informasjon om mengda eldre fisk, men denne tidsserien er for kort til å kunne nyttast i bestandsmodellar.

Bestandsgrunnlaget

Etter god rekruttering på 1980-talet tok rekrutteringa til å svikte rundt 1990. Årsklassane 1996-2003 er alle svært svake, men etter dette ser det ut som rekrutteringa til bestanden har teke seg opp igjen (Figur 4.7). Sidan snabelueren vert kjønnsmoden i 12–15 års-alderen, vil det vere låg rekruttering til

Tabell 4.6 Tilrådd TAC, fastsett TAC, fangst (tusen tonn) og gytebestand av snabeluer sidan 1998.

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand
1998	Ikkje direkte fiske, reduser bifangst	-	-	14	354
1999	Ikkje direkte fiske, reduser bifangst	-	-	11	444
2000	Ikkje direkte fiske, bifangst på lågast mogleg nivå	-	-	10	538
2001	Ikkje direkte fiske, bifangst på lågast mogleg nivå	-	-	18	483
2002	Ikkje direkte fiske, bifangst på lågast mogleg nivå	-	-	7	597
2003	Ikkje direkte fiske, bifangst på lågast mogleg nivå	-	-	3	686
2004	Ikkje direkte trålfiske og låge bifangstgrenser	-	-	5 ²	693
2005	Ikkje direkte trålfiske og låge bifangstgrenser	-	-	8 ²	760
2006	Ikkje direkte trålfiske og låge bifangstgrenser	-	-	33 ²	713
2007	Ikkje direkte trålfiske og låge bifangstgrenser	-	15,5 ¹	20 ²	869
2008	Beskytt ungfisken, ikkje direkte trålfiske og låge bifangstgrenser	-	14,5 ¹	13 ²	791
2009	Beskytt ungfisken, ikkje direkte trålfiske og låge bifangstgrenser	-	10,5 ¹	10 ²	906
2010	Beskytt ungfisken, ikkje direkte trålfiske og låge bifangstgrenser	-	8,6 ¹	12 ²	811
2011	Same råd som siste år	-	7,9 ¹	13 ²	786
2012	Same råd som siste år	-	7,5 ¹	11 ²	746
2013	Bruk F _{0,1}	47	19,5 ¹	24	765
2014	Status quo-fangst	24	19,5		

¹ TAC sett av NEAFC for eit «olympisk» fiske i internasjonalt farvatn.

² Inkluderer pelagiske fangstar i Norskehavet utanfor EEZ.

gytebestanden i dei næraste åra. Det er difor venta ein svak nedgang i gytebestanden i dei komande åra før han kjem oppatt på dagens nivå rundt 2017.

Tilrådde reguleringar

ICES vurderte bestandsauken sidan 1992 (Figur 4.7) til å vere så sterk at bestanden no er stor nok til å gje grunnlag for eit fiske. Ingen biomassebaserte referansepunkt er definert for denne bestanden. ICES valde å gje råd ut frå F_{0,1}, som er

eit referansepunkt som ofte vert brukt for bestandar av denne typen. Dette tilsvarer ein fiskedødsrate (F) på 0.039, noko som for 2014 gjev ein fangst på 50 000 tonn. ICES gav likevel råd om ein *status quo*-fangst på 24 000 tonn i 2014 og at tiltaka for å verne yngel og ungfisk må halde fram.

NEAFC sette ein TAC på 19 500 tonn for det pelagiske fisket i Norskehavet for 2014 (Tabell 4.6). Denne kvoten skal takast i eit «olympisk» fiske (kappfiske) i internasjonalt farvatn i Norskehavet. Den blanda norsk-russiske fiskerikommi-

sjonen valde å vidareføre det eksisterande forbodet mot direkte fiske av snabeluer i Barentshavet også for 2014.

Basert på ein førespurnad frå NEAFC og frå Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen har ICES undersøkt ulike opsjonar for langsiktige forvaltningsplanar for denne bestanden.

NEAFC og Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen har ikkje gjort nokon avtale om kven som i framtida skal fastsetje ein TAC for denne bestanden, og det ligg heller ikkje føre forslag til avtale om fordeling av ein TAC mellom land eller mellom direktefiske og bifangst.

4.2.6 Lodde i Barentshavet

Utrekningsmetodar

Totalbestanden av lodde vert målt akustisk kvar haust. Toktet er eit samarbeid mellom Noreg og Russland. Desse undersøkingane gjev eit overslag over mengda lodde som er eitt år og eldre. Undersøkingar av 0-gruppe under eit økosystemtokt i august-september gjev tilleggsinformasjon om rekruttering.

Storleiken på loddebestanden og framlegg til kvote basert på haustingsregelen (max 5 prosent sannsyn for SSB < 200 000 tonn) vert utarbeidde av ei gruppe av norske og russiske forskarar etter økosystemtoktet i august-september. Delingsfor-


holdet mellom Noreg og Russland for denne kvoten er 60 prosent til Noreg og 40 prosent til Russland. Frå og med 2005 har denne gruppa rapportert til ICES si arbeidsgruppe for arktiske fiskeri (Arctic Fisheries Working Group).

Bestandsestimater frå økosystemtoktet vert brukt direkte som mål for bestandsstorleiken, og prognosar og kvotetilrådingar vert rekna ut i spesiallaga modellar der òg modning, vekst og naturleg dødsrate er med. Estimata for naturleg død tek omsyn til mellom anna mengda og storleikssammansetjinga av torsk i Barentshavet, og kor mykje av loddebestanden denne torsken kjem til å ete. I det reknestykket inngår òg temperaturen i dei områda torsken beitar på lodda, då dette påverkar kor fort torsken fordøyer lodda, og difor òg kor mykje han kan ete. I prognosane tek ein omsyn til uvisse i dei ulike målingane og i føresetnadene som inngår.

Bestandsgrunnlaget

Figur 4.8 viser utviklinga i bestand og fangst frå 1973 til 2013. Biomassen til loddebestanden vart mykje redusert frå 2002 til 2003, og dette må kallast eit bestandssambrot. I 2004 og 2005 heldt biomassen seg på eit lågt nivå, men vaks igjen fram til 2008 og har sidan flata ut. Rekrutteringa har teke seg opp etter 2005.

Sambrotet i bestanden etter 2002 skuldast først og fremst to faktorar: Svake rekrutterande



Figur 4.8 Utviklinga i bestand og fangst av lodde frå 1973–2013.

Tabell 4.7 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og modnande bestand om hausten før (tusen tonn) av lodde i Barentshavet sidan 1998.

År	Råd frå ICES SSB=gytebestand	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Modnande bestand
1998	Ikkje fiske	0	0	1	312
1999	SSB > 500 000 t	< 79	80	101	932
2000	5 prosent sannsyn for SSB < 200 000 t	< 435	435	414	1718
2001	5 prosent sannsyn for SSB < 200 000 t	< 630	630	568	2099
2002	5 prosent sannsyn for SSB < 200 000 t	< 650	650	651	2019
2003	5 prosent sannsyn for SSB < 200 000 t	< 310	310	282	1290
2004	Ikkje fiske	0	0	0	280
2005	Ikkje fiske	0	2 ¹	1 ¹	293
2006	Ikkje fiske	0	0	0	174
2007	Ikkje fiske	0	4 ¹	4 ¹	437
2008	Ikkje fiske	0	10 ¹	12 ¹	844
2009	5 prosent sannsyn for SSB < 200 000 t	390 ²	390	307	2468
2010	5 prosent sannsyn for SSB < 200 000 t	360 ²	360	323	2323
2011	5 prosent sannsyn for SSB < 200 000 t	380 ²	380	354	2051
2012	5 prosent sannsyn for SSB < 200 000 t	320 ²	320	296	2115
2013	5 prosent sannsyn for SSB < 200 000 t	200 ²	200	176	1998
2014	5 prosent sannsyn for SSB < 200 000 t	65 ²	65		1471

¹ Forskingskvote.

² Vinterfiske.

årsklasser (trass i stor larveproduksjon kvart år) og auka naturleg død. Samanbrotet skuldast ikkje fisket. Det var store sildemengder (hovudsakleg 2002- og 2004-årsklassen) i det sørlege og austlege Barentshavet og det er grunn til å tru at den dårlege overlevinga av loddelarvar kan henge saman med dette. Auka naturleg dødsrate for eldre lodde kan, i alle fall langt på veg, komme av at ein veksande torskebestand beita på ein sterkt minkande loddebestand. Det har ikkje vore nokon sterke sildeårsklassar sidan 2004, og silda er no periodevis ute av Barentshavet. Betsandmålingar i september 2013 gav eit overslag over totalmengda på 4 millionar tonn.

Reguleringar


Den modne delen av bestanden vart hausten 2013 målt til 1,5 millionar tonn, og basert på dette fast-

sette Den blanda norsk-russiske fiskerikommissjonen ein totalkvote for vinteren 2014 på 65 000 tonn, i tråd med tilrådinga frå ICES.

4.2.7 Norsk vårgytande sild

Den vaksne bestanden av norsk vårgytande sild (nvg-sild) er på årlege vandringer som dekkjer store deler av det nordlege Atlanterhavet. Gytinga i februar går føre seg på norskekysten i hovudsak frå Stad til Vesterålen. Silda er på beitevandring frå mai til august i havområda mellom Noreg, Færøyane, Island, Jan Mayen og Svalbard, og har dei seinare åra overvintra frå september til januar i havet nord og nordvest for Vesterålen. Det er Noreg, Island, Færøyane, EU og Russland som fiskar på denne sildebestanden. Silda oppheld seg for det meste i norske farvatn, og Noreg er òg største fiskerinasjonen.

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2014 og fisket etter avtalane i 2012 og 2013



Figur 4.9 Utviklinga av bestand og fangst av nvg-sild 1950–2014. Fangst i 2013 og bestand og fangst i 2014 er prognosar. Fangst for 2014 er TAC.

Bestandsgrunnlaget

Etter det totale bestandssamanbrotet på slutten av 1960-talet vart bestanden bygd opp att til det som kan kallast historisk nivå (Figur 4.9). Oppbygginga gjekk sakte, og først rundt 1997 var fangsten tilbake på eit nivå som likna situasjonen før samanbrotet. I 2014 er gytebestanden rekna å vere om lag 4,1 millionar tonn, ein reduksjon samanlikna med året før.

Fisket

Dei norske fangstane (Tabell 4.8) vert tekne i overvintringsområda og på gytefeltet med varierende fordeling mellom dei to områda frå år til år. Russland fiskar det meste av sin kvote i norske farvatn, på gytefeltet i februar og i havet mellom Svalbardsona og Troms i august–oktober. Etter 2008 har Island fiska store deler av kvoten sin i islandsk og færøysk sone i mai–august, så har dei gått gradvis inn i internasjonal sone og seinare norsk sone i Norskehavet i løpet av hausten. EU og Færøyane har fiska på gytefeltet og i Nor-

Tabell 4.8 Fangst (tusen tonn) av norsk vårgytande sild 1998–2012.

	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012
Færøyane	34,1	32,3	27,9	42,8	65,1	63,1	64,2	74,3	85,1	80,2	53,2	36,1
Island	77,7	127,2	117,9	102,8	156,5	159,3	176,6	217,6	265,5	205,9	151,1	121,0
Noreg	495	487,2	477,6	477,1	580,8	567,8	779,5	961,6	1016,7	871,1	572,6	491,0
Russland	109	113,8	122,8	115,9	132,1	120,8	162,4	193,2	210,1	199,5	144,4	118,6
EU	60	47,2	43,2	55,6	68,8	59,5	82,5	95,2	106,3	100,3	71,6	59,3
Total	775,8	807,7	789,4	794,2	1003,3	970,5	1271	1545,7	1687,4	1457,0	993,0	826,0
Fastsett kvote	850	850	- ¹	- ¹	- ¹	- ¹	1280	1518	1642	1483	993	833,0

¹ Ikkje avtalt.

Tabell 4.9 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og storleiken på gytebestanden (tusen tonn) av norsk vårgytande sild sidan 1998.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand
1998	Ikkje gå over haustingsregelen	1	1300	1223	6235
1999	Ikkje gå over haustingsregelen	1263	1300	1235	6353
2000	Ikkje gå over haustingsregelen	<1500	1250	1207	5396
2001	Ikkje gå over haustingsregelen	753	850	766	4386
2002	Ikkje gå over haustingsregelen	853	850	808	3847
2003	Ikkje gå over haustingsregelen	710	Ikkje avtalt	789	4746
2004	Ikkje gå over haustingsregelen	825	Ikkje avtalt	794	5905
2005	Ikkje gå over haustingsregelen	890	Ikkje avtalt	1003	5966
2006	Ikkje gå over haustingsregelen	732	Ikkje avtalt	969	6204
2007	Ikkje gå over haustingsregelen	1280	1280	1267	6957
2008	Ikkje gå over haustingsregelen	1518	1518	1546	7532
2009	Ikkje gå over haustingsregelen	1643	1643	1687	8528
2010	Ikkje gå over haustingsregelen	1483	1483	1457	7919
2011	Sjå forskjellige opsjonar	988-1170	988	993	6729
2012	Følg forvaltningsplanen	833	833	826	5832
2013	Følg forvaltningsplanen	619	619 ³		5006
2014	Følg forvaltningsplanen	419	419 ³		4123 ²

¹ Må haustast innafor haustingsregelen

² Framskriving.

³ Ein av partane, Færøyane, har ikkje underskrive denne avtalen.

skehavet. I dei år det har vore sildeavtale har Island, Færøyane og EU òg fiska i Jan Mayensona og Svalbardsona.

Rådgjeving

ICES si tilråding for fisket i 2014 er 419 000 tonn. Bakgrunn for kvotetilrådinga er haustingsregelen som kyststatane (EU, Færøyane, Island, Noreg og Russland) vart einige om i 1999.


4.2.8 Nordsjøsild

Fisket

Noreg og EU forvaltar nordsjøsilda i fellesskap. Det finst nordsjøsild i Nordsjøen og Skagerrak-Kattegat (ungfisk). Nordsjøsild vert fiska i eit direkte fiske med ringnotfartøy og trålarar og som bifangst i industritrålfisket. Utviklinga i det inter-

nasjonale fisket frå 1960 er vist i figur 4.10. Fangsttala er henta frå sildearbeidsgruppa til ICES i 2013, og er ikkje heilt i samsvar med offisielle tal. Etter eit samanbrot i bestanden og stopp i fisket på midten av 1970-talet, auka fangstane jamt utover 1980-talet og nådde ein topp på om lag 890 000 tonn i 1988. Tidleg på 1990-talet var årleg oppfiska kvantum på 600 000–700 000 tonn. Dette førte til ei negativ utvikling i bestanden, og det vart tilrådd å avgrense fisket. Kvoten vart difor redusert og halden på eit lågt nivå i 1996–1997. Etter dette auka fangstane til 664 000 tonn i 2005. Deretter gjekk fangstane ned til eit minimum på om lag 170 000 tonn i 2009, og har så stige att.

Noreg og EU har ein avtale om forvaltning av nordsjøsilda frå 1998. Avtalen vart revidert i 2004. ICES åtvara etter dette mot ei negativ utvikling i bestanden, og sju år med dårleg rekruttering gav stor grunn til uro. Som følgje av dette, vart forvaltningsavtalen oppdatert i 2008. Den reviderte avta-



Figur 4.10 Utviklinga av bestand og fangst av nordsjøsild 1950–2014. Fangst og gytebestand i 2013 er prognosar.

len seier at fiskedødsraten ikkje skal overskride 0,05 og 0,25 per år, høvesvis for ungsild og vaksen sild når gytebiomassen er over 1,5 millionar tonn. Det er òg avtalt ein reduksjon av fiskedødsraten etter gjevne formlar når gytebiomassen er under 1,5 millionar tonn, men over 800 000 tonn. Avtalen har fastsett årlege endringar av TAC på maksimum +/- 15 prosent når gytebiomassen er over 800 000 tonn.

Den avtalte kvoten for vaksen sild til konsum i Nordsjøen (Tabell 4.10) har lenge vore lågare enn kvantumet som vert fiska. Dei siste åra har dette kvantumet lege 3-17 prosent over kvoten, og i 2012 rundt 3 prosent. Tidlegare kom overfisket hovudsakleg av utstrekt feilrapportering, det vil seie at det vart fiska nordsjøsild som vart rapportert som fangstar tekne i andre område. Satellittsporing av båtane har truleg redusert feilrapporteringa til eit minimum. Bifangstane av småsild var tidlegare på eit svært høgt nivå (100 000–200 000 tonn). Dette fisket var i prinsippet uregulert. Etter innføringa av forvaltningsplanen vart bifangstane av småsild reduserte til under 20 000 tonn årleg.

Bestandsgrunnlag

Hardt fiskepress gjennom fleire år førte til at gytebestanden av nordsjøsild vart kraftig redusert i perioden mellom 1989–1993: frå 1,7 millionar tonn

til om lag 800 000 tonn (Figur 4.10). Fiskepresset på den vaksne delen av bestanden auka kraftig utover i 1990-åra, og det vart fiska store mengder småsild i industrifisket. Kvotane låg på eit jamt nivå, samtidig som bestandsnivået gjekk kraftig nedover. Dette førte til ei vesentleg dårlegare rekruttering til den vaksne bestanden enn det som skulle til for å halde storleiken på bestanden oppe med eit slikt fiskepress. Strenge reguleringar av både bifangstfisket og fangstar av vaksen sild vart innførte i midten av 1990-åra (EU-Noreg-avtalen). Dette førte til ein auke i gytebestanden til 1,5 millionar tonn i 1999–2000. I dei neste åra steig gytebestanden til 2,4 millionar tonn i 2004, men med ein reduksjon til 1,4 millionar tonn (føre-var-gytebiomasse = 1,3 millionar tonn) i 2007. Etter dette har gytebestanden auka litt igjen og i 2013 var han estimert til 2,0 millionar tonn. I 2014 er gytebestanden venta å vere 1,8 millionar tonn om forvaltningsplanen vert følgt. I 2012 vart det skifta bestandsmodell og det førde til oppskrivning i biomasse.

Rådgjeving

Etter innføringa av eit strengt forvaltningsregime (Noreg-EU) i 1998 vart det god vekst i bestanden. I 2001 vart den estimerte gytebestanden (biomassen) klassifisert til å vere over føre-var-nivået. På grunn av låg middelvekt og sein modning av 2000-

Tabell 4.10 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av nordsjøsilid sidan 1998.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd		Bifangstkvote	Fangstar ³ IV, VIIId	Gytebestand
		TAC	Avtalt TAC			
1998	F(vaksen) = 0,2 F(ungfisk) < 0,1	254 ¹	254	22	338	1457
1999	F(vaksen) = 0,2 F(ungfisk) < 0,1	265 ¹	265	30	333	1535
2000	F(vaksen) = 0,2 F(ungfisk) < 0,1	265 ¹	265	36	346	1521
2001	F(vaksen) = 0,2 F(ungfisk) < 0,2	Scenarier	265	36	323	2074
2002	F(vaksen) = 0,2 F(ungfisk) < 0,1	Scenarier	265	36	353	2390
2003	F(vaksen) = 0,25 F(ungfisk) = 0,12	Scenarier	400	52	450	2446
2004	F(vaksen) = 0,25 F(ungfisk) = 0,1	Scenarier	460	38	550	2417
2005	F(vaksen) = 0,25 F(ungfisk) = 0,1	Scenarier	535	50	639	2297
2006	F(vaksen) = 0,25 F(ungfisk) = 0,12	Scenarier	455	43	511	1792
2007	Få gytebest. tilbake til Bpa innan 2008	Scenarier	341	32	388	1444
2008	F(vaksen) = 0,17 F(juv) = 0,08 (forvaltningsplan)	Scenarier	201	19	245	1496
2009	Ny haustingsregel	Scenarier	171	16	166	1827
2010	F(vaksen) = 0,15 F(ungfisk) = 0,05	Scenarier	164	14	175	1858
2011	Sjå scenarier	Scenarier	200	16	218	2227
2012	Forvaltningsplan	Scenarier	405	18	424	23484
2013	Forvaltningsplan	Scenarier	478	14		19964
2014	Forvaltningsplan	Scenarier	470			

¹ Fangst i direkte fiske i IV og VIIId.

² Landingar er gitt av arbeidsgruppa (HAWG) og vil ikkje i alle høve korrespondere med offisiell statistikk.

³ Framskriving.


årsklassen og dårleg rekruttering, fekk vi ein nedgang i gytebestanden frå 2002 til 2008. Det har vore ein serie av hovudsakleg svært låg rekruttering frå årsklassane 2001 til 2011. Ei førebels vurdering av rekrutteringa i 2013 tyder på at 2012-årsklassen er på same låge nivå som årsklassane frå og med 2001. ICES sitt råd for 2014 baserer seg på haustingsregelen som gjev ein fangst i det direkte sildefisket på 470 037 tonn og eit kvotetak på 12 440 tonn bifangst for EU-flåten.

Forvaltningsstrategien som Noreg og EU er samde om seier at F ikkje skal overstige 0,25 og 0,05 per år for høvesvis vaksen silid og ungsild når gytebestanden er større enn 1,5 millionar tonn. Dei siste åra har EU og Noreg halde seg til råda basert på forvaltningsplanen, men gjorde eit unntak for 2012 då det viste seg at forvaltningsplanen ikkje tek godt nok omsyn til dynamikken i bestanden, og gjekk bort frå 15 prosent-regelen i 2012.

Kvoten for 2014 er på 470 037 tonn, og det er i tråd med forvaltningsplanen. Noreg og EU er einige om en ny forvaltningsplan som skal gjelde frå 2015. I følgje avtalen har Noreg 29 prosent av totalkvoten som kan takast i eit direkte fiske av silid. Eventuelle bifangstar i det norske industri-trålfisket vert trekte frå denne kvoten. EU innførte i 1997 ein eigen bifangstkvote for industrifisket. Denne bifangstkvoten har ikkje vorte fiska opp.

4.2.9 Makrell

Den nordaustatlantiske makrellbestanden består av tre gytekomponentar: sørleg makrell, vestleg makrell og nordsjømakrell. Vestleg makrell er på eit relativt høgt nivå, medan nordsjøkomponenten framleis er på eit lågt nivå. Hovudsakleg grunna stor uvisse om fangstnivået attende i tid, og at



Figur 4.11 Utviklinga i gytebestand og fangst av nordaustatlantisk makrell 1980–2014. Fangst i 2013 og gytebestand i 2014 er prognosar.

bestandsvurderingsmodellen som har vore bruka inn til 2012 av den grunn ikkje var til å lita på, forkasta ICES i 2013 den analytisk bestandsvurderinga og gav råd for fisket i 2014 på basis av trendar i fangstane. Vinteren 2014 gjorde ei arbeidsgruppe i ICES ei grundig vurdering av bestandsvurderingsmetodane og kom fram til at ein ville nytta ein alternativ modell, som er mindre kjenslevar for feil i fangstane, men som også nyttar fleire datakjelder frå tokt for å fastslå bestandsstorleiken. Basert på den nye modellen har gytebestanden meir enn dobla seg frå eit minimum på under 2 millionar tonn i 2002 til om lag 4,7 millionar i 2014. Dette er eit meir optimistisk bilete av bestandssituasjonen enn det den gamle modellen teikna.

Fisket

Fisket etter makrell føregår hovudsakleg i eit direkte fiskeri med snurpenot og trål. I Biscaya og utanfor Portugal vert makrellen stort sett teken som bifangst av trålarar. Det norske fisket føregår for det meste med snurpenot, men trål og tradisjonelle reiskapar som garn og snøre vert og brukt.

I byrjinga av 1990-åra auka dei internasjonale makrellfangstane frå ein stabil årsfangst på 600 000–650 000 tonn til over 800 000 tonn i 1993 og 1994. Dette førte til nedgang i bestanden, og fangstnivået måtte ned. Strengt reguleringar med

lågare kvotar førte til at fangstane fall til høvesvis 563 000 og 573 000 tonn i 1996 og 1997, men har seinare auka igjen, og dei siste åra har fangstane vore rekordstore. Frå 2011 til 2013 var landingane om lag 900 000 tonn (Figur 4.11). Dei viktigaste fangstområda er Nordsjøen (område IV), Norskehavet (område IIa) og vest av 4°V (områda VI og VII) (sjå Fig. 3.1)

I 2012 fiska Noreg 181 095 tonn makrell. Førrebelegget tal for 2013 viser norsk fangst på 164 700 tonn. Fangstane gjennom året fordelte seg med mindre enn 0,5 prosent første halvår, og størsteparten i tredje kvartal.

Uttaket frå bestanden er større enn det som vert landa, i og med at det vert dumpa og sleppt makrell på feltet. Det fører til auka dødsrate. I og med at det nesten ikkje finst data for dette, kan det ikkje gjevast gode overslag over kor stort utkastet er. Analysar viser at dette uttaket har vore så stort at totalfangsten sannsynlegvis har vore minst 60 prosent høgare enn oppgjeve. Innan pelagisk sektor tyder tilbakemeldingar frå norske og samarbeidande lands kontrollstyresmakter på at det urapporterte fisket av makrell er sterkt redusert, spesielt dei siste åra. Ein har med eksperimentelle forsøk på fiskefeltet dei siste åra kvantifisert nedreping grunna trenging av makrell før slepping. Denne dødsraten er potensielt mykje større enn tidligare rekna med. Frå norsk side vil det verte

Tabell 4.11 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av nordaustatlantisk makrell sidan 1998.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand
1998	F = 0,15-0,2 (Noreg-EU avtalen)	498	549	659	2064
1999	F = 0,15	437	562	640	2245
2000	F _{pa} = 0,17	642	612	737	2193
2001	F _{pa} = 0,17	665	670	735	2041
2002	F _{pa} = 0,17	694	683	748	1899
2003	F _{pa} = 0,17	542	583	660	1905
2004	F _{pa} = 0,17	545	532	641	2355
2005	F = 0,15 til 0,20	320-420	422	524	2299
2006	F = 0,15 til 0,20	373-487	444	455	2331
2007	F = 0,15 til 0,20	390-509	502	571	2561
2008	F = 0,15 til 0,20	349-456	458	586	3185
2009	F = 0,15 til 0,20	443-578	605 ¹	722	3863
2010	Haustingsregel	527-572	- ²	862	4152
2011	Haustingsregel	592-646	- ²	936	4728
2012	Haustingsregel	586-639	-2	877	4330
2013	Haustingsregel	497-542	-2	8953	4408
2014	Fangst bør ikkje overstige gjennomsnittsfangst 2010-2012 ⁴ Haustingsregel ⁵	<890 927-1011	-2		4661 ³

¹ Inkluderer ikkje unilateral avtalt TAC Noreg/Færøyane eller islandsk TAC.

² Ingen internasjonal einigheit om TAC.

³ Prognosar

⁴ Opphavleg råd for 2014

⁵ Revidert råd for 2014 gjeven i mai 2014

arbeidd grundig framover med problemstillinga for å redusere denne uønska dødsraten.

Bestandsgrunnlaget

Makrellen som vert fiska i Nordsjøen, Skagerrak og Norskehavet stammar frå tre gyteområde:

- Nordsjøen.
- Sør og vest av Irland.
- Utanfor Portugal og Spania.

Makrell frå det sørlegaste gyteområdet vart fram til 1994 behandla som ei eiga eining. Norske og internasjonale merkeforsøk viser at makrell som gyt i dei sørlege og vestlege områda vandrar til Norskehavet og Nordsjøen for å beite etter gytinga. Vandringane til makrellen er altså så omfattande at fisk frå alle tre gyteområda vert blanda og fiska på i

Nordsjøen, Skagerrak og Norskehavet i andre halvår. Det er uråd å skilje desse tre komponentane i fangstane. Difor vert makrellen forvalta som ein bestand, den nordaustatlantiske makrellbestanden. Utviklinga av gytebestand og totale landingar sidan 1980 er vist i figur 4.11.

Gytebestanden vert målt ved eggtokt kvart tredje år, sist i 2013 i dei vestlege og sørlege gyteområda og i Nordsjøen i 2011. I seinare år er det også utvikla eit tråltokt i Norskehavet om sommaren, som frå no av vert trekt inn som ei datakjelde i bestandsvurderinga. Gytebestandsmåla frå eggtokta har til 2003 vore brukt som absolutte verdiar i utrekningane, men ICES har no nytta dei som relative verdiar. Eggtokta viser at gytebestanden har lege på eit stabilt nivå, men med ein auke dei siste åra. Gytebestanden vart tidlegare rekna ut ved at ein nytta trenden i gytebestanden frå eggtokta, slik

at uttrekningane passa med fangstane. Den vestlege komponenten utgjer om lag 85 prosent, og nordsjøkomponenten har vore låg (1-5 prosent) heilt sidan han vart fiska ned på byrjinga av 1970-talet. På grunn av problem med fangsttala vart uttrekningane av gytebestanden svært usikre, og som nemnt vart heile bestandsvurderinga basert på desse usikre fangstane og eggtokta forkasta av ICES i 2013. Det er håp om at data frå tråltokta i Norskehavet, i tillegg til data for merking og gjenfangst av makrell, som også vil inngå i uttrekninga av bestandsnivået frå no av, vil gje eit meir korrekt bilete av bestandsutviklinga i framtida. Tilgjengeleg informasjon tyder på at utbreiinga av gyteområdet for makrell har auka i dei siste åra og gyteområdet var rekordstort i 2013. Beiteområdet har også auka kraftig om sommaren frå 2007–2013. Makrell vert fiska kommersielt i område som tidlegare ikkje har vore fangstområde, spesielt innanfor Islands territorialfarvatn, men også i grønlandsk farvatn.

Rådgeving

Noreg, EU og Færøyane vart i 1999 einige om at uttaket av bestanden skal tilsvare ein fiskedødsrate på 0,15-0,2, som tilsvare eit årleg uttak på 14-18 prosent av gytebestanden. Avtalen mellom kyststatane vart revidert hausten 2008. Til grunn låg eit omfattande forskararbeid for å kartleggje moglege reglar for kvoteberekning med tanke på fangstnivå, stabilitet og låg risiko for bestanden. Dersom den samla fangsten ikkje fører til ein mindre gytebestand i kvoteåret enn 2,2 millionar tonn, skal fangsten svare til ein fiskedødsrate på mellom 0,20 og 0,22. Likevel skal ikkje kvoten endrast meir enn 20 prosent frå eitt år til det neste, sjølv om dødsraten då fell utanfor det vedtekne intervallet. Dersom slike fangstar fører til ein mindre gytebestand enn 2,2 millionar tonn skal mindre fiskedødsrate leggjast til grunn. Den reviderte forvaltingsplanen vart i 2009 evaluert av ICES og funnen å vere i samsvar med føre-var-prinsippet dersom TAC svarar til totalt uttak frå bestanden. ICES forkasta den tradisjonelle bestandsestimeringsmodellen for makrell i oktober 2013, og difor kunne ICES heller ikkje tilrå ein makrellkvote for 2014 basert på vanleg vitenskapleg informasjon og datakjelder. Følgjeleg var heller ikkje gytebestandsnivået og fiskedødsraten kjend, og haustingsregelen for makrell kunne ikkje nyttast i rådgevinga. ICES tilrådde i staden at landingane av makrell i 2014 ikkje burde overstige 889 886 tonn, som er gjennomsnittleg landingsnivå i perio-

den 2010–2012. Sidan den nye bestandsmodellen gjev eit endra bilete av bestandssituasjonen, gav ICES 9. mai 2014 eit oppdatert råd for 2014, som er å følgja haustingsregelen, dvs ein fangst i intervallet 927 000 til 1 011 000 tonn.

For å verne makrellen i Nordsjøen vert det framleis tilrådd å stengje den sørlege delen for makrellfiske heile året, og den nordlege delen i perioden februar–juli.

Det er for 2014 inngått ein avtale om TAC mellom tre av partane som fiskar makrell; Noreg, EU og Færøyane, og i tillegg har andre land erklært eigne kvotar. Summen av desse kvotane utgjer 1 326 681 tonn.


4.2.10 Sei i Nordsjøen og vest av Skottland

Fisket

Dei siste åra er fangstane reduserte til om lag 70 000 tonn i Nordsjøen (Figur 4.12). Fangstane frå vest av Skottland ligg på kring 10 prosent av dette. Ein reknar med at landingane frå Nordsjøen i 2013 er 91 000 tonn. For 2014 er det avtalt ein totalfangst på 77 536 tonn og 500 tonn er sett av til norsk fiskeri vest for Skottland. Den norske delen av totalfangsten dei siste ti åra har lege like over 50 prosent i Nordsjøen. Førebelse oppgaver for 2013 tyder på at norsk fangst i Nordsjøen, medrekna bifangst til oppmaling, har vore om lag 36 000 tonn. Dette er mindre enn den norske kvoten på vel 47 000 tonn. I det norske fiskeriet er det trålarflåten som tek mesteparten (om lag 80 prosent). Nottfisket inkluderer òg ungsei nær kysten. Noreg disponerer 52 prosent av totalkvoten i Nordsjøen.

Frå og med 1999 er det laga ei felles uttrekning for seibestandane i Nordsjøen og vest av Skottland. Nordsjøbestanden er veldig stor samanlikna med bestanden vest av Skottland, så alle uttreknigar vert styrte av data frå nordsjøbestanden. Eit av dei største problema med bestandsvurderinga er manglande rekrutteringsdata. Det vart sett i gang eit 0-gruppetokt på sei i 1999. Denne tidsserien viste seg å vere lite eigna, og i 2006 starta eit tokt på norskekysten sør for 62°N for å undersøkje førekomsten av to- og treåringar. Fram til 2011 vart ein og same båt brukt til toktet kvart år, og toktserien viste godt samsvar frå år til år. I 2011 vart det nytta ein annan båt, noko som skapte problem. Toktet har ikkje vore gjennomført etter 2012. Frå 2011 er det gjort endringar i berekningsmodellane for å leggje meir vekt på toktseriane og redusere vekta av kommersielle data (WKBENCH).

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2014 og fisket etter avtalane i 2012 og 2013



Figur 4.12 Utviklinga i bestand og fangst av sei i Nordsjøen og vest av Skottland. Tala for fangst og gytebestand i 2013 og 2014 er prognosar.

Tabell 4.12 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (1000 tonn) av sei i Nordsjøen/Skagerrak sidan 1998.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand ¹
1998	Reduser F med 20 prosent	97	97	106	205
1999	Reduser F til F_{pa}	104	110	111	217
2000	Reduser F med 30 prosent	75	85	91	218
2001	Reduser F med 20 prosent	87	87	95	234
2002	$F < F_{pa}$	<135	135	115	233
2003	$F < F_{pa}$	< 176	165	106	265
2004	$F < F_{pa}$	< 211	190	104	325
2005	$F < F_{pa}$	< 150	145	124	330
2006	$F < F_{pa}$	< 123	123	126	318
2007	I samsvar med forvaltningsplan	< 123	123	101	313
2008	I samsvar med forvaltningsplan	< 137	136	119	298
2009	I samsvar med forvaltningsplan	< 126	126	116	263
2010	I samsvar med forvaltningsplan	< 107	107	119	248
2011	I samsvar med forvaltningsplan	< 93	93	96	213
2012	I samsvar med forvaltningsplan	< 79	79	77	197 ²
2013	I samsvar med forvaltningsplan	<91	91		
2014	I samsvar med forvaltningsplanen (TAC-15%)	<77	77		

¹ Gytebestanden er kombinert for Nordsjøen og vest for Skottland.

² Framskriving.

Bestandsgrunnlaget

I byrjinga av 1970-åra var totalbestanden av sei i Nordsjøen og vest av Skottland opptil ein million tonn. Han vart redusert til om lag 260 000 tonn kring 1990 (Figur 4.12), for så å auke til vel 500 000 tonn i 2005. Etter dette har han gått ned igjen, og bestanden har dei siste åra vore om lag 300 000 tonn. Gytebestanden, som i 1974 var på 555 000 tonn, nådde eit minimum på 100 000 tonn i 1991, og er no utrekna til 162 000 tonn i byrjinga av 2014. Fiskedødsraten, som dei siste 15 åra har lege mellom 0,2 og 0,4, er rekna til 0,31 i 2014. Gode mål for dei siste rekrutterande årsklassane finst enno ikkje, så for desse årsklassane er det brukt langtidsgjennomsnitt.

Det er gjort framlegg om at B_{pa} for sei i Nordsjøen og vest av Skottland skal vere 200 000 tonn (under dette nivået er det hovudsakleg produsert middels og dårlege årsklassar), og F_{pa} er sett til 0,40. Gytebestanden er rekna til å liggje rett under føre-var-nivået.

Rådgeving

Ei oppdatert bestandsberekning vart gjort i 2013. ICES si tilråding for fisket i 2014 i følge haustingsregelen gjev eit fiske på ikkje meir enn 85 581 tonn for Nordsjøen og områda vest for Skottland.

4.2.11 Torsk, hyse, kviting og raudspette i Nordsjøen

Fisket

I botntrål- og snurrevadfisket til konsum tek dei ei blanding av torsk, hyse og kviting. Industritrålfisket og bomtrålfisket etter flatfisk fører til ein auke i fiskedødsraten for torskefisk, særleg for dei yngre årsklassane. Det er eit stort utkast av undermåls fisk i alle fiskeria. I blandingsfiskeria er torsk den avgrensande arten for alle scenarioa som vert undersøkte, og dersom ein vel å følgje opsjonane i torskeforvaltningsplanen vil ein ikkje kunne utnytte forvaltningsplanane for sei, hyse, kviting eller raudspette.

Torskelandingane fall frå 320 000 tonn i 1981 til om lag 23 000 tonn i 2007 og auka deretter til over 37 000 tonn i 2010. I 2012 var torskelandingane over 33 000 tonn. (Figur 4.13). Norsk fiske i 2012 var om lag 4400 tonn. I 2007 og 2008 vart kring halvparten (vel 20 000 tonn) av all torsk som vart fiska, kasta ut att. Denne delen gjekk litt ned i 2009 til 2012. Utrekningane viser at i denne perioden vart om lag ein firedel, målt i vekt, av all torsk

som vart fanga, kasta ut att. Det har aldri før vore kasta ut så stor del av eitt-åringar som no. Totalt sett vert meir enn 6 av 10 torsk kasta ut for alle aldersgrupper sett under eitt. Vi reknar med at lite av dette overlever.

Årsfangstane (inkludert utkast) av hyse låg på kring 220 000 tonn i åra 1980–1986 og fall gradvis til eit nivå på 100–170 000 tonn i tiårsperioden 1991–2002 (Figur 4.14). Etter dette vart fangstnivået gradvis ytterlegare redusert til vel 40 000 i 2009, og har seinare auka til 48 000 tonn, inkludert bifangst, i 2013. Det er ikkje venta bifangst i industritrålfisket i 2014. Avtalt totalkvote for 2014 er 38 284 tonn. Noreg disponerer 21 prosent av totalkvoten.


Landingane av kviting har vore stabile eller litt minkande dei siste ti åra (Figur 4.15), men er vesentleg lågare enn i perioden 1960–1980. Storbritannia tek om lag 80 prosent av totalfangsten. Dei norske landingane er hovudsakleg bifangst i industritrålfisket.

Utbyttet av raudspette minka fram til 2007, men har etter det auka litt igjen (Figur 4.16). Av fangstane på vel 133 000 tonn i 2012 vart 55 prosent landa. Noreg disponerer 6 prosent av totalkvoten.

Bestandsgrunnlaget

Gytebestanden av torsk vart redusert frå om lag 250 000 tonn i 1970 til under B_{lim} , som er 70 000 tonn, sidan 1999. Eit historisk lågmål vart nådd i 2006 då gytebiomassen var 26 000 tonn. Det har vore ei gradvis betring i bestanden dei siste åra, og gytebiomassen er no nærare B_{lim} . Det har kome motstridande signal frå kommersielle data og toktdata som går inn i bestandsvurderinga. I 2013 rekna ICES for første gong ikkje med urapportert fiskedød etter 2006, og dette førte til ei nedjustering av SSB og rekruttering. Desse endringane kan ha påverka samanhengen mellom gytebestand og rekruttering, og difor må referansepunkta reviderast i den planlagde benchmarkprosessen i 2015. Men den største uvissa i framskrivinga er føresetnader om rekruttering og fiskedød i 2013. Dagens fiskemønster fører til høg fiskedød for eitt- og toåringar, slik at berre om lag 15 prosent av eittåringane overlever til dei er tre år. 1996-årsklassen har vore sterk, men på grunn av stort fiskepress har det ikkje lukkast å få bygd opp att gytebestanden. Sidan 1997 har alle årsklassar vore svake eller middels, og årsklassane 1997, 2000, 2002, 2004, 2006–2008 og 2010 er dei svakaste som er registrert. Det er difor ikkje venta at gytebestanden vil auke til over 150 000 tonn i næraste framtid, sjølv om fiskedødsraten vert kraftig redusert.

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2014 og fisket etter avtalane i 2012 og 2013



Figur 4.13 Utviklinga i bestand og fangst av torsk i Nordsjøen. Tala for fangst og bestand i 2013 og 2014 er prognosar.


Tabell 4.13 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av torsk i Nordsjøen sidan 1998.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangst ¹	Gytebestand
1998	F(98) burde ikkje overstige F(96)	153	140	128	56
1999	F = 0,60 for å byggje opp att SSB	125	132	93	51
2000	F mindre enn 0,55	< 79	81	94	45
2001	Lågast mogleg fangst	0	48,6	83	38
2002	Lågast mogleg fangst	0	49,3	80	39
2003	Ikkje fiske	0	27,3	56	33
2004	Ikkje fiske	0	27,3	43	28
2005	Ikkje fiske	0	27,3	41	26
2006	Ikkje fiske	0	23,2	34	22
2007	Ikkje fiske	0	20,0	46	28
2008	Utnytt i høve til føre-var grenser	< 22	22,2	48	34
2009	Ikkje fiske	0	28,8	49	41
2010	Forvaltningsplan (F 65% av F ₂₀₀₈)	< 40,3	33,6	50	43
2011	Sjå scenarier	-	26,8	46	46
2012	Forvaltningsplan (F 45% av F ₂₀₀₈)	31,8	26,5	44	55
2013	Forvaltningsplan (TAC-20%)	25,4	26,5		72
2014	Forvaltningsplan	28,8	27,8		

¹ Fangst inkluderer totalt estimert uttak, og gytebestand i Subarea IV, Divisjon VIIId og IIIa.

² Framskriving.

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2014 og fisket etter avtalane i 2012 og 2013



Figur 4.14 Utviklinga i bestand og fangst av hyse i Nordsjøen. Tala for fangst og bestand i 2013 og 2014 er prognosar.


Tabell 4.14 Tilrådd TAC (landingar), avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av hyse i Nordsjøen (ICES Subarea IV) sidan 1998.

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand ¹
1998	Ingen auke i F	100,3	115	131	195
1999	Reduser F(95–97) med 10prosent	72	88,6	112	149
2000	F mindre enn F_{pa}	< 51,7	73	104	126
2001	F mindre enn F_{pa}	< 58	61	167	298
2002	F mindre enn F_{pa}	< 94	104	108	493
2003	Ingen fangst av torsk	0 torsk	52	67	486
2004	Blandingsfiske vurderingar	0 torsk	85	65	416
2005	Blandingsfiske vurderingar	92	66	57	359
2006	Blandingsfiske vurderingar	39	52	56	285
2007	Blandingsfiske vurderingar	55,4	55	60	209
2008	Blandingsfiske vurderingar	49,3	46	44	210
2009	Blandingsfiske vurderingar	44,7	42	43	185
2010	Blandingsfiske vurderingar	38	36	40	178
2011	Sjå scenarier	-	34	46	195
2012	EU-Noreg forvaltningsplan	41,6	39	38	258
2013	Forvaltningsplan	47,8	45		258 ²
2014	Forvaltningsplan	40,6	38,3		

¹ Gytebestanden er kombinert for Nordsjøen og Skagerrak.

² Framskriving.

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2014 og fisket etter avtalane i 2012 og 2013




Figur 4.15 Utviklinga i bestand og fangst av kviting i Nordsjøen. Tala for fangst og bestand i 2013 og 2014 er prognosar. ICES har ikkje definert føre-var-grense for denne bestanden.

Tabell 4.15 Tiltrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av kviting i Nordsjøen (ICES Sub-area IV) sidan 1998.

År	Råd frå ICES	Tiltrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand
1998	Ingen auke frå 1996-nivået	54	60	47	271
1999	Minst 20 prosent reduksjon av F(95–97)	40,4	44	61	288
2000	Lågast mogleg fangst	0	30	64	418
2001	60 prosent reduksjon av F(97–99)	19,4	30	45	492
2002	F ikkje større enn 0,37	< 33	32	46	420
2003	Ingen fangst av torsk	-	16	46	321
2004	Ingen fangst av torsk	Inga auke	16	34	249
2005	Ingen fangst av torsk	52	28,5	29	216
2006	Ingen fangst av torsk	< 17,3	23,8	37	199
2007	Ingen fangst av torsk	< 15,1	23,8	27	184
2008	Ingen fangst av torsk	< 15,1	17,9	28	209
2009	Ingen fangst av torsk	< 11	15,2	27	280
2010	Ingen fangst av torsk	< 6,8	12,9	31	307
2011	Ingen fangst av torsk	< 9.5	14,8	33	312
2012	Interim forvaltningsplan	<17.1	17.1	25	319
2013	Føre-var tilnærming	<19	18,9		
2014	Føre-var-tilnærming	<16	16		

¹ Framskrivning.

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2014 og fisket etter avtalane i 2012 og 2013



Figur 4.16 Utviklinga i bestand og fangst av raudspette i Nordsjøen. Tala for fangst og bestand i 2013 og 2014 er prognosar.

Tabell 4.16 Tilrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av raudspette i Nordsjøen (ICES Sub-area IV) sidan 1998.

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand
1998	$F=0,3$	82	87	176	229
1999	$F=0,3$	106	102	153	204
2000	$F=0,3$	95	97	127	231
2001	$F=0,26$	78	78	183	275
2002	$F < F_{pa}$	< 77	77	126	200
2003	$F=0,23$	60	73	145	230
2004	Gjenoppbyggingsplan		61	117	212
2005	Gjenoppbygg $SSB > B_{pa}$ i 2006	35	59	110	251
2006	Gjenoppbygg $SSB > B_{pa}$ i 2007	48	57	120	259
2007	Gjenoppbygg $SSB > B_{pa}$ i 2008	< 32	50	90	266
2008	Gjenoppbygg $SSB > B_{pa}$ i 2009	< 35	49	95	367
2009	Avgrens totale landingar til 55 500 tonn	$< 55,5$	55,5	101	401
2010	Avgrens totale landingar til 63 825 tonn	$< 63,8$	63,8	107	500
2011	Sjå scenarier	64,2	73,4	109	494
2012	Første steg i forvaltningsplan	84,4	84,4	133	540
2013	Første steg i forvaltningsplan	97,1	97,1		663 ¹
2014	Bestanden i andre steg, forvaltninga i første steg av forvaltningsplan	111,0	111		

¹ Framskrivning.

Etter den gode årsklassen av hyse i 1999, har det vorte lenger mellom gode årsklassar. Berre 2005 og 2009-årsklassen kan reknast som middels gode årsklassar. Dei andre er til dels svært svake. Gytebestanden er i 2014 vurdert til å vere om lag 243 000 tonn, og såleis over B_{pa} på 140 000 tonn. Fiskedødsraten i 2013 vart vurdert til å vere 0,176, og dette er mykje lågare enn den F som er lagt til grunn i forvaltningsregelen mellom Noreg og EU ($F=0,3$).

Ein revisjon av naturleg dødsrate for kviting har ført til at ICES har revidert målet for fiske-dødsraten frå 0,3 til 0,15 i gjeldande forvaltningsplan. Gytebestanden av kviting har auka til vel 281 000 tonn i 2013, men på grunn av usikre data vert føre-var-reglar brukt i framskrivinga. Fiskedøden har vore relativt stabil og låg dei siste åra, og var i 2012 den lågaste som har vore registrert. Bestandsvurderinga er usikker.

Fiskedødsraten for raudspette har vorte kraftig redusert dei siste åra og gytebiomassen har auka. Gytebiomassen er rekna å verte rekordhøg i 2014, over 735 000 tonn. Uttaket av bestanden er rekna som berekraftig, og gytebestanden er over grensa for god reproduksjonsevne.

Rådgjeving

ICES si tilråding etter den vedtekne haustingsregelen inneber eit torskefiske med landingar på 28 809 tonn. Dette kan gje ein gytebestand i 2015 på


127 000 tonn, som er litt lågare enn B_{pa} på 150 000 tonn. For hyse er òg tilrådinga frå ICES å følgje haustingsregelen, noko som fører til laningar mindre enn 40 639 tonn. For kviting bør fangsten ikkje vere høgre enn 16 092 tonn i Nordsjøen. Tilrådinga frå ICES for raudspette for fiske i 2014 er å følgje første steget i den vedtekne forvaltningsplanen. Dette gjev landingar på < 111 631 tonn.

4.2.12 Kolmule

Kolmulebestanden i det nordaustlege Atlanterhavet består truleg av to hovudkomponentar; ein nordleg i Norskehavet og sørover til sørvest av Irland, og ein sørleg som held til i Biscaya og vidare sørover mot Gibraltar og Nord-Afrika. Det er uklårt kor mykje desse komponentane blandar seg under gyting og beiting, difor vert all kolmule sett på som ein felles bestand i bestandsvurderingane og rådgjevinga i ICES.

Fisket

Hovudfisket føregår om våren på gytefelta langs eggakanten vest av Dei britiske øyane og ved Færøyanane. Noreg opererer her med ringnotsnurparar utstyrte for flytetråling. Fangst av kolmule har òg føregått på beiteområda i Norskehavet om sommaren, òg då med flytetrål. Dette fisket har dei seinare åra praktisk talt falle bort. Elles tek industritrålflåten kolmule gjennom heile året i Norskerenna.



Figur 4.17 Utviklinga i bestand og fangst av kolmule. Fangst i 2013 og gytebestand i 2014 er prognosar. Fangst i 2014 er TAC.

Tabell 4.17 Tilrådd TAC, avtalt TAC, fangst og gytebestand (tusen tonn) av kolmule sidan 1998.

År	Råd frå ICES	Tilrådd TAC	Avtalt TAC	Fangstar	Gytebestand
1998	Føre-var-TAC for kombinert bestand	650		1125	3752
1999	Fangstar over 650 000 t vil ikkje vere berekraftig i det lange løp	650		1256	4597
2000	F må ikkje overstige foreslått F_{pa}	800		1412	4295
2001	F må ikkje overstige foreslått F_{pa}	628		1780	4676
2002	Gjenoppbyggingsplan	0		1556	5298
2003	$F < \text{foreslått } F_{pa}$	600		2321	7167
2004	Oppnå 50 pst sannsyn for at $F < F_{pa}$	925		2378	7039
2005	Oppnå 50 prosent sannsyn for at $F < F_{pa}$	1075		2027	6212
2006	F gamal forvaltningsplan	1500	2100 ¹	1966	6312
2007	$F < \text{foreslått } F_{pa}$	980	1847 ²	1612	5045
2008	$F < F_{pa}$	835	1250 ³	1246	3801
2009	Halde bestanden over B_{pa}	384	606 ⁴	636	2919
2010	Følg den avtalte forvaltningsplanen	540	548	540	2908
2011	Følg den avtalte forvaltningsplanen	40	40 ⁵	105	3020
2012	Følg den avtalte forvaltningsplanen	391	391	348	4164
2013	Følg den avtalte forvaltningsplanen	643	643		5531
2014	Følg den avtalte forvaltningsplanen	949	1200		6715 ⁶

¹ Avtalt TAC mellom kyststatane på 2 mill t og i tillegg tildeling til Russland i int.farvatn på 100 000 t.

² Avtalt TAC mellom kyststatane på 1,7 mill t og i tillegg tildeling til Russland og Grønland på 147 000 t.

³ Avtalt TAC mellom kyststatane på 1,1 mill t og i tillegg tildeling til Russland og Grønland.

⁴ Avtalt TAC mellom kyststatane på 0,59 mill t og i tillegg tildeling til Russland 16 000 t.

⁵ Avtalt TAC mellom kyststatane på 40 000 tonn, i tillegg Russisk fangst som dei unilateralt fastsette på ca 20 000 tonn.

⁶ Framskrivning.

Internasjonal fangststatistikk frå 2013 er enno ikkje ferdig, men fisket er venta å verte om lag 643 000 tonn (Figur 4.17).

Utrekningsmetodar

For kolmule vert det brukt ein ny «State-space Assessment Model» (SAM) til å rekne ut bestandsnivået. I utrekningane inngår fangststatistikken (tal landa fisk fordelt på aldersgrupper) og aldersgrupper frå eit akustiske tokt. Denne modellen vart teken i bruk etter ein evalueringsprosess av kolmulebestanden i ICES i 2012.

Bestandsgrunnlaget

Kolmulebestanden nådde toppen i 2003, men minka raskt i åra etter (Figur 4.17). Denne nedgangen stoppa i 2010, og bestanden har auka igjen

etter dette. På midten av 1990-talet byrja kolmulebestanden å produsere ei rekkje årsklasser som var fleire gonger sterkare enn det som tidlegare var observert. Dette førte til ei mangedobling av bestanden og ein tilsvarande auke i fangstkvantumet. Situasjonen med sterke årsklassar år etter år ser ut til å vere dramatisk endra. Årsklassane som vart gytt i 2005–2008 ser ut til å vere blant dei svakaste som er observert. Dei siste åra er det observert auka rekruttering, men det er usikkert kor sterke desse årsklassane er. Gytebestanden vart i byrjinga av 2013 rekna til å vere 5,5 millionar tonn. Det er godt over føre-var-grensa på 2,25 millionar tonn. Bestanden er venta å auke ytterlegare i 2014.

Rådgeving

Etter ein svært langvarig forhandlingsprosess vart kyststatane (Noreg, EU, Færøyane og Island)

den 16. desember 2005 samde om forvaltninga og fordelinga av kolmule frå 2006 og framover. Denne sameinte planen vart revidert i 2008 og vurdert av ICES i 2009. ICES stadfesta at den reviderte forvaltningsplanen var i samsvar med føre-

var-prinsippet. Målet er at gytebestanden skal vere høgare enn føre-var-grensa (2,25 mill. tonn).

ICES gjev si tilråding for fisket i 2014 ut frå den vedtekne haustingsregelen, som gjev eit fiske på 949 000 tonn.

Del IV
Fisket etter avtalane i 2012 og 2013

5 Fisket etter avtalane i 2012 og 2013

5.1 Den felles forvaltninga

I omtalen av fisket etter avtalane for 2012 og 2013 ligg hovudvekta på i kva grad Noreg og dei partane som får tildelt kvotar i norske område, faktisk utnyttar desse kvotane. Først presenterer vi dei norske kvotane i sonene til andre statar og utnyttinga av desse, jf. pkt. 5.2 nedanfor. Deretter, i punkt 5.3, presenterer vi kvotane andre statar har i norske område og utnyttinga av desse. Kommentaran til kvoteutnyttinga omfattar berre åra 2012 og 2013.

I dei neste avsnitta vert omgrepet «felles forvaltning» nytta om ein del sentrale fiskebestandar. Felles forvaltning tyder at to eller fleire land/samanslutningar av land har avtala å forvalte ein bestand saman, fordi bestanden finst i sonene til fleire land. Dette inneber at det i dei årlege kvoteforhandlingane vert avtalt ein totalkvote for bestanden, og så vert totalkvoten delt mellom dei aktuelle avtalepartane.

5.2 Norsk utnytting av kvotar

I avsnitt 5.2 og 5.3 er kvotane henta frå dei årlege kvoteavtalane, med eventuelle oppdateringar. Fangsttala er baserte på landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet, Fiskeridirektoratets kvotekontroll eller Fiskeridirektoratets register for elektroniske fangst- og aktivitetesdata. Rapporterte fangsttal frå fiskefeltene kan avvike frå tala i landings- og sluttsetelstatistikken som viser utlossa kvanta. Symbolet (–) i tabellane tyder anten ingen fangst eller ingen kvote.

Noreg – Russland

Fellesbestandane

Noreg og Russland har felles forvaltning av artane torsk, hyse, blåkveite og lodde. Noreg sine kvotar (etter overføringar til tredjeland) og fangstar av desse bestandane går fram av tabell 5.1. Delar av dei norske kvotane for desse bestandane kan fiskast i russisk økonomisk sone, sjå tabell 5.2.

Kommentarar til oversikta

Kvotetala inneheld kvotar avsett til forskning. For åra 2012 og 2013 vart det avsett 7 000 tonn torsk til forskings- og forvaltningsformål. Avtalen for 2012 og 2013 opna vidare for å avsetje høvesvis 4 000 og 3 000 tonn hyse til forskings- og forvaltningsformål. I 2012 sette Noreg av 2 000 tonn hyse, og 2 000 tonn gjekk såleis inn i disponibel kvote for norske fartøy. I 2012 vart det overført 30 000 tonn lodde frå Russland til Noreg i byte mot 10 000 tonn norsk vårgytande sild.

Noreg hadde ikkje bilateral avtale med Færøyane i 2012 og 2013, og EU hadde ikkje noko av interesse å byte mot torsk og hyse frå Barentshavet. Difor vart det både i 2012 og 2013 tilbakeført torsk og hyse til den nasjonale kvoten frå kvoten som Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen hadde sett av til tredjeland. Det vart tilbakeført 17 399 tonn og 25 600 tonn torsk i høvesvis 2012 og 2013, og 5200 tonn og 2953 tonn hyse i 2012 og 2013 til nasjonal kvote. Torskekvoten nord om 62°N vart ikkje oppfiska i 2012 og 2013. Den uregistrerte delen av rekreasjonsfisket er

Tabell 5.1 Oversikt over norske kvotar (etter overføring til tredjeland) og fangst på fellesbestandane i Barentshavet.

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2012	2013	2012	2013
Torsk	357 196	472 340	356 255 ²	470 125 ²
Hyse	158 453	101 107	159 833 ²	99 416 ²
Blåkveite	9165	9675	8789	9288
Lodde	221 000	119 000	218 488	120 950

¹ Fangsttala (inkl. forskingsfangst) er henta frå Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 27. mars 2014.

² Registrert ungdoms- og rekreasjonsfiske utgjer i 2012 og 2013 høvesvis 1792 tonn og 675 tonn torsk, men ein reknar med at heile avsetninga på 7000 tonn vart teken. I 2012 og 2013 vart det avsett 300 tonn hyse til ungdoms- og rekreasjonsfiske. Det er registrert høvesvis 85 tonn og 58 tonn, men ein legg til grunn at heile avsetninga vart teken.

Tabell 5.2 Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i russisk økonomisk sone.

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2012	2013	2012	2013
Torsk	140 000	140 000	463	7323
Hyse	35 000	35 000	179	1424
Blåkveite	8415	8925	4	6
Reker	2500	3500	1838	2339
Grønlandssel	7000	7000	-	-
Lodde	216 000	114 000	710	150
Steinbit	2200	2500	955	1367
Flyndre	500	200	-	-
Bifangstkvote	500	500	1	21

¹ Fangsttala (inkl. forskingsfangst) er henta frå Fiskeridirektoratets registre for elektroniske fangst- og aktivitetsdata per 12. mars 2014.

lagt til tala, og det ligg til grunn at heile avsetninga på 7000 tonn vart teken. Dermed enda utnyttingsgraden på 99,7 og 99,5 prosent.

Utnyttingsgraden for hyse var på om lag 100,9 prosent i 2012, medan den i 2013 var på 98,3 prosent. Loddekvoten vart godt nytta i 2012 og 2013.

Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjonen fastsette totalkvotar for blåkveite på 18 000 tonn i 2012 og 19 000 tonn i 2013. Norsk kvote var på 9165 tonn i 2012 og 9675 tonn i 2013.

Trålarane og andre havfiskefartøy får tildelt kvotar praktisk talt utan overregulering, og dei held seg stort sett innanfor desse kvotane. Kystfiskeflåten består av mange fartøy som stadig vert meir effektive. Varierende grad av deltaking i fisket i kystflåten gjer det nødvendig å regulere fisket med såkalla overregulering. Overregulering er differansen mellom summen av maksimal-/fartøykvotane til dei enkelte fartøya og gruppekvoten. Overreguleringa vert uttrykt i prosent av gruppekvoten. Dersom summen av maksimal-/fartøykvotane er 13 000 tonn og gruppekvoten er 10 000 tonn, er overreguleringa 30 prosent. Fisket skal stoppast når gruppekvoten er teken. Tilgangen på fisk kan variere frå år til år, mellom anna på grunn av værforhold langs kysten. Dersom fiskeristyresmaktene bommar med graden av overregulering for kystfiskeflåten og ikkje greier å korri-

gere dette i tide, kan det føre til at dei fastsette kvotane vert overfiska. Ulike forhold kan òg føre til at kvotane ikkje vert fiska eller utnytta fullt ut.

Kommentarar til oversikta

Norske kvotar og fangstar i Russlands økonomisk sone (RØS) går fram av tabell 5.2. Med unntak av reker nytta Noreg lite av sonetilgangen i RØS i 2012 og 2013. Noreg kunne fiske heile loddekvoten i RØS.

Noreg – EU

Fellesbestandane

Noreg og EU har felles forvaltning av artane torsk, hyse, sei, kviting, raudspette og sild i Nordsjøen, sjå tabell 5.3. Delar av dei norske kvotane for konsumfiskbestandane kan fiskast i EU-sona av Nordsjøen, sjå tabell 5.4. Makrell er forvalta i eigen avtale mellom partane.

Kommentarar til oversikta

Norsk kvote og fangst inneheld kvantum som har å gjere med forskning. Fangsttala inneheld ikkje norsk bifangst frå industritrålfisket. Bifangstane varierer frå år til år i storleik og art.

Tabell 5.3 Norske kvotar (etter overføringar fra EU og tredjeland) og fangstar på fellesbestandane i Nordsjøen.

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2012	2013	2012	2013
Torsk ²	4659	4659	4601	4080
Hyse	8301	9652	1006	1662
Sei ³	40 066	46 854	33 289	36 285
Kviting	1116	1703	94	560
Raudspette	5209	6095	1025	843
Nordsjøsild ⁴	119 529	141 366	119 257	143 720

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 27. mars 2014.

² Inkludert kvote på 540 tonn for å undersøkje kontrollmetodar. EU brukar denne kvoten for å gjere forsøk med videoovervaking, Noreg har ikkje gjort slike forsøk.

³ Fangsttala for sei er frå ICES-område IIIa og IV.

⁴ Inkludert overføring av kvote frå Skagerrak.

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2014 og fisket etter avtalane i 2012 og 2013

Tabell 5.4 Oversikt over Noreg sine kvotar (etter overføringer til EU og tredjeland) og fangstar i EU-farvatn, og tildelte kvotar frå EU i grønlandske farvatn.

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2012	2013	2012	2013
EU ¹ :				
Makrell	180 843	153 355	56 452	80 076
Sild ²	60 000	60 000	61 621	57 723
Augepål	5000	20 000	1839	19 794
Kolmule	94 227	144 488	93 777	130 343
Tobis	2300	22 450	1995	21 394
Brisling	10 000	10 000	9136	1670
Hestmakrell	3550	3550	44	148
Torsk ²	4659	4659	2130	1993
Hyse ²	8301	9652	502	919
Sei ^{2 3}	41 066	47 354	16 567	19 034
Blålange	150	150	140	125
Lange ⁴	6140	6140	4908	4643
Brosme ⁴	2923	2923	2150	1910
Kviting ²	1116	1703	49	443
Raudspette ²	5209	6095	940	781
Sjøtunge	50	30	-	-
Blåkveite	350	824	545	856
Kombinert kvote	140	140	254	232
Andre artar	2720	3250	1643	1850
EUGRL, Vest-Grønland ⁵ :				
Blåkveite	800	575	801	573
Kveite	75	75	1	-
Skolest/Isgalt o.a. ⁶	120	120	25	7
EUGRL, Aust-Grønland ⁵ :				
Reker	2900	2700	2	3
Blåkveite	824	575	570	286
Kveite	75	75	-	-
Uer ⁷	1500	800	644	534
Torsk	-	500	-	511

¹ Fangsttala er henta frå Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 1. april 2014.

² For desse fellesbestandane avtalar EU og Noreg storleiken på TAC for kvar bestand, fordeling av TAC på dei to partane, eventuelle kvotebyte og kor mykje partane kan fiske i dei respektive sonene.

³ Inkludert kvote og fangst i ICES-område VIa

⁴ Av den samla kvoten for lange og brosmme kan inntil 25 prosent vere bifangst (maksimalt 3 000 tonn).

⁵ Fangsttala er henta frå Fiskeridirektoratets registre for elektroniske fangst- og aktivitetsdata per 1. april 2014.

⁶ For begge åra har Noreg ein felles kvote ved Vest- og Aust-Grønland på 120 tonn skolest/igalt.

⁷ Kvoten på uer ved Aust-Grønland kan òg fiskast i internasjonalt farvatn.

Norske kvotar i EU sitt farvatn og tildelte kvotar frå EU i grønlandske farvatn (EUGRL), med tilhøyrande fangstar

Noreg fekk i 2012 og 2013 tildelt kvotar av blåkveite og kveite for fiske i grønlandsk sone både av EU og Grønland.

For desse artane er det i denne meldinga rekna at kvoten frå Grønland vert utnytta først (sjå tabell 5.7). Eventuelle fangstar ut over kvotane frå Grønland vert avrekna mot Noreg sine kvotar tildelte av EU (sjå tabell 5.4).

Kommentarar til oversikta

Noreg sine kvotar i EU-farvatn og tildelte kvotar frå EU i grønlandske farvatn, med tilhøyrande fangstar, går fram av tabell 5.4. Sidan 2009 har Noreg fiska tobis i EU-sona i byte mot torskekvote i Barentshavet.

I 2012 og 2013 kunne Noreg fiske høvesvis 68 og 64 prosent av totalkvoten på kolmule ut frå kyststatsavtalen i EU-sona og ut frå eit kvantum forhandla fram i den bilaterale avtalen mellom Noreg og EU.

Blålange, lange, brosme, pigghå, brugde og håbrann kunne fiskast i Nordsjøen og vest av 4°V. Blåkveite kunne fiskast i ICES-område IIa og VI. Kombinertkvoten gjaldt linefiske etter havmus,

Tabell 5.5 Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i Skagerrak/Kattegat.

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2012	2013	2012	2013
Torsk	138	138	151	198
Hyse	101	117	303	223
Kviting	19	19	8	5
Raudspette ²	159	483	122	138
Sild ³	6002	7335	446	3012
Makrell	3000	3000	173	140
Brisling	3900	3120	482	819
Reker	3300	3099	3565	3776

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 27. mars 2014.

² 300 tonn av raudspettekvoten i Nordsjøen kunne i 2013 fiskast i Skagerrak.

³ Av kvoten i Skagerrak vart det i 2012 og 2013 overført høvesvis 3001 tonn og 3667 tonn til Nordsjøen pga. fleksibilitet gjennom avtalen der inntil 50 prosent av sildekvoten i Skagerrak kan fiskast i Nordsjøen.

mora, skjelbrosme, isgalt og skolest i ICES-område Vb, VI og VII.

Kvoten «andre artar» i område IV omfattar fiske på artar det ikkje er fastsett kvotar for til Noreg i EU-sona.

Når det gjeld dei tildelte kvotane i grønlandske farvatn, vert desse slått saman med kvotane som Noreg får tildelt av Grønland. I denne meldinga vert den norske fangsten avrekna motkvoten tildelt frå EU til sist, etter at kvoten tildelt av Grønland er fiska.

Noreg – EU (Sverige – Danmark), om fisket i Skagerrak/Kattegat

Torsk, raudspette og reker kan fiskast i Skagerrak. Dei andre artane i Skagerrakavtalen kan fiskast både i Skagerrak og Kattegat.

Kommentarar til oversikta

Norske kvotar og fangstar i Skagerrak/Kattegat går fram av tabell 5.5. Dei viktigaste fiskeria for Noreg i Skagerrak er fisket etter reker. Fangstane av torsk i tabellen omfattar berre fisket utanfor grunnlinja.

Desse kvotane vart fastsette i den bilaterale kvoteavtalen mellom Noreg og EU. I 2012 og 2013 var det høve for norske fartøy til å fiske inntil 3000 tonn makrell i Skagerrak.

Noreg – Færøyane

Kommentarar til oversikta

Norske kvotar og fangstar i færøysk sone går fram av tabell 5.6.

Tabell 5.6 Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i færøysk sone.

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn)	
	2012	2013	2012	2013
Lange/blålange	-	-	-	-
Brosme	-	-	-	-
Sei	-	-	-	-
Makrell	-	-	-	-
Hestmakrell	-	-	-	-
Kolmule	16 302	-	-	-
Andre artar	-	-	-	-

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2014 og fisket etter avtalane i 2012 og 2013

Grunna usemje i makrellforvaltninga vart det ikkje inngått ein bilaterale avtale mellom Noreg og Færøyane i 2011, 2012 og 2013. Det vart like fullt inngått kyststatsavtale om forvaltning av kolmule. Noreg fikk høve til å fiske 16 302 tonn kolmule i 2012. I 2013 fekk norske fartøy ikkje tilgang til å fiske kolmule i færøysk sone, det vart grunngeve med at Noreg ikkje gav færøyske fartøy tilgang til å fiske makrell i Noregs økonomiske sone.

Norske fartøy fiska ikkje kolmule i færøysk sone i 2012.

Noreg – Grønland

Kommentarar til oversikta

Noreg sine kvotar og fangstar i grønlandsk sone i 2012 og 2013 går fram av tabell 5.7. I tillegg kan norske fartøy fiske i grønlandsk sone på kvote tildelt av EU (sjå tabell 5.4).

Det deltok tre trålarar og eitt linefartøy i fisket etter blåkveite ved Vest-Grønland både i 2012 og 2013. I fisket etter blåkveite ved Aust-Grønland deltok to linefartøy og to trålarar i 2012, medan to linefartøy og ein trålar deltok i 2013.

Noreg fekk rekekvote frå EU i 2012 og 2013, men kvoteutnyttinga vart svært dårleg (sjå tabell

Tabell 5.7 Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i grønlandsk sone.

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2012	2013	2012	2013
Vest-Grønland:				
Blåkveite	900	900	900	900
Aust-Grønland:				
Blåkveite	275	275	275	275
Kveite	160	160	84	4
Uer	1900	2200	1900	2200
Bifangst av andre artar	150	150	98	59
Vest- og Aust-Grønland:				
Torsk	750	750	794	750

¹ Fiskeridirektoratets register for elektroniske fangst- og aktivitetsdata per 1. april 2014.

Tabell 5.8 Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i islandsk sone.

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2012	2013	2012	2013
Brosme, lange, blålange	500	500	467	486
Kveite	-	-	-	-
Uer	-	-	32	19
Anna	-	-	80	120
Lodde ²	42 071	40 869	40 603	6175

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 27. mars 2014.

² Sesongen 2012/2013 og 2013/2014

5.4). I 2012 og 2013 fekk Noreg også uer- og torskekvote.

Kvoten på uer er delt i botnlevande og pelagisk uer. Den pelagiske uerkvoten frå Grønland og EU kan fiskast i internasjonalt farvatn. Denne kvoten vart godt utnytta (sjå tabell 5.16).

I fisket etter kveite ved Aust-Grønland er det berre høve til å fiske med line. To fartøy deltok i fisket i 2012.

Dei tre siste åra vart torskekvoten godt utnytta.

Noreg – Island, om fisket etter botnfisk og lodde i islandsk sone

Kommentarar til oversikta

Noreg sine kvotar og fangstar i islandsk sone går fram av tabell 5.8. I tillegg til kvoten på 500 tonn botnfisk hadde norske fartøy òg høve til å ha inntil 25 prosent bifangst av andre artar. Noreg utnytta botnfiskkvotane ved Island godt i både 2012 og 2013.

Forvaltninga av norsk vårgytande sild

Noreg sine kvotar og fangstar av norsk vårgytande sild går fram av tabell 5.9, 5.10, 5.11 og 5.12.

Tabell 5.9 Oversikt over kvotar og fangstar¹ (tonn) før og etter overføringer i 2012.

STAT	Kvot	Balanse 2011	Overføring	Kvot etter overføring og fleksibilitet	Fangst ¹	Balanse 2013
EU	54 228	6432	-	60 660	57 507	3 153
Færøyane	42 983	-5649	-2350	34 984	36 534	-1 550
Island	120 868	697	988	122 553	118 533	4 020
Noreg	508 130	-25 408	-10 988	471 734	491 001	-19 267
Russland	106 791	1843	10 000	118 634	118 634	-
Totalt	833 000	-22 085	-2 350	808 565	822 209	-13 644
Grønland	-	-	2350	2350	2352	-

¹ Fangsttala er innrapportert frå deltakande land under fempartsforhandlingane oktober 2013.

Tabell 5.10 Oversikt over kvotar og fangstar¹ (tonn) før og etter overføringer i 2013.

STAT	Kvot	Balanse 2012	Overføring	Kvot etter overføring og fleksibilitet	Fangst	Balanse 2014
EU	40 297	3 153	-	43 450	40 820	2 630
Færøyane ²	105 230	-1 550	-2050	101 630	105 037	-3 407
Island	89 817	4 020	833	94 670	90 729	3 941
Noreg	377 590	-19 267	-833	357 490	359 460	-1 970
Russland	79 356	-	-	79 356	78 521	835
Totalt	692 290	-13 644	-2 050	676 596	674 567	2 029
Grønland	-	-	2 050	2350	9911	-

¹ Fangsttala er førebels og innrapportert til NEAFC per desember 2013.

² Færøyane har sett eigen kvot på 17 prosent av TAC.

Kommentarar til oversikta (tabellane 5.9, 5.10, 5.11 og 5.12)

I november 2008 vart kyststatane EU, Færøyane, Island, Noreg og Russland einige om å innføre kvotefleksibilitet over årsskiftet for 2008. Det vart høve til å føre over inntil 10 prosent av ubrukt kvot til neste år. Det vart òg høve til å forskottere inntil 10 prosent på neste års kvot. Alt fiske utover kvot skulle trekkjast frå kvoten neste år. Denne ordninga er seinare ført vidare.

Hausten 2012 kravde Færøyane ein høgare del av totalkvoten. Det førte til brot i forhandlingane om norsk vårgytande sild. Etter fleire forhandlingsrundar skreiv dei andre partane under ein firepartsavtale for 2013. Der sette dei av eit kvan-

tum til Færøyane i samsvar med deira del av kvoten i tidlegare år. Færøyane fastsette ein eigen kvot som tilsvara 17 prosent av totalkvoten på 619 000 tonn. Færøyane har dei siste åra fiska eit vesentleg høgare kvantum i si eiga sone enn tidlegare år. I 2012 fiska dei berre 3368 tonn i NØS. I 2013 hadde dei ikkje tilgang til norske farvatn.

I 2012 og 2013 fiska islandske fartøy ikkje sild i norske farvatn.

Noreg fiska i 2012 heile 19 267 tonn meir enn den norske kvoten på 471 734 tonn (etter overføring og fleksibilitet). Dette kvantumet vart trekt frå norsk kvot for 2013. I 2013 fiska Noreg heile 36 549 tonn sild i internasjonalt farvatn, mot 4 315 tonn i 2012.

Tabell 5.11 Oversikt over fangstar¹ av norsk vårgytande sild i ulike soner i 2012.

STAT	Kvotetter overføringar og fleksibilitet	Fangst fordelt på soner (tonn)								
		INT	EU	FRO	IØS	NØS	JM	VS	RØS	Totalt
EU	60 660	18 616	-	-	-	38 891	-	-	-	57 507
Færøyane	34 984	4 911	-	28 255	-	3 368	-	-	-	36 534
Island	122 553	-	-	24 231	94 302	-	-	-	-	118 533
Noreg	471 734	4 315	-	655	-	466 197	-	19 834	-	491 001
Russland	118 634	15 160	-	23	-	17 842	10 866	74 743	-	118 634
Totalt	808 565	43 002	-	53 164	94 302	526 298	10 866	94 577	-	822 209
Grønland	2350	340	-	-	-	-	-	-	-	2 352

¹ Fangsttala er innrapportert frå deltakande land under fempartsförhandlingane oktober 2013.

Tabell 5.12 Oversikt over fangstar¹ av norsk vårgytande sild i ulike soner i 2013.

STAT	Kvotetter overføringar og fleksibilitet	Fangst fordelt på soner (tonn)								
		INT	EU	FRO	IØS	NØS	JM	VS	RØS	Totalt
EU	43 450	-	51	-	-	26 767	8 342	5649	-	40 809
Færøyane	101 630	7297	-	97 740	-	-	-	-	-	105 037
Island	94 670	8536	-	18 221	63 972	-	-	-	-	90 729
Noreg	357 490	36 549	-	-	-	322 911	-	-	-	359 460
Russland	79 356	10 143	-	181	-	19 677	16 603	31 901	16	78 521
Totalt	676 596	62 525	51	116 142	63 972	369 355	24 945	37 550	16	674 556
Grønland	2350	7840	-	2071	-	-	-	-	-	9 911

¹ Fangsttala er førebels og innrapportert til NEAFC per desember 2013.

Det russiske hovudfisket føregjekk i verne-sona rundt Svalbard i 2012 og 2013.

EU og Island har overført unytta kvote til 2012 og 2013, medan Færøyane og Noreg begge åra fiska på forskot.

Forvaltninga av lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen

I følge den gjeldande trepartsavtalen for lodde ved Island, Grønland og Jan Mayen varer sesongen for loddefisket frå 20. juni til 30. april. Det er likevel ikkje tillete for norske fartøy å drive fiske etter 15. februar i islandsk sone.

Kommentarar til oversikta

Noreg sine kvotar og fangstar på lodde i sesongane 2012/2013 og 2013/2014 går fram av tabell 5.13.

For sesongen 2012/2013 vart førebels TAC fastsett til 300 000 tonn 2. november 2012. Norsk kvote var samansett av 24 000 tonn frå trepartsavtalen, der 8400 tonn kunne fiskast i Islands økonomiske sone (IØS), og 26 111 tonn frå avtalen mellom Noreg og Island om fisket i Barentshavet. 6. februar 2013 vart TAC auka frå 300 000 tonn til 450 000 tonn lodde. Norsk kvote auka då med 12 000 tonn der 4200 tonn kunne fiskast i IØS. 12.

Tabell 5.13 Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar av lodde i sesongane 2012/2013 og 2013/2014.

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2012/2013	2013/2014	2012/2013	2013/2014
Totalt	71 711	49 189	40 603	6175
Av det ved Island	42 071	40 869	40 603	6175

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 27. mars 2014.

Tabell 5.14 Oversikt over kvotar og fangstar¹ (tonn) av kolmule i 2012 og 2013.

År	Kvotestørrelse	Kvotefleksibilitet	Overføring	Kvotestørrelse etter overføring og fleksibilitet	Fangstar ¹	Balanse neste år
2012	92 651	969	24 994	118 614	118 176	438
2013	152 365	438	36 767	189 570	196 246	-6676

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 27. mars 2014.

februar vart TAC auka igjen, til 570 000 tonn. Den norske kvoten auka då til totalt 71 711 tonn lodde, der 42 071 kunne fiskast i IØS.

76 fartøy deltok i fisket i IØS i januar og februar 2013. Det vart fiska totalt 40 603 tonn lodde sesongen 2012/2013.

For sesongen 2013/2014 vart førebels TAC fastsett til 160 000 tonn 15. oktober 2013. Norsk kvote var samansett av 12 800 tonn frå trepartsavtalen, der 4480 tonn kunne fiskast i IØS, og 34 921 tonn frå avtalen mellom Noreg og Island om fisket i Barentshavet. I tillegg fekk Noreg et kompensasjonstillegg på 1468 tonn frå førre sesong, der alt kunne fiskast i IØS. Til saman kunne Noreg fiske 49 189 tonn lodde, der 40 869 tonn kunne fiskast i IØS.

Det vart eit dårleg fiske denne vinteren. Berre 6 fartøy fekk fangst, og dei fiska totalt 6 175 tonn.

Forvaltninga av kolmule

Noreg sine kvotar og fangstar av kolmule går fram av tabell 5.14.

Kommentarar til oversikta

I 2012 og 2013 fiska norske fartøy kolmule i EU-sona, internasjonalt farvatn og i NØS. Noreg kan overføre 10 prosent av den norske kyststatsdelen inkludert ei overføring på 0,5 prosent frå EU. For 2012 utgjorde dette 438 tonn.

Forvaltninga av makrell

Noreg sine kvotar og fangstar av makrell går fram av tabell 5.15.

Tabell 5.15 Oversikt over kvotar og fangstar (tonn) av makrell i 2012 og 2013.

År	Kvotestørrelse	Balanse førre år	Overføring	Kvotestørrelse etter overføring og fleksibilitet	Fangstar ¹	Balanse neste år
2012	181 085	-10 301	242	170 542	176 109	-5 567
2013	153 597	-5 567	242	147 788	164 612	-16 824

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 3. april 2014.

Tabell 5.16 Oversikt over Noreg sin uerkvote og fangstar i Irmingerhavet.

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn) ¹	
	2012	2013	2012	2013
Uer	4232	3601	3361	2979

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 27. mars 2014.

Kommentarar til oversikta

I 2012 og 2013 vart kyststatane EU, Noreg, Island og Færøyane ikkje einige om forvaltning av makrell. Noreg og EU hadde difor ein bilateral avtale om forvaltning av makrell desse åra. Frå og med 2011 vart det innført kvotefleksibilitet over årsskiftet i fisket etter makrell. Noreg fiska 5 567 tonn meir enn den norske kvoten på 170 542 tonn (etter overføring og fleksibilitet) i 2012. Dette kvantumet vart trekt frå kvoten i 2013. I 2013 fiska Noreg heile 16 824 tonn meir enn kvoten på 147 788 tonn (etter overføring og fleksibilitet).

Norsk fiske i Irmingerhavet

Kommentarar til oversikta

Oversikta inkluderer kvotar og fangst på kvotar tildelt av EU og Grønland, jf. tabell 5.4 og 5.7. Noreg sine kvotar og fangstar i Irmingerhavet går fram av tabell 5.16. Tala inkluderer ikkje norsk fiske i Smotthavet (internasjonalt farvatn i ICES-område IIa). Fisket etter uer i Irmingerhavet var ikkje kvoteregulert før i 1996. Ved utrekninga av fangstuttaket av uer i Irmingerhavet nytta norske fiskarar i 2007 norske omrekningsfaktorar som låg noko høgre enn det andre land i NEAFC nytta. For 2008 vedtok NEAFC ein felles faktor på 1,7.

Norsk fiske i det nordvestlege Atlanterhavet

Kommentarar til oversikta

Noreg sine kvotar og fangstar i det nordvestlege Atlanterhavet går fram av tabell 5.17. Etter elleve

Tabell 5.17 Oversikt over Noreg sine kvotar og fangstar i det nordvestlege Atlanterhavet.

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2012	2013	2012	2013
Torsk	859	1305	826	1320
Reker 3L	133	96	-	-

¹ Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 27. mars 2014.

års moratorium vart det i 2010 opna for torskefiske i underområde 3M. I 2012 og 2013 var torskekvoten 859 og 1305 tonn. I 2000 fiska norske fartøy for første gong uer i NAFO-underområde 1F. Det er ikkje fastsett uerkvote i dette området. Noreg har òg høve til å fiske mellom anna blåkveite i NAFO-underområde 3LMNO under «others-kvoten».

Rekefisket i NAFO tok til våren 1993, då norske rekefiskarar saman med rekefiskarar frå Færøyane og Grønland starta fiske på rekefeltet ved Flemish Cap. Rekefisket ved Flemish Cap utvikla seg på 1990-talet til å verte eit viktig driftsalternativ for rekeflåten ved sida av fisket ved Grønland. Rekefisket vart innsatsregulert i 1996. Omfanget av dette fisket har vorte mindre. Samstundes har talet på norske trålarar med rekefiske som einaste driftsalternativ gått sterkt attende. På grunnlag av bestandssituasjonen vart det i 2011 innført forbod mot å fiske reker i NAFO-underområde 3M. Dette forbodet gjeld framleis.

I 2012 var den norske rekekvoten i 3L 133 tonn, i 2013 vart kvoten redusert til 96 tonn. Ingen fartøy har fiska reker i 3L i 2012 og 2013.

5.3 Utanlandsk utnytting av kvotar i norske havområde i 2012 og 2013

Russland – Noreg

Fellesbestandane

Noreg og Russland har felles forvaltning av torsk, hyse, blåkveite og lodde i Barentshavet. Oversikta for 2012 og 2013 viser Russland sine kvotar og fangstar av desse bestandane etter overføring frå Russland til Noreg, men før kvotetildeling frå Russland til tredjeland (sjå tabell 5.18).

Tabell 5.18 Russiske kvotar og fangstar på fellesbestandane i Barentshavet etter overføring til Noreg og før overføring til tredjeland.

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar (tonn) ¹	
	2012	2013	2012	2013
Torsk	327 857	434 740	329 453	432 295
Hyse	144 253	89 497	143 886	85 664
Blåkveite	8175	8625	10 041	
Lodde	99 000	81 000	68 182	60 384

¹ Fangsttal utarbeidd i den norsk-russiske analysegruppa i 2014 og fangsttal oversendt frå russiske styresmakter til norske styresmakter.

Fiskerieravtalane Noreg har inngått med andre land for 2014 og fisket etter avtalane i 2012 og 2013

Tabell 5.19 Oversikt over Russland sine kvotar og fangstar i norske havområde.

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2012	2013	2012	2013
NØS N 62°N:				
Torsk	140 000	140 000	100 869	138 647
Hyse	35 000	35 000	31 339	22 506
Sei	14 250	14 250	12 875	14 017
Blåkveite	7425	7875	3984	3790
Steinbit	4500	4500	2480	3534
Uer	1750	2000	725	746
Snabeluer	1750	2000	529	549
Kolmule	6806	11 192	36	12
Norsk vår- gytande sild	118 634	79 356	17 845	19 587
Lodde	94 000	76 000	41 020	2695
Andre artar	3 000	3 000	238	411

Fiskerisona ved Jan Mayen:

Norsk vår- gytande sild	-	-	10 733	16 618
Makrell	-	-	92	2
Kolmule	-	-	232	1527

¹ Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet per 2. april 2014.

Kommentarar til oversikta

Tala i tabell 5.18 inneheld murmanskorsk, kvote disponibel for forskings- og forvaltningsformål og overført tredjelandskvote. For åra 2012 og 2013 vart det sett av ein kvote på 21 000 tonn murmanskorsk og 7000 tonn torsk til forskings- og forvaltningsformål. I tillegg overførte Russland i 2013 6751 tonn torsk og 343 tonn hyse frå avsett tredjelandskvote til nasjonal kvote. Fangsttala er førebelse og rapporterte frå russiske styresmakter til norske styresmakter. Blåkveitebestanden vart fordelt i 2010, her manglar fangsttal for 2013.

Kommentarar til oversikta

Russland sine kvotar og fangstar i norske havområde går fram av tabell 5.19. Av torsk kvoten i NØS i 2012 og 2013 vart høvesvis 72 prosent og 99 prosent fiska. I 2012 fiska Russland 90 prosent av

Tabell 5.20 EU sine kvotar og fangstar på fellesbestandane i Nordsjøen etter overføring frå Noreg til EU og frå EU til Noreg, og før overføring til tredjeland.

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2012	2013	2012	2013
Torsk ²	21 974	21 974	16 437	15 955
Hyse	30 158	34 681	22 733	31 108
Sei	37 774	43 486	35 945	36 591
Kviting	15 750	17 039	11 654	11 936
Raudspette	79 201	91 225	65 692	72 240
Makrell ³	24 512	21 664	22 163	-
Nordsjøesild	287 550	339 380	277 037	322 751

¹ Fangsttala for heile 2012 og 2013, per 12. mars 2014, vart utarbeidd i førebuinga til forhandlingane mellom Noreg og EU vinteren 2013/2014.

² I tillegg kjem 2637 tonn i 2012 og 2013 som var avsett til forsøk med CCTV.

³ Dei oppgitte fangsttala frå EU for makrell inkluderer ICES-områda IIa, III og IV medan dei oppgitte kvotane for makrell gjeld for ICES-områda IIIa og IV. Det blei ikkje utveksla fangsttal på makrell for 2013.

hysekvoten sin, medan dei i 2013 hadde ei utnytting på 64 prosent.

Kvoten for snabeluer og uer kunne berre nyttast til bifangst i 2012 og 2013, medan steinbitkvoten skulle dekkje både direktefiske og bifangst. Av totalkvoten på 14 250 tonn sei kunne inntil 6500 tonn fiskast i eit direktefiske i 2013. Kolmulekvoten og sildekvoten i NØS nord for 62°N kunne òg fiskast i fiskerisona ved Jan Mayen.

Kvoten av andre artar for 2012 og 2013 er ikkje spesifisert.

EU – Noreg

Fellesbestandane

I Nordsjøen har Noreg og EU felles forvaltning av torsk, hyse, sei, kviting, raudspette, sild og makrell. Delar av EU sine kvotar på konsumartane kan fiskast i NØS, sjå tabell 5.20. EU sine kvotar og fangstar av desse bestandane etter overføring frå Noreg til EU, men før kvotetildeling frå EU til tredjeland i 2012 og 2013, går fram av tabell 5.20. EU utveksla ikkje fangsttal i forhandlingane hausten 2013. Fangsttala for 2013 er difor ukjende.

Kvoten for sild og makrell omfattar Nordsjøen og Skagerrak.

Fiskeriatvitalane Noreg har inngått med andre land for 2014 og fisket etter avtalane i 2012 og 2013

Tabell 5.21 Oversikt over EU sine kvotar og fangstar i norske jurisdiksjonsområde.

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2012	2013	2012	2013
NØS, N 62°N:				
Torsk	16 309	19 971	16 089	19 714
Hyse	1350	1481	1293	1436
Sei	2550	2 550	2150	1381
Blåkveite	50	50	28	69
Uer	750	750	131	127
Snabeluer	750	750	2	30
Kolmule	73 416	113 630	2	55
Makrell	13 898	11 788	19	73
Norsk vårgytande sild				
	48 805	34 695	33 570	30 566
Andre artar	350	350	126	132
NØS, Nordsjøen ² :				
Torsk ³	19 481	19 481	5 998	5 932
Hyse ³	23 140	26 505	4 693	4 907
Sei ³	38 654	44 366	11 709	13 031
Kviting ³	10 861	11 734	571	580
Raudspette ³	32 500	37 581	4 343	5 658
Makrell ³	24 754	21 906	570	2 836
Nordsjøild ³	50 922	50 922	2 825	1 935
Augepål	-	0	2	4
Kolmule	74 216	114 430	0	204
Tobis	-	0	745	
Reker	480	480	235	147
Andre artar	8720	10 115	6 702	8 041
Norsk vårgytande sild				
		-		-
Kolmule		-		-

¹ Fiskeridirektoratets register for elektroniske fangst- og aktivitetsdata per 2. april 2014. Tala er basert på fartøya sine kalkulererte soner ved fiske.

² EU sine kvotar i NØS i Nordsjøen er både i 2012 og 2013 sett saman av tre kvoteavtalar: avtalen mellom EU og Noreg, avtalen mellom Sverige og Noreg og «kolmuleavtalen». Avtalen mellom Sverige og Noreg er presentert i tabell 5.24.

³ For desse fellesbestandane avtalar EU og Noreg storleiken på TAC for kvar bestand, fordeling av TAC på dei to partane, eventuelle kvotebyte og kor mykje partane kan fiske i dei respektive sonene.

Kommentarar til oversikta

EU sine kvotar og fangstar i norske jurisdiksjonsområde går fram av tabell 5.21. I åra 2012 og 2013 har EU nytta torske-, sei- og hysekvotane nord for 62°N godt. EU fiska 99 prosent av torskekvoten i 2012 og 2013.

EU sin kvote av norsk vårgytande sild nord for 62°N kunne fiskast i område under norsk jurisdiksjon nord for 62°N.

EU sin makrellkvote nord for 62°N kunne òg fiskast sør for 62°N i ICES-område IVa i Nordsjøen i 2013. EU sine kvotar av uer, blåkveite og samlekvoten for andre artar nord for 62°N er bifangstkvotar.

I 2013 kunne EU fiske 113 630 tonn kolmule i NØS og i fiskerisona ved Jan Mayen gjennom kolmuleavtalen. I tillegg kunne EU (Sverige) fiske 800 tonn industrifisk sør for 62°N.

EU sine fangstar i NØS sør for 62°N, rekna i prosent deira samla kvotar, var i 2012 og 2013 slik: for torsk 31 og 30 prosent, for hyse 20 og 19 prosent, for sei 30 og 29 prosent, for kviting 5 prosent i begge åra og for raudspette 13 og 15 prosent.

EU utnytta 77 og 79 prosent av kvoten på andre artar i Nordsjøen i 2012 og 2013.

Tabell 5.22 Oversikt over Færøyane sine kvotar og fangstar i norske havområde.

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2012	2013	2012	2013
NØS, N 62°N:				
Norsk vårgytande sild				
	18 873		3420	
Kolmule	8151		20	
NØS, Nordsjøen:				
Kolmule				
	8151		-	
Fiskerisona ved Jan Mayen:				
Kolmule	8151		-	
Norsk vårgytande sild				
	25 380		-	

¹ Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet per 2. april 2014.

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2014 og fisket etter avtalane i 2012 og 2013

Færøyane – Noreg

Kommentarar til oversikta

Færøyane sine kvotar og fangstar i norske havområde går fram av tabell 5.22. På grunn av usemje om makrell vart det ikkje inngått kvoteavtalar mellom Færøyane og Noreg for 2012 og 2013. Færøyane hadde høve til å fiske kolmule og norsk vårgytande sild gjennom fempartsavtalen og «kolmuleavtalen» i 2012. Færøyane ville ikkje inngå ein fempartsavtale om norsk vårgytande sild for 2013. I tillegg ville dei ikkje inngå ein avtale med Noreg om fiske i kvarandes sone for kolmule i 2013. Som følge av dette hadde difor ikkje Færøyane høve til å fiske i norske havområde i 2013.

Grønland – Noreg

Kommentarar til oversikta

Grønland sine kvotar og fangstar i norske havområde går fram av tabell 5.23. Grønland nytta kvotane sine godt i 2012 og 2013.

Grønland overførte torske- og hysekvotar til delte av Russland til NØS på 5300 tonn og 1500 tonn i 2012. I 2013 overførte Grønland 5900 tonn torsk og 530 tonn hyse frå Russland til NØS. Grønland fekk høve til å fiske 2350 tonn norsk vårgytande sild nord for 62°N i 2012 etter å ha fått kvote overført frå Færøyane.

Island – Noreg

Island fekk ein torskekvote i NØS nord for 62°N på 6388 tonn i 2011 og 6835 tonn i 2012 som eit resultat av Smøtholsavtalen. Sjå tabell 5.24.

Tabell 5.23 Oversikt over Grønland sine kvotar og fangstar i norske havområde.

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2012	2013	2012	2013
NØS, N 62°N:				
Torsk	8500	9400	8 502	9 403
Hyse	2550	1580	2 551	1 575
Sei	1000	1000	680	972
Norsk vårgytande sild	2350	-	1470	
Andre artar	260	260	84	94

¹ Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet per 2. april 2014.

Tabell 5.24 Oversikt over Island sine kvotar og fangstar i 2011 og 2012 i NØS nord for 62°N.

Art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2012	2013	2012	2013
NØS, N 62°N:				
Torsk	6835	9141	6 849	9 039
Hyse ²	-	-	1 386	1 865
Sei ²	-	-	127	290
Norsk vårgytande sild	22 491	16 713	-	-
Anna ²	2051	2742	32	40
Norsk vårgytande sild				
	120 868	89 817	-	-
Kolmule	-	-	-	-
Anna	-	-	-	-

¹ Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet per 2. april 2014.

² Bifangst inntil 30 prosent.

Kommentarar til oversikta

Island kunne fiske til saman 120 868 tonn og 89 817 tonn norsk vårgytande sild i 2012 og 2013 i fiskerisona ved Jan Mayen. Av desse kunne 22 491 tonn og 16 713 tonn fiskast i NØS nord for 62°N. Island fiska ikkje norsk vårgytande sild i fiskerisona ved Jan Mayen eller i NØS i 2012 og 2013.

I 2012 og 2013 nytta Island 99 prosent av torskekvoten i NØS. Bifangst av hyse er auka noko i 2013 samanlikna med 2012.

EU (Sverige – Danmark) – Noreg, om fisket i Skagerrak/Kattegat

Torsk, raudspette og reker kan berre fiskast i Skagerrak. For dei andre artane gjeld kvotane både i Skagerrak og den nordlege delen av Kattegat.

Kommentarar til oversikta

EU sine kvotar og fangstar i Skagerrak/Kattegat går fram av tabell 5.25. Det er i hovudsak Danmark og Sverige som fiskar på desse kvotane, men for enkelte artar har òg andre EU-land mindre kvotar.

Fiskeriavtalane Noreg har inngått med andre land for 2014 og fisket etter avtalane i 2012 og 2013

Tabell 5.25 Oversikt over EU sine kvotar og fangstar i Skagerrak/Kattegat.

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2012	2013	2012	2013
Torsk	3660	3660	3777	3681
Hyse	2308	2653	2253	1769
Kviting	1031	1031	41	45
Raudspette	7791	8959	7267	6486
Sild	38 998	47 665	21 059	35 160
Brisling	48 100	38 480	8302	2325
Reker	3780	3551	2530	2931

¹ Fangsttala for heile 2012 og 2013, per 12. mars 2014, vart utarbeidd i førebuinga til forhandlingane mellom Noreg og EU vinteren 2013/2014.

Sverige – Noreg

Kommentarar til oversikta

Sverige sine kvotar og fangstar i norske havområde går fram av tabell 5.26. Industrifiskkvoten til Sverige omfatta kolmule, augepål, tobis, brisling

Tabell 5.26 Oversikt over Sverige sine kvotar og fangstar i norske havområde.

Område/art	Kvotar (tonn)		Fangstar ¹ (tonn)	
	2012	2013	2012	2013
NØS, Nord-sjøen:				
Torsk	382	382	375	305
Hyse	707	707	96	98
Sei	880	880	860	873
Kviting	190	190	44	28
Industrifisk	800	800	749	178
Makrell	242	242	242	242
Sild	922	922	922	922
Reker	123	123	120	104
Andre artar	-	-	89	61

¹ Fangsttala er basert på innrapporterte tal frå Det Svenske Fiskeriverket.

Tabell 5.27 Oversikt over fangst av reker ved Svalbard.

Land	Fangstar ¹ (tonn)		Maksimalt tilletne fiskedøgn	
	2012	2013	2012	2013
EU	1443	1 270	1080	1080
Færøyane	1104	818	922	922
Grønland	-	127	450	450
Noreg ²	4658	4335	5795	5795
Island	93	93	70	70
Russland	-	194	3256	3256
Canada	-	-	108	108

¹ Kvotekontrollen i Fiskeridirektoratet per 2. april 2014 og Fiskeridirektoratets register for elektroniske fangst- og aktivitetsdata per 2. april 2014.

² For norske fartøy er fangsten basert på Landings- og sluttsetelregisteret i Fiskeridirektoratet per 2. april 2014.

og hestmakrell. Av dette kunne det fiskast maksimalt 400 tonn hestmakrell. I tabellen er fangstane av augepål, kolmule, tobis og hestmakrell samla under industrifisk. I 2012 fiska svenske fartøy 749 tonn industrifisk, medan dei i 2013 fiska 178 tonn.

I samband med at Sverige vart medlem i EU frå 1. januar 1995, fekk svenske fartøy høve til å fiske i NØS i Nordsjøen på EU sine kvotar av torsk, hyse, sei, kviting, makrell og sild i medhald av avtalen mellom EU og Sverige.

I hovudsak er det svenske fisket retta mot kvotane deira av torsk, sei, makrell, sild og reker.

Rekefisket ved Svalbard

I 1996 vart rekefisket ved Svalbard regulert ved å setje grenser for innsatsen i fisket. Etter forskriftene kan berre nasjonar som har drive eit tradisjonelt fiske etter reker ved Svalbard delta i dette fisket med eit avgrensa tal på fartøy (Canada, Færøyane, Grønland, Island, EU, Noreg og Russland). For å motverke at rekefisket ekspanderer, vart rekefisket frå 1997 for dei aktuelle landa òg regulert med fiskedøgn. Av same årsak vart maksimalt tal tilletne fiskedøgn redusert med 30 prosent frå 1. januar 2006.

Nærings- og fiskeridepartementet

t i l r å r :

Tilråding frå Nærings- og fiskeridepartementet
13. juni 2014 om fiskeriatvalane Noreg har inngått
med andre land for 2014 og fisket etter avtalane
i 2012 og 2013 vert send til Stortinget.

Offentlege institusjonar kan tinge fleire
eksemplar frå:
Trygging- og serviceorganisasjonen til departementa
Internett: www.publikasjoner.dep.no
E-post: publikasjonsbestilling@dss.dep.no
Telefon: 22 24 20 00

Opplysningar om abonnement, laussal og
pris får ein hjå:
Fagbokforlaget
Postboks 6050, Postterminalen
5892 Bergen
E-post: offpub@fagbokforlaget.no
Telefon: 55 38 66 00
Faks: 55 38 66 01
www.fagbokforlaget.no/offpub

Publikasjonen er også tilgjengeleg på
www.regjeringa.no

Omslagsfoto: Caption XL 230607
Northern bluefin tuna (*Thunnus thynnus*) in tuna ranching
company's (Ecolo Fish) cages, Mediterranean Sea, Spain.
Credit: © Brian J. Skerry / National Geographic Stock / WWF

Trykk: 07 Oslo AS – 06/2014

